

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

Nr. 2 • 2018

23. årgang

nytt



God jul!



Fotograf flaumbilete: Jonny Johnsen.

Ordføraren har ordet

Vêr og vind påverkar oss lustringar meir og meir. Me lustringar har heilt sidan landet vårt steig fram or isen, budd og levd tett på naturen: Dei fyrste jegerane som kom over fjella på jakt etter rein, eller nybygjarar som kom inn frå kysten på leit etter buplassar, jaktområde og dyrkbar jord. Alltid har me levd i og av naturen, hausta av overskotet og utnytta beiteressursar. I tusenvis av år har me vore prisgjevne vêrgudane si godvilje. Menneska har i stor grad klart å tilpasse seg omskiftande vêr og variasjonar i klima. Men jordi vår er no inne i eitt av dei mest dramatiske omskiftingane i klima nokon gong. Nedbør og varmerecordar står for fall kvar månad. Kvar veke kjem det meldingar i nyheitene om flaum, ras, tornadoar og ekstrem turke verdi rundt. Breane kring polane smeltar raskare enn nokon gong. Eit samla forskarmiljø er samde om at me må førebu oss på eit villare og våtare klima, men og større svingingar i temperatur.

Sommaren 2018

har alt skrive seg inn i historiebøkene som ein av dei varmaste og turraste sommaren på mange tiår. I vårt område må ein heilt tilbake til 1947 for å finne noko som liknar, men også denne vart slegen av sommaren i år. I vekevis skein soli frå blå himmel, badetemperaturen i Lustrafjorden steig opp til «syden-høgder». I Solvorn var det målingar på 23 grader, til stor glede for oss alle, både unge og vaksne som strøymde til badestrendene i Solvorn og Lustrafjorden elles. Sol og varme om sumaren er det me alle lengtar etter, men når ein

har om lag 2 månader utan regn vert det svært turt. For landbruket var sommaren 2018 utfordrande. Fyrste- og andreslåtten svei vekk, avlingane låg ned mot 30% av normalår. Den 24. juli arrangerte kommunen informasjonsmøte om stoda til om lag 100 frammøtte. Det har vore stor avlingssvikt over heile Sør-Noreg, både på gras og kornproduksjon, det er nesten ikkje fôr å få tak i, mange bønder måtte redusere dyretalet.

Hausten

I slutten av august snudde vêret - til gangs. Det regna mest kvar dag i 2 månader. September månad i Bergen regna det 481 mm, det var ny rekord. I august og september kom det heile 770 mm i Bergen, så mykje har dei ikkje målt før. Oktober heldt fram likeins.

Flaumen

Natti til 14. oktober skreiv seg inn i historiebøkene her i Luster og. Det var kome mykje nysnø i fjellet og det var meldt relativt mykje regn. Fylkesmannen sende ut oransje varsel, det nest høgaste. Det mange av oss ikkje rekna med var at temperaturen steig frå 7-8 varmegrader til opp mot 20 varmegrader på nokre få timar. På Fanaråken, 2068 moh, vart det målt 12 varmegrader den 14. oktober. Kombinasjonen mykje regn, ekstremt høge temperaturar og opp mot ein meter nysnø førde til at flaumen vart eit faktum.

NVE og Hydro anslår vassmengdene i Mørkridsdalen og Fortunsdalen til å ligge oppimot ein 200-års flaum. Det gjorde stort inntrykk å sjå dei enorme kreftene som kom nedover dalen. Elvane fløymde utover og tok nye løp. Tre knakk som fyrstikker, rundballar flaut nedover som tomflasker. På måndagen fekk me sjå dei store øydeleggingane elva hadde gjort på hus, fjøsar, vegar,

bruer og dei store områda av landbruksjord. Berre på nokre timar vart landskapet endra. Matjord som har vore nytta i fleire hundre år vert skylt vekk. Me er sårbare når naturen syner krefter.

No startar den store jobben med å rydde oppatt. Få elva tilbake i sitt opprinnelege leie. Få vegar og bruer køyrbare. Få dyrkamark og landbruksareal attende til normalen. Kommunen er i tett dialog med grunneigarar, og innbyggjarar vil vere ein sterk pådrivar overfor Staten; at elvane må sikrast slik at dette ikkje skjer igjen i slikt omfang. Regjering og Storting må løyve tilstrekkeleg med økonomiske ressursar til å sikre vassdrag mot flaum og endringar i klima. Pr i dag har NVE 10 gonger så stort behov som løyvingane, løyvingane må aukast.

Me fekk ein støkk

Flaumen i Mørkridsdalen og Fortunsdalen sette ein støkk i oss alle. Ikkje minst er det ei stor belastning for dei som kjem oppi ein slik situasjon. Men det var svært flott for meg som ordførar å sjå kor stor omtanke innbyggjarane har for kvarandre i slike situasjonar. Klimaet er i endring, det synest over heile kloden, også i Luster vil me merka det. I alt planarbeid framover må kommunen ta dette med i betraktningane. Me må ta høgde for meir nedbør, ras og flaum - passe på at me sikrar oss så godt som mogeleg. Men me vonar alle at det vert lenge til me opplever liknande tilstander att.

Til slutt vil eg ynskje alle lustringar og lesarar av Lustranytt ei retteleg god jul og alt godt i det nye året!

Med beste helsing

Ivar Kvalen, ordførar

Kongens fortenestemedalje til Bjørge Hovland

Bjørge Hovland vart storleg overraska då ho i sommar vart tildelt kongens fortenestemedalje under arrangementet «Livstrappa», ei framsyning med klede og musikk til livshøg-tidene dåp, konfirmasjon og bryllaup i Dale kyrkje. Eit arrangement som Bjørge stod for.

Det var ordførar Ivar Kvalen som stod for overrekkinga på slutten av arrangementet, heilt uvitande for Bjørge og resten av den store folkemengda som var der.

- Eg vil i kveld nytte høve til å heidre ein person som gjennom heile sitt vaksne liv har vore oppteken av å ta vare på, dokumentera og vidareformidla kunnskap og historier på ein framifrå måte, og som har gjort personen landskjend, sa ordføraren før han fortsette:

- Personen har lagt ned eit enormt arbeid med å samla historie og systematisk dokumentasjon for folkedrakter og bunader frå Sogn. Her har vedkommande leita, intervjuar og samla informasjon om folkedrakter og klede som vart brukt i området fleire hundre år attende i tid. Gjennom sitt store og nøyaktige arbeid har denne personen rekonstruert og sydd bunader og klede som var brukt i sognebygdene av både rikfolk og småkårsfolk, både til kvardag og fest. Dette resulterte til slutt i boka «Folkedrakter og bunader i Sogn, ei reise i tid og landskap» som prismottakaren gav ut i 2014.

Sjølv om bunader og folkedrakter kan seiast å ha vore Bjørge si hovudinteresse, må me likevel få nemne hennar allsidige, store dugnadsarbeid og arbeid i lag og organisasjonar både i heimbygdi, kommunen og regionen. Ho har vore styreleiar i Luster sogelag i mange år, styremedlem i Luster Husflidslag, styreleiar i Luster Bondekvinneleg, styremedlem i Norsk Bunadsforum, Styreleiar i Luster Bygdekvinneleg, medlem av kulturstyret i Luster kommune, og ho var som fyrste kvinne styremedlem i dei Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum. Bjørge tok og initiativ til mykje. I 1982 fekk ho gjennom Bondekvinneleg kjøpt ei brurekrone som er til utlån, ho var initiativtakar og medforfattar til jubileumsboka for Dale kyrkje, ho har vore leiar i Dale sokneråd i heile 16 år. Bjørge har gjennom sin unike interesse og kunnskap formidla Dale kyrkje og prestegarden i Luster sin fantastiske historie. Til skuleklassar, turistar og Lustringar fortel Bjørge historiene om det klassesdelte samfunnet som var i sognabygdene generelt, men i Luster spesielt. Korleis rikfolk hadde sin plass i bygdi og i kyrkja og kva fattigfolk og husmenn måtte ta til takke med, også innanfor veggene i Dale kyrkje.

Bjørge deltok aktivt og hjelpte til med restaureringa og innreiinga av det kjende Munthehuset i Kroken, ho var og med og laga boka «Landskap i Luster – ei kunstreise». Ho var sentral i arbeidet med det store bygdebokarbeidet i Luster og



- Ei uforgløyemeleg oppleving å møte kongeparet, sa Björg Hovland etter at ho og mannen Gudleik hadde vore på Slottet.

Foto: Heiko Junge / NTB Scanpix.

Dale sokn, både med slekter, gardsnamn, stadnamn, men og gamle ferdavegar og stølsvegar. Ho har og vore ein god formidlar av historia til Lyster Sanatorium – Harastølen, eit av Noreg største og eldste tuberkulose-sanatorium og ho er ein sterk pådrivar for bevaring og restaurering av dette unike anlegget.

Eit av Björg Hovland sine siste store prosjekt er bevaring av den særeigne husmannsplassen Hestaskår. Her har ho vore pådrivar for innsamling av midlar og stått i bresjen for eit stort dugnadsarbeid. Dette er ein av dei siste intakte og autentiske husmannsplassane i Sogn, ja, truleg i heile landet. Her ser ein heile strukturen av ein plass,

med ei lita stove bygd i lag med fjøsen, samt dei små uthusa. Björg er ein sterk forkjempar for å også syna fattigfolk sin kvardag og korleis husmannsvesenet fungerte.

Det er difor ei stor ære og glede å få dele ut Hans Majestet Kong Harald sin fortjenestemedalje til deg Björg Hovland for ditt store arbeid innan kultur og lokalhistorisk arbeid, sa ordføraren til slutt før han festa fortjenestemedaljen på bunaden til Björg. Björg Hovland har tidlegare motteke Luster kommune sin kulturpris for engasjementet sitt innan kulturarbeidet i Luster.

Takk

For all ære, heider og gode ord i samband med utmerkinga eg fekk i sommar, ynskjer eg å seia så HJARTANS TAKK til alle, både kjende og ukjende, dei som tok initiativ og alle dykk deltakande på ymse vis. Utan dykkar positive innstilling hadde dette ikkje vorte noko av. At også vêret spelte på lag, løfta den minnerike dagen.

Å få koma inn på Slottet å ta kongeparet i handa, takka og helsa, dela bord og måltid med dei i landet sin fremste representasjonsbustad, vart sjølvsgagt eit minne for livet.

Me kjende at det var vel meint og ekte sagt, at desse årlege tilstellingane med «fotfolk» frå heile landet som gjester, var noko av det aller gjævaste dei gjorde.



Björg og Gudleik



Olav Høyheim Einan er kåra til «Årets unge bonde 2018». Juryleiar og landbruksminister Bård Hoksrud delte ut prisen. Foto: Espen Solli / Agroteknikk.

Olav Høyheim Einan kåra til «Årets unge bonde 2018»

«Vinnaren av «Årets unge bonde 2018» tenkjer langsiktig og framtidsretta og driv risikospreiing gjennom å etablere stadig nye driftsområde. Vinnaren har solid landbruksfagleg utdanning og kunnskap. Den unge bonden tok tidlig over ansvaret på garden og har tort å satse for å utvikle han til eit levebrød. Fokus på berekraftige løysingar pregar årets vinner som har lagt inn ein enorm arbeidsinnsats i å bygge ut garden med bruk av lokale ressursar i eit ulendt terreng og med driftsmessige utfordringar på inn- og utmark. Vedkomande nyttar husdyrgjødsla frå egen produksjon på ein god måte og har bygd ut vatningsanlegg

som har sikra store grasavlingar av høg kvalitet sjølv med den utfordrande sommaren i år.

Vinnaren driv allsidig og meistrar alt frå dyrehold og beitedrift til mekanikk, tømmerhogst, snikkarverksemd og kontorarbeid. Han er ein svært god representant for norsk landbruk og viser kor viktig og meningsfylt bondeyrket er», sa Bård Hoksrud (Frp) då han delte ut prisen «Årets unge bonde 2018» under Agroteknikk-messa på Lillstrøm laurdag 10. november. Landbruks- og matministeren har vore leiar i juryen i kåringa av «Årets unge bonde 2018». Hoksrud meiner Einan tilfreds-

tiller alle kriterium i konkurransen, og det var ein samla jury som stemde fram 29 år gamle Olav Høyheim Einan frå Hafslo som vinnar av kåringa i år.

«Årets unge bonde» er eit samarbeid mellom Norges Bygdeungdomslag, McDonalds Norge og Felleskjøpet Agri. I alt 311 unge menn og kvinner var nominerte, 14 gjekk til semifinalen, før i alt 5 bønder stod igjen i finalen. Fredagen møtte alle fem landbruksministeren og tidlegare finalistar til eit treff, før vinnaren vart kåra under eit større arrangement laurdag kveld.

Dei tre spreke 100 åringane

Det var ein gong tre....

Dette kunne òg ha vorte eit eventyr, eit eventyr om tre jenter som voks opp og truleg gjekk til støls om somrane.

I haust har ordføraren vore med og feira desse spreke damene. Familiene laga til kjekke selskap og det vart gjort stor stas på dei alle tre.

Fyrst ute var Petra Skildheim.

Ho runda 100 den 13. september og feira på Luster omsorgssenter. Rett over månadskiftet, den 7. oktober feira Inga Ugulen sin dag under gullballongar på Hafslo omsorgssenter. Brita Heggelund følgde like etter, 10. oktober var ho pynta til fest på Luster omsorgssenter.

Me gratulerer alle saman med 3X3 Hurra!



Petra Skildheim.



Brita Heggelund.



Inga Ugulen.



*Lystringen dansa seg til gull på landsfestivalen i Skjåk.
Musikarane på fremste rad: Johnny Horpen, Asbjørn Røneid, Berit Lad og Arve Bjørn Røneid. Foto: privat.*

I landstoppen på to og fire bein

Kommunestyret heidra i haust noregsmeistrar frå sist sommar. Lystringen dansar seg til topps år etter år, i hardare konkurranse for kvart år. Sist sommar gjekk fleire av dei over Hanspiki til landsfestivalen i Skjåk, og dei toppa helga med å vinne lagdans for fjerde gong.

Emma Nyløy frå Fortun deltok på NM Fjordhest på Stord, med fjordhingsten Sofin på 16 år. Her vart ho greinmeister i køyring, etter å ha vunne både dressurkøyringa og maratonen og tok NM laggull med laget sitt frå Førde Køyre- og Rideklubb. Då kørde ho maraton, Silje Indrebø dressurriding og Maren Vevatne sprang.



Emma Nyløy, i vogna, og fjordingen Sofin henta heim fleire gull frå NM på Stord. Her saman med groom Julia Førde. Groomen har ansvar å unngå at dei veltar i maratonkøyring. Foto Astrid Marie Årdal.

Personalnytt

Stabsleiar

Svein Sanden kjem opphavelg frå Årdalstangen og er tilsett i ei av dei to nye leiarstillingane hjå rådmannen. Svein byrja 1. oktober som stabsleiar med ansvar for einingane personal, økonomi, sørv-istorg og ikt. Han er utdanna cand.philol frå UiO med tilleggsstudiar frå BI og HiL. Sanden har leiarerfaringar frå ulike nivå i offentlig sektor – frå departement til direktorat, og har i mange år jobba med omstilling og effektivisering i staten. Dei fem siste åra jobba han som lufthamnsjef ved Sogndal lufthamn.

Svein er gift med Karianne og har tre vaksne jenter. Sjølv med stolt bakgrunn frå industribygda Årdal er han i ferd med å definere seg som «hafsløbygding» - og er med familien godt etablert på eit lite gardsbruk i Sogn si flottaste bygd.



Perdy Hesjevoll på Nordlege Dyrhaugstind.

Skatteoppkrevjar

Perdy Hesjevoll er tilsett som skatteoppkrevjar i Luster kommune. Ho tok til i jobben 1. oktober og har overteke etter Ragna Aud Leirmo som gjekk av med pensjon frå 1. november. Etter kvart vil det også bli andre arbeidsoppgåver innan økonomi. Tidlegare har Perdy jobba i kommunane Askvoll, Gaular og Sogndal. Ho er busett i Gaupne, er glad i å ta turar på fjellet og i nærområdet, likar godt å lese og ho dansar i Lystringen.



Fagleiar landbruk og naturforvaltning

Magnus Snøtun starta i jobben som fagleiar for landbruk og naturforvaltning den 1. oktober. Steinulf Skjerdal, tidlegare landbrukssjef, har gått av med pensjon. Sjølv om Magnus skarre på r-en, har han budd i Jostedalen sidan ungdomstida. Tidlegare har han jobba med bygdeutvikling, energisaker, vassdragsforvaltning og verneområdeforvaltning. Utdanninga hans er som naturforvaltar frå Ås (nå UMB). Dei siste vel ti åra har han drive med sau i Jostedal Samdrift. Saman med familie på til saman fem, bur dei på familiebruket i Bukti i Jostedalen.

Kommunestyrevalet hausten 2019

Valdagen er måndag 9. september. Då er det val til kommunestyre i Luster og fylkesting Vestland. Frist for å levere listeforslag til vala er måndag 1. april kl. 12.00. Det er formelle krav som gjeld ved innlevering av listeforslag. Informasjonen ligg på www.valg.no.

I neste nummer av Lustranytt, sommar 2019 presenterer me vallistene og praktisk informasjon om valet.



Nye personvernreglar

Om innsamling og bruk av personopplysningar

I 2018 har Noreg fått ei ny personopplysningslov. Lova har nasjonale reglar og Eu si personvernforordning, GDPR – General Data Protection Regulation. Om du høyrer forkortinga GDPR handlar det altså om personvern.

Kva er personopplysningar?

Ein kvar opplysning om ein identifisert eller identifiserbar person.

Døme: namn, adresse, tlf. nr, epostadresse, fødselsnummer, bilde, lyd, fingeravtrykk, adferdsmønster.

Kva er sensitive personopplysningar?

Det er strengare krav til handsaming av desse opplysningane. Døme: Rase eller etnisitet, politisk oppfatning, helseopplysningar, seksuelle forhold og seksuell legning, religion, fagforeiningsmedlemskap, straffedommar.

Kommunen har mange personopplysningar i samband med handsaming av tenester til våre innbyggjarar, om våre tilsette og folkevalde. Me må ha oversikt over alle tenester/system der me har personopplysningar. For at me skal ha lov til å oppbevare personopplysningar, må det vere eit definert føremål med



Personvernombod Svein Tore Heltne kan gje råd til kommunen og til deg i spørsmål om handsaming av personopplysningar.

handsaminga. Elles er det mange plikter alle verksemdar har. Kommunen er godt i gang med å lage eit oversyn, og det vil bli presentert på heimesida via ei personvernerklæring.

Dine rettar

Verksemdar som har registrert personopplysningar om deg har visse plikter og du har dine rettar:

Du har

- Rett til innsyn
- Rett til retting
- Rett til sletting
- Rett til begrensning
- Rett til å protestere
- Rettar ved automatiserte avgjerder
- Rett til dataportabilitet (få ut opplysningar til bruk hjå anna tenesteleverandør)

Alle desse rettane er godt fork-lart på datatilsynet.no

Personvernombodet kan hjelpe deg

Svein Tore Heltne er personvernombod i Luster kommune. Personvernombodet sine oppgåver er å kontrollere at kommunen føl personvernloverket og interne retningslinjer for personvern.

Han er no med i arbeidet med å lage oversyn over kva tenester og system me handsamar personopplysningar i. Personvernombodet skal kunne informere og gje råd både til kommunen som handsamar personopplysningar og til dei personane me har registrert personopplysningar på.



Dine rettigheter

Rett til innsyn

Rett til retting

Rett til sletting

Rett til begrensning

Rett til å protestere

Rettar ved automatiserte avgjerder

Rett til dataportabilitet

På datatilsynet.no kan du lese meir om dine rettar.

Ny løysing november 2018

Digitalisering av fakturautsending

Luster kommune jobbar i desse dagar med innføring av ny rutine for distribusjon av fakturaer for å auke graden av digital utsending. Me gjer det for å lette arbeidet både for oss og for deg som tek imot fakturaer. Den nye forma for utsending resulterer og i ein ny fakturablankett. Den nye løysninga inneber at alle fakturaer vert forsøkt sendt digitalt, via AvtaleGiro, eFaktura, Vipps Regning, digital postkasse eller som vedlegg i ein e-post. Om dette ikkje er mogleg vert fakturaen levert som papirfaktura i postkassa di.

AvtaleGiro

Dersom du som kunde har Avtalegiro, vil du ikkje oppleve noko endring.

eFaktura

eFaktura er vår mest føretrekte distribusjonskanal pr. i dag, og me vil anbefale alle våre kundar å opprette eFakturaavtale i banken. eFaktura sikrar at fakturaen kjem kjapt fram, samt at den er ferdig utfylt så du slepp å taste kontonummer, KID og beløp.

Faktura via Vipps

Gjennom den nye løysinga kan me no tilby Vipps Regning. Dette føreset at du brukar Vipps, og har aktivert Vipps Regning inne i appen. I tillegg må du vere registrert med gyldig mobiltelefonnummer i vårt kunderegister. Ta kontakt med oss og gje opp telefonnummer dersom du ønskjer å motta framtidige fakturaer på Vipps.

Faktura i Digipost / eBoks

For å motta faktura på Digipost/ eBoks fordrar det at du har oppretta ein digital postkasse

eFaktura
Ferdig utfylt. Full kontroll.

Lei av å taste laaaaaange KID-numre?
Takk ja til eFaktura i nettbanken

hjá ein av desse leverandørane. Dersom du allereie har avtale om eFaktura eller avtalegiro med kommunen vil desse verta føretrekte før Digital Postkasse.

Faktura som vedlegg i e-post

Ønskjer du å få fakturaen tilsendt som et PDF-vedlegg til e-post, kan du kontakta oss for å få registrert epostadressa di i vårt system. Me må presisera at dersom du har andre digitale kanalar som avtalegiro, eFaktura, Vippsfaktura eller Digital postkasse, vil desse bli føretrekte framfor epost.

Faktura levert i postkassa

Dersom me ikkje får treff i nokon av dei digitale kanalane ovanfor, vil fakturaen bli levert i postkassa på same måte som tidlegare, og den einaste forskjellen du vil merka, er at utsjånaden på fakturaen er noko endra. Den nye blanketten har ikkje girodel i botnen, dvs. at om ein ønskjer å nytta

brevgiro må ein fylla ut ein tom giroblankett. Tomme giroblankettar kan skaffast i banken, eller på rådhuset/servicetorget i kommunen. På rådhuset/servicetorget kan du og få hjelp til utfylling av giro dersom dette er ønskjeleg.

Kontakt oss på tlf. 57 68 55 48 om du vil ha faktura på vipps eller i epostvedlegg. Då får økonomiavdelinga lagt mobilnummer eller epostadressa di inn i fakturasystemet.



#5forhvalen

Om berre 1 av 5 plukkar opp 5 bosting kvar dag, unngår me at 35 tonn bos hamnar i naturen kvar dag. Ta utfordringa og plukk 5 om dagen!

#5forhvalen er eit initiativ frå LOOP.

Meir informasjon finn du på www.5forhvalen.no

Foreldrekurs

Kurs for foreldre til barn under skulealder (0-6 år).

Kommunen starta i haust opp med to kurs, eit på Hafslø og eit i Gaupne. Begge kursa vart raskt fullteikna. Det er nå gjennomført opplæring og sertifisering av 15 tilsette i barnehage og på helsestasjon som kan halde kurs framover. Det vert nye kurs i 2019.

«Barnet mitt kan vere sint, sutrete, redd, klengete – høyrer ikkje etter, har dårleg sjølvkjensle eller strevar med venner og søskenkrangel...» Kjenner du deg att i noko av dette? Eller kanskje du berre ynskjer å lære litt meir om korleis du kan hjelpe barnet ditt til å bli tryggare og utvikle sosiale ferdigheitar? Då håpar me at dette kurset er noko for deg.

Circle of Security (COS) er ein modell som skal hjelpe foreldre til å forstå kvifor barn oppfører seg som dei gjer, og korleis barn kan få hjelp på ein utviklingsstøttande måte. Det skal hjelpe barn til å utvikle god sjølvregulering og sosial kom-

«Eg trur alle burde hatt dette kurset!»

«Lærer å handtere barnet på ein måte som er betre for alle»

«Dette fungerer når du prøver det heime.»

(Utsegn frå foreldre som deltek på kurset)

Luster kommune

Foreldrekurset er eit lågterskeltilbod som kan vera til glede for alle foreldre. Kurset passar for foreldre med barn og ungdom i alle aldrar.

Målet er at barnet ditt skal få hjelp til å kjenna seg trygg, få betre sjølvkjensle og sjølvtilitt. På den måten kan barnet stå sterkare rusta til å møte utfordringar i livet.

Foreldrekurset er basert på metoden Circle of Security (COS) eller tryggleikssirkelen.

COS kan kome til glede og nytte i alle relasjonar - ikkje berre mellom deg og ditt barn

Barn kjent, tru det eller ei, med ei bruksanvisning. Men me må ta på oss dei rette følelsene for å klare å huse ho!

Ein trygg relasjon mellom barn og foreldre kan gje barnet eit sterkare psykologisk immunforsvar

petanse. COS – programmet er basert på dei siste tiårs forskning på korleis foreldre - barn relasjonar kan støttast og styrkast. Barn med ein trygg relasjon til foreldre, er i større grad i stand til å:

- Oppleve meir glede med foreldra
- Føle mindre sinne ovanfor foreldra
- Spørje foreldra om hjelp når dei har det vanskeleg
- Løse problem på eiga hand
- Gå betre overeins med vener
- Få langvarige relasjonar til vener
- Løse problem med vener
- Få betre relasjonar med syskjene
- Få høgare sjølvtilitt og sjølvkjensle
- Vite at dei fleste problem har ein løysing
- Få tillit til at gode ting vil skje
- Få tillit til menneska dei er glade i
- Vite korleis ein er god med menneskja rundt seg

Kven er kurset for?

Dette er eit kurs for alle foreldre til barn under skulealder (0-6 år), som ynskjer å lære om samspellet med barnet og om kva som skjer mellom foreldre/barn i forskjellige situasjonar. Målet er at barnet skal stå sterkare rusta til å møte utfordringar ein møter i livet samt bidra til eit godt samspel mellom deg og barna dine.

Om kurset

Kurset går over 8 gonger og varer i 1,5 time kvar gong. Kvar gong har eige tema. I gruppa bestemmer du sjølv kor mykje du vil dele av eigne erfaringar.

Påmelding

Nærmare informasjon om dato for oppstart og påmelding kjem – følg Luster kommune på facebook. Det er avgrensa til maks 12 foreldre pr. kurs.

Er du uroleg for eit barn eller treng du nokon å snakke med?

Kven kan hjelpe meg? Kva finst av hjelp? Kva gjer eg om eg vert bekymra for ein elev på skulen min? Kva gjer eg om eg ser at naboenta har det vanskeleg? Dette er spørsmål som du får svar på i det nye digitale verktøyet som ligg på heimesida til Luster kommune. Verktøyet skal vere til hjelp for innbyggjarane i Luster samt tilsette som jobbar med barn og unge.

Du har enkel tilgang til verktøyet og det kan gjerast på følgjande måtar:

- Klikk på overskrifta «Er du uroleg for eit barn?» som ligg under område «Barn og utdanning» på heimesida til kommunen.
- Under kommunale tenester på heimesidene til skulane og barnehagane ligg det ein link med namnet: «Er du uroleg for eit barn eller treng du nokon å snakke med?».
- Barn og unge har tilgang gjennom Facebook- gruppa «Ung i Luster» med linken: «Treng du nokon å snakke med?».
- Verktøyet kan fint brukast på mobilen, så lenge du har dekning kan du ha tilgang til den overalt.
- Du kan og kome inn via Google, om du til dømes søker «bekymra i Luster».


Kva inneheld verktøyet?

I Luster kommune er det mange som kan og vil hjelpe, og det finst gode tenester for barn og unge. I verktøyet er alt samla på ein plass. Innhaldet er delt inn i område tilrettelagt for dei ulike målgruppene.



Du finn m.a. informasjon om:

- Kva du kan gjere for å hjelpe eit barn du er bekymra for.
- Kven barn og unge kan snakke med i kommunen og informasjon om nasjonale hjelpetelefonar.
- Korleis barn og unge kan hjelpe ein ven som har det vanskeleg.
- Kva tenester, tilbod og tiltak finst for utsette barn og unge i Luster kommune og inter-kommunalt.



Verktøyet tek utgangspunkt i eit tre som inneheld punkt ein kan klikka på. Treet er eit symbol på samarbeid.

Krona på treet er individnivået. Det er for deg som er ven, trenar, nabo eller leiar i ein organisasjon. Det er og for deg som er under 18 år, for føresette og for dei som arbeider med barn og unge.

På stamma finn ein einingsnivået med m.a. tenestetilboda, og i røtene ligg kommunenivået der ein kan få oversikt over kommunale planar og kva retningslinjer, lover og forskrifter som ligg til grunn for arbeidet med barn og unge.

- Gode råd til trenarar i barneidretten.
- Kva signal me bør sjå etter hjå utsette barn og unge.
- Korleis me kan bli betre på å snakke med barn som har det vanskeleg.
- Gode nettstader og verkelegheitsnære filmar.

Det handlar om å sjå, bry seg, veraause mot kvarandre og våge å spørja naboguten eller jenta som trekk seg vekk korleis han/ho har det. Men då må me tora å høyra svaret. Kanskje er det nettopp deg, spørsmålet eller smilet ditt som var det einaste positive ungen hadde opplevd den dagen. Det skal ikkje så mykje til.

Hugs me er mange som ser, men det er først når me snakkar saman om det me ser at me kan gjere ein skilnad.

Levande verktøy

Prosjektgruppa som har laga verktøyet er samansett av folk som arbeider med barn og unge. Dei held fram som ei arbeidsgruppe for å halda treet levande og oppdatert.

Me anbefalar alle å gjere seg kjent med innhaldet. Kanskje får du ei vond magekjensla for eit barn ein dag og då er det godt å vita at det finst mange som kan hjelpe deg og barnet.

Me ynskjer tilbakemelding på verktøyet, send mail til prosjektleiari:

marte.krogstadmo@luster.kommune.no eller ta kontakt med nokon i prosjektgruppa:

Trine Anita Systad (NAV), Linda Røhme (rektor Gaupne skule), Anne Helen Strandabø (leiande helsesøster), Ingunn Breili (Sogn barnevern), Anniken Meisterplass (ruskonsulent), Olfert Øvrebø (kommunepsykolog), Per Rune Joranger (styrar Gamlestova barnehage), Anita Kjør-



Rådhuset, mot meir digitale tenester, døgnet rundt

I vår nye eining, Sørvis og driftsstøtte, vil vi på nyåret i lys av OU-rådhuset starte med å digitalisere fleire av tenestene i sørvistorget. Dette skal gjere det enklare for deg som innbyggjar og som næringsdrivande å registrere søknader på ein effektiv måte. Digitaliseringa skal føre til vesentlege forenklingar, noko som vil bety at færre treng å møte på rådhuset for å få hjelp. Endringane inneber også at sakshandsamarar og andre tilsette i rådhuset får betre tid til å løyse sine oppgåver - utan for mange avbrekk kvar dag.

laug (frivilligsentralen), Randi Kalstad (psykisk helseteam), Oddbjørg Ese (pedagogisk konsulent) og Liv Endresen (flyktningtenesta).

Målet er å leggje betre til rette for det du treng, samstundes som det gjer oss meir effektive. Etter innføringa av nye digitale tenester vil det vere behov for å endre opningstidene for publikum. Om du ønskjer eit møte med planavdelinga, næringsavdelinga eller landbrukseininga, må du bestille møtetid på førehand. Dette kan du enkelt gjere på nettsidene eller via telefonen din. Meir informasjon om dette blir det ut på våren 2019.

«Vit at det kan være en millimeter mellom et rakrygget barn og en såkalt drittsekk og du kan være den millimeteren som hjelper barnet til å stå rakrygget».

-Eli Rygg-

Hausten i Gamlestova barnehage



Brannvernveke. I september kom brannbilen på besøk.

Starten på barnehageåret har fokus på tryggleik og trivsel både for små og store menneske. Men ganske snart startar tema etter årshjulet vårt.

I august starta det 64 born på Gamlestova Barnehage på Hafslø og Veitastrand. Fleire vil det verta frå nyttår. Desse borna er fordelte på 5 avdelingar. 3 avdelingar i hovudhuset. Mange søkjarar gjorde at avdeling Stova (gamle styrarbustaden) måtte opnast att for 3. gong i historia. I tillegg er det ei avdeling på Veitastrand (12 barn).

Den første tida handlar det om å bli kjent. Kjent med avdelinga, uteleikeplassen, rutinar, og det aller viktigaste, få mange nye vener, både store og små. Då må me vera i lag, gjera ting i lag, ha mange felles, gode opplevingar og læra namna på kvarandre. Å gje borna omsorg og tryggleik er høgt prioritert heile tida, og er kjempeviktig den første tida. Er borna trygge og trivest er det det beste grunnlaget for læring og utvikling.

I Gamlestova Barnehage sitt årshjul har me ein del opplegg som kjem att kvar haust. Veke 38 er det nasjonal brannvernveke. Den er me med på. Me har både varsla og ikkje varsla øvingar. Då gjeld det å evakuera bygningane så fort me klarar,

samt tenkja på å forlata avdelingane slik at me førebegge at elden kan spreia seg. Ikkje alle likar lyden av brannalarmen, so det gjeld å førebu godt. I tillegg kan me telja røykvarslarar både i barnehagen og heima, og me kan leita etter brannhydrantar. Me les om brannbilen, og me teiknar og lagar bilde. I løpet av veka var me og so heldige at brannbilen kom i barnehagen, både med lys og sirene. Det gjorde inntrykk. Me fekk sjå på alt utstyret, og dei modigaste fekk sitje inni bilen.

Bæ-bu bæ-bu-sangen

Melodi:

Når dine ører henger ned

Ein brann er ikkje tull,
du må ringe 110.

Har du fått ein tju på do,
må du ringe 112.

Har du veldig vondt et sted,
må du ringe 113.

Det er lett å hugse det.

Denne sangen kan me i barnehagen godt. Kan me denne, hugsar me og telefonnummeret me treng den dagen me kan ha bruk for å ringja eit nødnummer.

Nava Jyoti-marsjen

4. oktober arrangerte me den tradisjonelle Nava Jyoti marsjen. Den er for born, foreldre, søsken, besteforeldre og personale. Kvar år sende me 25.000 kroner til barnehagen. I samband med Nava Jyoti marsjen, gjev dei familiane som vil ein sum til prosjektet. Me har og andre arrangement med same formål. (lynlotteri, «indisk aften», foreldrefrukost og –middag). Det andre målet med marsjen, er at foreldra kan verta meir kjende med kvarandre.

«Gamle» foreldre og personale må visa «nye» foreldre vegen, slik kan «nye» hafsløbygdingar kan få både nye kontaktar og turvegar.

Veke 42 – Politiveka m/tema «kroppen min»

Målet er at ungene skal læra meir om eigen kropp, eigne grenser og kva som er greitt og ikkje. Fokus på ulike kjensler vert også viktig, og forskjellen på gode og vonde hemmeligheter. Fokus på å kunne sei stopp – ha respekt for andre sine grenser.

Gamlestova barnehage vert 30 år

i 2019. Før det var bygningen brukt som gamleheim i mange, mange år. Det vart gjort eit godt arbeid då bygningen skifte frå gamleheim til barnehage, men no ber huset preg av at det er «godt brukt». Det er mange born som har hatt og har gode barneår på Gamlestova, år me håpar dei ser tilbake på med glede. Stabilt personale viser og at dei har trivest på Gamlestova. No er både born, foreldre og personale veldig spente på kva som skjer vidare med barnehagen. Men det er opp til våre politikarar å bestemma. Lukke til.



Politiveka. Avdeling Loftstova fekk besøk av politiet i oktober.



God plass. Full konsentrasjon og balanseøving.

Hafslo barnehage - Utedagar i Moane

Me på Lilla avdeling (3-6 år) i Hafslo barnehage ønskte i haust å tilby barna to heile utedagar i eit anna og meir utfordrande utemiljø enn dei normalt er vande til. Me tok kontakt med Hafslo idrettslag med spørsmål om å låne arealet og klubbhuset deira i Moane, noko dei var veldig positive til. Takk for lånet!

I løpet av dei to dagane me hadde i Moane såg me at me jobba med seks av sju fagområde i Rammeplan for barnhage «berre» ved å vere der og nytte naturen og fasetetane. Den første dagen hadde me fotballtrening med stasjonsaktivitetar og leik med ball. Me hadde òg natursti, med naturbingo der barna skulle samle inn naturmateriale til å skape sitt eige «landart»-bilde. På dag to gjekk me tur frå Moane til Tubba. På vegen gjennom skogen fekk barna utfordre seg på smale stiar og glatte svaberg. Framme på Tubba venta kakao og nistemat. Då me kom tilbake til barnehagen hadde me ei oppsummeringsøkt og laga eit tankekart utifrå kva barna fortalde at dei hadde opplevd. Her såg me at dei hadde berre positive minne frå utedagane. Og det har me

vaksne òg. Dette var to kjekke og innhaldsrike dagar, som freistar til gjentakning. Eitt av satsingsområda til Hafslo barnehage dette året er fysisk aktivitet og helse. Rammeplan for barnehage seier at barneha-

gen skal bidra til at barna opplever trivsel, glede og mestring gjennom allsidige rørsleerfaringar, og vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar.



På tur samla me naturmateriale til naturbingo.

Innsjutt som språkkommune

Barnehagane og skulane i Luster er denne hausten inne i det siste semesteret som språkkommune, eit nasjonalt prosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet. Det er gjennomført samlingar både for barnehagetilsette, barneskulelærarar og for lærarar på ungdomssteget.

Språkutvikling og lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheit har vore eit satsingsområde i fleire år i lustraskulen og i lustrabarnehagane. Oppstarten for språksatsinga i Luster er i stor grad innføringa av ein kommunal leseplan for både barnehage og skule hausten 2014.

Dei siste tre semestera – hausten 2017 t.o.m. hausten 2018 – har Luster delteke i pulje 2 i den nasjonale satsinga som språkkommune som einaste kommune i Sogn. Elles frå fylket er alle kommunane i Nordfjord med i same pulje som Luster. Språkkommune-satsinga inneber at kommunen forpliktar seg til å ha ein eigen språkstrategi i perioden, deltaking på nasjonale samlingar, tilsetjing av eigne ressurspersonar, at det vert skipa til lokale fagnettverk og at det vert gjennomført barnehage- og skulebasert utviklingsarbeid, det vil seia arbeid på kvar einiskild eining.

Språkløyper og Skrivestien

På ungdomsskulane har dei tilsette som del av Ungdomstrinn i utvikling-prosjektet arbeidd mykje med skriving som grunnleggjande ferdigheit og med vurdering for læring. Dette har vore midt i blinken også som språkkommune-arbeid. Ressursen Skrivestien har vore



Ressurspersonane Kirsti Henden, Dagfinn Hovland og Anne Grethe Leirdal er sentrale personar i språksatsinga i Luster. Her ved gjennomføringa av lokalt fagnettverk for lærarar på 3.-7.trinn.

hovudressursen for ungdomsskulane.

På barneskulane og i barnehagen har hovudressursen vore Språkløyper, ein ressurs frå Lesesenteret og Skrivesenteret med artiklar, filmar og refleksjonsoppgåver og der målet er at personalet les, ser og diskuterer, kanskje prøver ut metodar og reflekterer i lag etterpå. Denne hausten har alle barneskulane og barnehagane arbeidd med ein sams språkpakke; Språkvanskar.

Nettverk

I satsingsperioden har Luster hatt ansvar både for regionale og lokale fagnettverk innan norsk.

Førre år var det felles lokalt nettverk for barnehagelærarar og lærarar på 1. - 2. trinn der temaet mellom anna var overgang barnehage-skule og nettverk for lærarar som har elevar med norsk som andrespråk i tillegg til nettverk om skriving for 3. - 7. trinnslærarar.

Denne hausten har det vore arrangert lokalt nettverk for barnehagelærarar i samarbeid med Sogn PPT der temaet var språkvanskar. Lærarar for dei yngste elevane i 1. - 2. trinn har møttest og samtala om den første skriveopplæringa og skrivelyst. For 3. - 7. trinn og 8. - 10. trinn har det vore samlin-

gar med vekt på refleksjon om praksis når det gjeld den vidarekomne lese- og skriveopplæringa og korleis følgja opp resultatata i nasjonale prøvar.

Vegen vidare

Oppsummeringa frå nettverka syner at det er gjennomført mange tiltak som gjeld kompetanseheving og utvikling av praksis sidan innføringa av kommunal leseplan august 2014.

Det har vore eit tydeleg fokus i skulen at alle lærarar er lese- og skriveopplærarar og at det å arbeida med språkutvikling i barnehagen er ei særskild viktig oppgåve, også fordi det å kunna kommunisera og formidla tankar og kjensler har tyding for den sosiale utviklinga. Når det gjeld skule så har det også vorte langt fleire hjelpemiddel innan lese- og skriveopplæringa i tillegg til at det har skjedd mykje anna generelt på datasida, til dømes innføringa av Office365-verktøya (OneDrive, OneNote og Teams). I februar 2019 skal Oppvekst rapportera til Utdanningsdirektoratet om gjennomføringa av språkkommune-prosjektet. Før sommaren 2019 skal det også lagast ein oppdatert språkplan som skal vera retningsgevande for språkarbeidet i barnehagane og skulane i Luster.

Film, rapport og lærarkurs i Kroatia

Det har vore eit travelt og forløy-sande halvår i det europeiske skuleprosjektet som oppvekstsentra i Luster deltek i saman med partnarar frå fem andre land. Ein undervisningsfilm frå kvart land er ferdigstilt, det er laga rapport frå kvar partner og det er halde eit ope lærarkurs i Zagreb der fire representantar frå Luster var med.

RECEPTION er tittelen på det treårige prosjektet som er finansiert av EU sitt utdanningsprogram, Erasmus+. Dei andre partnarane er frå Kroatia, Island, Danmark, Hellas og Irland. Det er Clare Education Centre i Ennis på vestkysten av Irland som er koordinator for prosjektet. Innhaldet i prosjektet dreier seg om det som på internasjonalt vert omtala som Early Years Education, nærare bestemt begynnaropplæring i skulen og overgangen barnehage-skule.

Lenke til filmen frå Luster:
<https://vimeo.com/292317801>

Film frå oppvekstsentra Nettopp overgangen barnehage-skule ved oppvekstsentra er hovudtema i filmen som er laga frå Luster. Filmene er laga i samarbeid med elevbedrift frå Media og kommunikasjon ved Sogndal vidaregåande skule. Nøkkelford for filmen er tryggleik, leik og inkludering. I filmen får me sjå ulike aktivitetar og tiltak ved oppvekstsentra som skal gjera overgangen til skule smidig og trygg. Fleire lærarar og rektorar er intervjuja i filmen.

Rapport

Gjennom deltakinga i prosjektet har kvar partner forplikta seg til å skriva ein rapport, ein såkalla Case study, om tiltaka dei gjennomfører og ei kort evaluering. Rapporten frå Luster

ber tittelen «A Safe and Strong Start in School – transition from kindergarten to school at Centres-of-Growing-Up». Den er trykt som ein del av kursboka/handboka som er produsert i samband med prosjektet og til utdeling ved lærarkurs som vert arrangert i regi av prosjektet.

Lærarkurs i Zagreb

For å formidla erfaringane frå prosjektet vert det arrangert to lærarkurs, eitt i Zagreb hausten 2018 og eitt i Thessaloniki våren 2019. På kurset i Zagreb deltok rektor Eli Merete Moen (Luster oppvekstsenter), Eva Vibeke Tangen (Solvorn oppvekstsenter), Dagfinn Hovland (Skjolden oppvekstsenter) og Arve Bjørn Røneid (Gaupne skule). Totalt deltok 55 skulefolk på kurset. Luster hadde ein av dei mindre delegasjonane, men hausta mykje applaus under presentasjonsøkta av dei ulike landa der det forutan turistbrosjyrar, Luster kommune-vimpel, norske flagg og lokalmat vart underhalde med norsk folkesong og toradar. Deltakinga på lærarkurset i Zagreb var økonomisk støtta gjennom tilskot frå Senter for internasjonalisering av utdanning.

Finalesamling i Luster

Neste samling og lærarkurs i prosjektet føregår i slutten av november i Danmark. Her vil det vera med representantar frå fleire oppvekstsenter. Samlinga i København er siste samling før prosjektet vert avslutta med samling i Luster 17.-mai-veka 2019. Det vert spennande og morosamt å få besøk av 25-30 skulefolk frå ulike delar av Europa.



Cupeventyr for Hafslo IL under Norway Cup

Hafslo IL deltok med heile fem lag og 59 spelarar under Norway Cup 2018 frå 28. juli til 3. august. Medrekna trenarar, lagleiarar, foreldre, søsken og andre supporterar, var det om lag 150 personar frå Hafslo, Veitastrond og Solvorn tilstades under årets utgåve av verdas største fotballturnering for born og unge.

Alle dei fem laga frå Hafslo IL stod for gode sportlege prestasjonar. Etter dei innleiande kampane var det klart at tre av fem lag var klare for A-sluttspillet og to lag var klare for B-sluttspillet.

Hafslo J15/16 kvalifiserte seg til A-sluttspillet, og møtte Syril J15/16 i 16-delsfinalen. Det vart ein fantastisk og uforgløyemeleg kamp, der Hafslo-jentene tok ein råsterk 2-0 siger. I 1/8-dels finalen vart det 2-1 siger mot Hordabø, og jentene var klare for ein historisk kvartfinale i Norway Cup. Dessverre tok cup-eventyret slutt for Hafslo-jentene i kvartfinalen etter 0-3 tap mot Hareid.

Hafslo G13 kvalifiserte seg også til A-sluttspillet etter imponerande spel i gruppespelet. Gutane spelte 1/32-delsfinale mot JK Tabasalu frå Estland. Etter ein jamn første omgang, vart det dessverre ein tøff andreomgang, der JK Tabasalu til slutt vann 5-2.

Hafslo J13 gjekk som einaste lag frå Hafslo IL gjennom gruppespelet utan tap, og møtte Grei SF i 1/16-delsfinalen i A-sluttspillet. Dessverre vart det eit knipent 1-2 tap for jentene etter heroisk innsats.

Hafslo J14 kvalifiserte seg til B-sluttspillet etter to knipne eittmålstap og ein storsiger i gruppespelet. Jentene møtte Rolvsøy i 1/8-dels finalen og det vart ein svært spanande kamp, der Rolvsøy til slutt vann 4-3.

Hafslo G15/16 var også nær å kvalifisere seg til A-sluttspillet, men på grunn av dårlegare målskilnad vart det tredje plass i gruppespelet, og B-sluttspel for gutane. Hafslo G15/16 møtte Tus



Hafslo G15/16 med trenarar og lagleiarar med pokalen etter siger i B-sluttspillet.

Felde frå Tyskland i 1/8-dels finalen og vann 4-2. Deretter vart det 7-1 siger mot Batnfjord i kvartfinalen, og 4-3 siger mot Træff i semifinalen. Dermed var Hafslo-gutane klare for finale i B-sluttspillet i Norway Cup 2018 mot Tornado/Måløy fredag 3.august! Det vart ein jamn og spanande finale på Ekebergsletta, der Hafslo G15/16 til slutt vann 2-1. Ei stor oppleving for spelarane, trenarane og alle andre frå Hafslo IL å få oppleve finalesiger og få med seg pokal heim frå Norway Cup.

Det vart ei intens, men fantastisk turneringsveke for spelarar, trenarar, lagleiarar og verdas beste supporterar frå Hafslo IL i flott sommarver. Alle dei fem laga presterte godt, og det var fantastisk å sjå korleis Hafslo IL markerte seg både på og utanfor banene i Oslo. Det var mange lag som var misunnelege på den gode stemninga og støtta som Hafslo-supporterane stod for under kampane. Det vart skapt minne som aldri blir gløymt, og det var mange som fekk auge opp for Hafslo IL under årets turnering.



Hafslo IL sine supporterar var godt synlege og lagde god stemming under laga sine kampar under Norway Cup 2018.



Elevane underheldt.

Jostedal skule 50 år: 1968 – 2018

31. oktober feira me Forut-festival og skulejubileum i Jostedal samfunnshus. Heile bygda var invitert på jubileumskake og underhaldning frå borna ved oppvekstsenteret. Me har hatt felles songstunder gjennom hausten og lært oss songane i lag, og fått vår eigen vri på dei med dans og rytmeinstrument.

I Forut-prosjektet lærte me om born sine rettar og om korleis born har det andre plassar i verda, dette året handla det om guten Sivatas frå Sri Lanka. 5.-7.klasse hadde laga veggaviser om born sine rettar med særleg fokus på flyktningeborn. I tillegg til song frå scena, og sal til inntekt for Forut sin barneaksjon, ynskte ordførar Ivar Kvalen oss til lukke med dagen, og historikar Oddmund Hoel fortalte om skulehistoria i Jostedalen. Dette kan ein lese meir om i Jostedal skule- og bygdeavis.

Arrangementet var skipa av oppvekstsenteret i lag med foreldretvalet ved skulen.

Skulen i Luster er også 50 år i 2018. Rektor Eli Merete Hansen Moen opplyser at det vil bli markert i løpet av skuleåret.



Jubileumskaka. Det store, flotte jubileumskaka freista mange.



Rektor Mette Reinertsen og ordførar Ivar Kvalen.



Heile bygda var invitert til jubileumsfest.

Elevar frå Luster ungdomskule på utplassering

Intervjua er laga av Jasmin Kageni Namu og Cathrine Neset. Dei jobba for Lustranytt.

Kva heiter du?

Eline Bringe

Kva arbeidsplass er du på?

Gaupne bilsenter AS

Kva gjer du ?

Byter dekk, leggje om dekk og vaskar dekk.

Kvifor valde du denne arbeidsplassen?

Sidan eg var liten har eg alltid likt bilar.

Pappa jobbar her og det har gjort det enklare for meg å prøve ut den interessa.



Jasmin Kageni Namu og Cathrine Neset.



Eline Bringe.

Kva synes du er det beste med denne arbeidsplassen?

Mykje å gjere, får prøve ut mange forskjellige ting og snille folk.

Kunne du tenkt deg å jobbe her framtida?

Både ja og nei, fordi det er morosamt, men eg hadde sikkert blitt lei i lengda.

Kva synes du om at ungdommar får eit slik tilbod?

Bra, fordi viss nokon tenkjer at dei har lyst til å jobbe ein plass, så kan dei sjå korleis det er. Noko kan gje meirsmak og andre kan endre meining.

Kva heiter du?

Amalie Johannesen Skålvik

Kva arbeidsplass er du på?

Coop prix Gaupne

Kva gjer du ?

Eg har tatt ut varer og satt dei på plass.

Kvifor valte du denne arbeidsplassen?

Fordi mamma jobbar her.

Kva synes du er det beste med denne arbeidsplassen?

Mange snille og hyggelege folk her som gjer arbeidsmiljøet bra.

Kunne du tenkt deg å jobbe her framtida?

Ja, fordi det er koseleg og godt betalt.

Kva synes du om at ungdommar får eit slik tilbod?

Bra, fordi då får du ein smak av korleis det er i arbeidslivet.



Amalie Johannesen Skålvik.

Utplassering på rådhuset

Vi er 2 elevar frå Luster ungdomskule, og har eit fag som heiter arbeidslivsfag. I faget fikk vi eit prosjekt der vi skulle på utplassering. Det prosjektet gjekk ut på å jobbe her på rådhuset. Dette var noko nytt for oss begge, men vi håpte på å lære masse nytt.

Når vi først begynte å jobbe på rådhuset, var det eigentleg berre å lære seg kor alt var hen. Me fikk mange forskjellige oppgaver som å fylle på kaffimaskina, makulere, hjelpe med posten, henge opp plakatar og hjelpe til med å arrangere eldredag.

Detta var eit veldig nyttig og lærerikt prosjekt. Vi lærte masse forskjellige praktiske ting og arbeid som vil garantert hjelpe oss



Johannes jobbar med innlegget i Lustranytt.

vidare i framtida.

Cathrine Neset og Johannes Oppedal



Me'n'u er ein ungdomsklubb som er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster kommune og Luster frivilligsentral, for ungdommar mellom 13-17år. Ungdomsklubben gjennomfører gratis aktivitetsekveldar 6-7 gonger i året, alle er mellom 3-4 timar. Me'n'u blir arrangert forskjellige plassar rundt om i kommunen t.d. Idrettshallen i Gaupne, Fjordstova i Skjolden og Skisenteret på Hafslø.

Ungdom spør ungdom:

Jasmin Kageni Namu og Cathrine Neset intervjuar to frå både 8. og 9. ved Luster ungdomskule. Dei me intervjuar har vore med på alle Me'n'u-ane som har blitt arrangert i år. Alle saman syns at det har vore kjekt, fordi då kan dei vere med vener og vere med på mange forskjellige aktivitetar. Det er viktig å ha eit slikt tilbod for ungdommar for å ha ein plass å vere sosiale og vere med vener og å vere i aktivitet. Det er også enklare å sosialisere seg med andre fordi det er folk frå både



Her ser de Eirhild Svanheld(8. klasse), Jonas Snotun(8. klasse), Karlis Steinblums(9. klasse) og Amund Yttri Eide (9. klasse) utanfor Luster ungdomskule. Dei er alle saman med på Me'n'u.

Luster ungdomskule og Hafslø barne- og ungdomskule.

Har de forslag til kva arrangørane kunne gjort betre?

Det virkar som alle er godt fornøgd med aktivitetane, men Eirhild meinte at dei kunne hatt fleire arrangerte leikar, t.d. Capture the flag.

Skulerute 2019-2020

August: Fyrste skuledag 19. august. 10 skuledagar
 September: 21 skuledagar
 Oktober: Haustferie 7. – 11. (v. 41). 18 skuledagar
 November: 21 skuledagar
 Desember: Siste skuledag før jul 20. desember.
 15 skuledagar
 Januar: Fyrste skuledag måndag 6. januar.
 20 skuledagar
 Februar: Vinterferie 17. – 21. (v. 8). 15 skuledagar
 Mars: 22 skuledagar
 April: Siste skuledag før påske 3. april og fyrste
 skuledag etter påske 14. april. 16 skuledagar
 Mai: Elevfri 22. mai. 18 skuledagar
 Juni: Siste skuledag 19. juni. 14 skuledagar.
 Totalt 190 dagar.

Me gratulerer med nye fagbrev/ kompetansebevis



Jon Ivar Buene og Tobias Sæthre har teke fagbrev i dataelektronikarfaget på rådhuset.



Mai Grete Klingenberg Bru-grand har teke fagbrev i helsefaget ved Hafslø omsorgssenter.



Natalie Maria Henjum har teke kompetansebevis i barne -og ungdomsfaget ved Solvorn oppvekstsenter.

LUSTER
 Luster UngdomsTAXI

Ting TAXI hjå:
 Taxisentralen
 Tlf: 57 68 16 20

Opne arrangement i Luster kommune
 Treningar, møte og kurs

Før ungdom mellom 13 - 19 år busett i kommunen

Minimum 2 personar.
 Andre kan vere med men må betale full pris

KVAR? KVEN? KOR MANGE?

Prisen er 50,- kroner pr tur, pr person

Ungdommen sitt kommunestyre 2018/19

Ein flott gjeng valde av og for ungdommen i kommunen.
Me ynskjer alle lukke til med arbeidet!



Ungdommen sitt kommunestyre 2018/19. F.v. Simon Gunnestad, Per Hauge, Jonas Snøtun (vara), Oda Bertine Bondevik Lie (vara), Bård Inge Fredheim (vara), Elisabeth Hurthi (vara), Håkon Bergum Hansen, Karina Mai Olsen (vara), Venessa Joranger, Isak Hauge Sørensen, Hedda Njøs, Jakob Sandvik, Tobias Molland (vara), Vilde Hulen Bjørk, Mathias Meløy, Marie Skamsar Aasen (vara), Hiba Almobarak, Mohammed Omar Jama, Emma Maria Sognnes Heltne (ikkje til stades på bilete).

Arbeidsutvalet for ungdommen sitt kommunestyre 2018/19: F.v. Venessa Joranger, medlem, Jakob Sandvik, leiar, Vilde Hulen Bjørk, varamedlem, og Hiba Almobarak, nestleiar.



Sogn kultur-skule

Sogn kulturskule er plassen der born og unge i Luster kan læra å spela og dansa. Eller plass og plass... kulturskulen finn du fleire plassar rundt i kommunen. Dei har undervisning på Skjolden, i Luster, i Gaupne, i Jostedalen og på Hafslo. I tillegg er det stor aktivitet i Sogndal og Leikanger også.

Der underviser dei i kulturhuset, på Kaupanger skule og på Leikanger Barneskule. Som om ikkje det var nok, har Sogn kulturskule innleia eit samarbeid om kulturskule med Balestrand kommune. Balestrand har enno eigen kulturskule, men får hjelp til organisering og administrering av Sogn kulturskule. Det betyr at Sogn kulturskule har ansvar for kulturskuleundervisninga frå Lånefjorden til Sognefjellet. Det blir undervist på ni forskjellige undervisningsstader frå Sagatun skule til Fjordstova på Skjolden.



Marius Stenseth Loftesnes er nyaste læreren i kulturskulen, og underviser i heile regionen.



Ungdomskoret Røyst, heilt i fokus.

Lærarar i kulturskulen

Og kven er det som underviser i kulturskulen? Lærarlista tel 26 namn pluss eit par «faste» vikarar. Alle desse har sjølvsagt ikkje kulturskule som hovudjobb, men alle jobbar i kulturskulen i forskjellig omfang. Marius er kulturskulen sin nyaste lærar, og ein av dei yngste. Han fullfører ein mastergrad i musikkdidaktikk ved OsloMet i haust. Han har jobba ein del i ein privat musikkskule i Oslo, og er eit kjent ansikt frå musikklivet i Sogndal. Marius jobbar full stilling i kulturskulen, og underviser rundt omkring i heile regionen. Leon er ein veteran som har



Leon Lunde har undervist i kulturskulen sidan 1987.

vore i kulturskulen sidan 1987. Mange av elevane til Leon frå den tida spelar enno, så det skulle tyda på at dei fekk eit godt grunnlag. Han underviser på dei fleste instrument og er det som må seiast å vera ei skikkeleg «pottet». Leon kombinerer jobben i kulturskulen med jobb som lærar i skulen, og får på den måten ekstra god kontakt med elevane. Leon underviser berre i Luster kommune.

Elevar og fag

Sogn kulturskule har elevar i alle aldrar frå 3 til 83. Dei aller fleste er likevel i skulealder mellom 6 og 15 år gamle. Elevane spelar, syng og dansar på dei fleste nivå frå heilt nybegynnar til meir avanserte ting. Kulturskulen har tilbod på disiplinær som aspirantopplæring, ballett, fløyte, klarinett, sax, horn, trompet, trombone, tuba, fiolin, cello, hardingfele, trekkspel, toradar, bass, gitar, keyboard, piano, orgel, slagverk, band, folkesong, klassisk song, kor og pop/rock-song. På heimesida www.sognkulturskule.no kan du finna ut korleis du søker plass i kulturskulen.

Vellukka samling for IP-koordinatorar



Bernt Hovind, kurshaldar god møteleiing.

Då koordinatorar for brukarar med individuell plan møttest til samling tidleg i oktober, fekk dei oppleva ei rikhaldig dagsorden: Brukarperspektivet, koordinatorrolla, gruppearbeid om individuell plan og foredrag om god møteleiing i tverrfaglege forum.

Barn og vaksne som har store og samansette behov, og difor har trong for tenester frå fleire ulike faginstansar, kan få innvilga ein såkalla individuell plan (IP) der behovet og det heilskaplege tenestetilbodet vert skildra. Koordinator er den kommunalt tilsette som skal sikra oppfølging, samordning av tenestene og framdrift i arbeidet med individuell plan.

Slik familien ser det

Det var nesten 100 % oppmøte på koordinatorssamlinga. Første punkt på dagsorden var brukarperspektivet der ein brukar fortalde om korleis det å ha barn med individuell plan vart opplevd sett med foreldra sine auge. Her vart det trekt fram kor viktig det er at individuell plan speglar beho-

va både i skuletida og på fritida, at individuell plan må vera i aktiv bruk og at overgangar og ev. skifte av koordinator må planleggjast nøye.

Koordinatorrolla

Konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne, Aud Jorunn Høyheim, og leiande fysioterapeut, Kari Ingeborg Bukve, innleia om koordinatorrolla og om den digitale løysinga, Visma Sampro IP, som kommunen har teke i bruk og oppdaterte prosedyrar.

I gruppearbeidet reflekterte deltakarane om gode målsetnader i ein individuell plan, om utfordringar i koordinatorrolla og i arbeidet med individuell plan og kva område som eventuelt kan endrast eller forbeholdast.

God møteleiing

I samband med ein individuell plan vert det halde ein god del tverrfaglege møte der ulike instansar og pårørande deltek. Siste del av programmet på samlinga

var difor vigd til temaet «God møteleiing i tverrfaglege forum». Kurshaldar var Bernt Hovind, seksjonsleiar ved barnevernstenesta i Nordstrand bydel i Oslo. På denne økta var også leiarar frå barnehage, skule, omsorg og helse og barnevernet inviterte. Hovind fortalde levande og engasjert om effektiv og strukturert møteleiing med mange praktiske tips.

Eit innleiande spørsmål var «Kvifor har me møte? Er akkurat dette møtet naudsynt? Kva ønskjer me å få ut av møtet?». Møtekultur, respekt for andre si tid (halda dei oppsette møtetidene, ikkje koma for seint) og verdien av det å vera førebudd til møtet – det at alle hadde gjort «leksa» si – vart framheva som faktorar for gode møte. Elles var Hovind tydeleg på at «Ymse»-punkt på dagsordenen burde fjernast. Ymse-punkt var som regel tidstjuvar og lite planlagde. Då var det betre å berre ha reine sakspunkt som var førebudde. Her var det råd som kunne vera til nytte i møtesamanheng både i jobb og på fritid.



Ivrige møtedeltakarar. Rundt bordet f.v.: Britt Kristin Røneid, Nina Cathrin Rognehaug Solvi, Henny Haugane, Anne Merethe Kvalsøren og Randi Kalstad.

Kommunal rusomsorg – arbeid og aktivitet

«Arbeid og aktivitet» er eit nytt 4 års prosjekt finansiert av midlar frå Helsedirektorat. Hovudmål er å hjelpe deg som er i tilfriskning frå rus ut i meningsfull aktivitet.

Etter langt fråvær frå det ordinære arbeidsliv kan det være utfordrande å komme seg ut i ordinært arbeid. Det kan og være ønskje og behov for å sjå på ny karriereveg. I tillegg er det vanleg med oppfølging og behandling i lang tid for å stabilisere edruskap, og då treng ein gjerne ein god start inn i arbeidslivet.

Filosofien i prosjektet er å lytte til den enkelte sine ønskjer å behov. På den måten blir du sjølv med å bestemmer vegen vidare for deg, og arbeidstilbodet skal vera individuelt tilpassa.

Vi ønskjer dialog med både private og offentlige verksemdar i Luster for å kunne tilby eit så breitt tilbod som muleg.

Du kjem i kontakt med oss gjennom din ruskonsulent eller erfaringskonsulent.

Eventuelt må du gjerne ta kontakt med nokon i prosjektgruppa.

Har du tankar om prosjektet som nabo, pårørande, bedrift så vil me gjerne ha kontakt med deg!



Prosjektleder Elisabeth B. Orrestad og Prosjektmedarbeidar Karl Stefan Åberg.

Prosjektgruppa er:

Elisabeth B. Orrestad – prosjektleder
Stefan Åberg – prosjektmedarbeidar
Anniken Meisterplass – ruskonsulent
Olfert Øvrebø – kommune psykolog
Jonny Gjerde – erfaringskonsulent
Anita Kjølraug – Luster Frivilligsentral
Kirsten Vikdal – ATS
Kjerstin Carlsen – NAV Luster
Britt Veum Hauge – konsulent/folkehelsekoordinator

Folketal

Folketalet i Luster kommune sank med 3 personar i andre kvartal 2018. Det var 16 fødde, 13 døde. 34 personar flytte til Luster og 40 personar flytte frå Luster. Det gav eit folketal pr. 1. juli på 5237.

Folketal	pr. 01/01-00	5003
Folketal	pr. 01/01-01	4954
Folketal	pr. 01/01-02	4968
Folketal	pr. 01/01-03	4924
Folketal	pr. 01/01-04	4926
Folketal	pr. 01/01-05	4927
Folketal	pr. 01/01-06	4889
Folketal	pr. 01/01-07	4884
Folketal	pr. 01/01-08	4870
Folketal	pr. 01/01-09	4879
Folketal	pr. 01/01-10	4945

Folketal	pr. 01/01-11	5023
Folketal	pr. 01/01-12	5026
Folketal	pr. 01/01-13	5041
Folketal	pr. 01/01-14	5089
Folketal	pr. 01/01-15	5118
Folketal	pr. 01/01-16	5093
Folketal	pr. 01/04-16	5098
Folketal	pr. 01/07-16	5120
Folketal	pr. 01/01-17	5151
Folketal	pr. 01/04-17	5167
Folketal	pr. 01/07-17	5184
Folketal	pr. 01/01-18	5223
Folketal	pr. 01/04-18	5240
Folketal	pr. 01/07-18	5237

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningsstatistikk.

Rask psykisk helsehjelp (RPH)

Luster kommune startar opp nytt tilbod frå 01.02.2019. Tilbodet er for deg som har utfordringar i høve angst, depresjon, søvn og byrjande rusproblem.

Rask psykisk helsehjelp er:

- Gratis
- Utan henvisning
- Rask hjelp – tilbod innan 1 – 2 veker
- Skreddarsydd behandling som inneheld internettbasert sjølvhjelpsprogram, gruppekurs og individuelle samtalar
- Basert på kognitiv terapi, der ein arbeider med problemløysing. Det handlar om å bli bevisst på negative tanke- og åtferdsmønster og jobbe mot å endre dei.

Kan dette vere noko for deg?

Ta kontakt med Team rask psykisk helsehjelp på tlf 57685637.



Desse skal jobbe med rask psykisk helsehjelp. Frå venstre: Vivi Ann Fedje Abelsen, Randi Kalstad og Silje Systad.

«Rask psykisk helsehjelp viser gode resultat. Ifølge en rapport fra Folkehelseinstituttet ble 6 av 10 friske etter å ha fått Rask psykisk helsehjelp».
NAPHA-rådgiver, Trond Asmussen

Kvardagsrehabilitering

Luster kommune vil i løpet av 2019 tilby tenesta kvardagsrehabilitering. Kvardagsrehabilitering er for deg over 18 år som:

- Ynskjer å vere aktiv og sjølvstendig, men greier ikkje lenger du tidlegare har fått til.
- Har opplevd svekking, sjukdom eller skade.
- Er motivert for å klare deg sjølv.

Kva er kvardagsrehabilitering?

- Tidsavgrensa teneste der opptrening i daglege gjeremål skjer heime hos deg eller i ditt nærrområde.
- Det startar med spørsmålet: «kva er viktige aktivitetar i livet ditt no?»
- Saman med deg vil eit tverrfagleg team utarbeide mål for kva du tykkjer er viktig å meistre i din kvardag.

Ting å trene på kan vere:

- Å komme deg inn og ut av senga
- Å dusje sjølv
- Å kle av/på deg
- Lage mat
- Å gå utandørs
- Handle i butikken
- Gå i trapp
- Å delta i sosiale aktivitetar/hobbyar som er viktige for deg
- Ta i bruk aktuell teknologi/hjelpemiddel



Lengst mogleg aktiv i eige liv!

«Eg trenar ikkje for å bli ung, men for å bli gammal!»

Betre balanse grupper

Styrke- og balanseøvingar for «godt vaksne». Rul-lator ingen hindring!

Gruppene er leia av fysioterapeut og held til på arbeidsstova på omsorgssenteret. Etter trimmen er det tid for kaffi, mat og «svadl».
Pris: Tilbodet kostar 50 kr per gong for mat og trim.

Gratis transport:

Du ringjer **Servicetorget i Luster Kommune tlf. 57 68 55 00** (opningstid kl. 08.00 - 15.30) for å bestil-le transport. Siste frist er kl. 9.00 same dag.

Tidspunkt:

Gaupne Omsorgssenter: **Måndag kl. 13.30 - 15.00**
Luster Omsorgssenter: **Tysdag kl. 13.30 - 15.00**
Hafslo Omsorgssenter: **Tysdag kl. 13.30 - 15.00**

Høyrest dette kjekt ut? Ta kontakt, eller berre møt opp!

Linda Hermansen 989 03 837 (Luster og Gaupne)
Erik Sannebro 57 68 58 19 (Hafslo)
Kari Ingeborg Bukve 57 68 56 20



Fysioterapeutar i privat praksis



Bjørn Kalstad, Tor Jervan Staarvik og Jori Skorve blir på Friskhuset.

Frå 01.01.2019 vil det vere tre fysioterapeutar på plass i det nye Friskhuset i Gaupne. Desse er Bjørn Kalstad, Jori Skorve og Tor Jervan Staarvik. Dei har alle driftsavtale med kommunen og vil drive sin privat praksis på Friskhuset. I tillegg vil kommunen sin turnuskandidat i fysioterapi vere lokalisert der to til tre dagar i veka.

Ronald Velthuijs er som før loka-lisert på Helsesenteret fire dagar i veka. Erik Sannebro driv privat praksis på Hafslo Omsorgssenter.

Begge desse har driftsavtale med kommunen.

Du treng ikkje tilvising frå lege for å gå til fysioterapeut og få trygderefusjon. Ved behov for fysioterapi tek du sjølv direkte kontakt med ein av fysiotera-
peutane i privat praksis.

Alle over 16 år betalar eigenan-del etter fastsett takstplakat opp til eigenandelstak 2 - som er på 2025,- kr for 2018, uavhengig av diagnose. Born frå 0-16 år og yrkesskada har rett til gratis fysioterapi.



Erik Sannebro er på Hafslo omsorgs-senter.



Ronald Velthuijs er som før på Helse-senteret.

Eit betre liv

LHL er ein landsdekkande helseorganisasjon bygd på medlemskap og frivillig arbeid i lokallaga. LHL har over 52000 medlemmar, og tilbyr behandling og helsetenester med utgangspunkt i pasientane sine medisinske og menneskelege behov. I løpet av mars og april 2018 vart det meste flytta inn i det nye sjukehuset på Gardermoen. Du finn meir informasjon om LHL på www.lhl.no.

LHL Luster har 155 medlemmar og har vore eit svært aktivt lokallag i mange år. Det handlar om å møtast rundt felles interesse og arbeid for hjarte-, kar- og lungesjuka. Arbeidet omfattar i dag fleire interessefelt som hjerneslag, astma, allergi med fleire.

Laget har trimaktivitetar, omfattande lagsarbeid og sosiale arrangement, gjerne i samarbeid med andre lag og organisasjonar. Laget har også tillitsverv / representantar / utsendingar til mange viktige styre, råd og møte.

Hjartetrim kvar tysdag kl. 10.00 - 11.00 på treningssenteret.



Pause med kaffi og god prat.



LHL
Luster



Ein lystig gjeng i trimdans. LHL dansar kvar søndag på treningssenteret og er så heldige å ha levande musikk til dansen. Fleire musikalske krefter stiller opp og spelar lystige tonar til dansen.

Vasstrim kvar torsdag kl. 17.00 – 18.00 i det varme bassenget i Lustrabadet.

Trimdans kvar søndag kl. 19.00 - 21.00 på treningssenteret med levande musikk.

LHL ung siste torsdag i månaden kl. 18.30 på lagshuset.

Kaffislaberas / Lagsmøte / Årsmøte / Julebord / julemiddag. Møte 5–6 gonger i året.

Grillfest. Me avsluttar aktivitetane i vinter / vårsesongen med grilling ved lagshuset.

Turar. Deltak på turar arrangert av Luster Revmatikarforening.

På sommaren / hausten blir det invitert til ein litt lengre tur innanlands eller utanlands.

Alle aktivitetane til LHL Luster er opne for alle, og fleire unge interesserte er særskilt velkomne.

Du finn meir informasjon om LHL Luster på: www.lhl.no/lokallag/sogn-og-fjordane/lhl-luster/

Følg oss på facebook: www.facebook.com/LHL.luster/

Epost: lhl.luster@lhl.no

Ny tannlege i Gaupne

Om Luster tannklinikk

No er vi i gang, Monica og eg. Det fortel den nye tannlegen, Anne Lene Sygna Halleråker til Lustranytt.

Den 13. august i år stod bygg, tannlegestolar og utstyr klart til bruk i Øyagata 7 i Gaupne. Etter den tid har vi teke imot trivelege bygdefolk frå heile kommunen som lir av tannverk men og av lokal patriotisme. Eg bur sjølv på Hafslo, og tykte Luster var kommunen å både bu og jobbe i. Opprinneleg kjem eg frå Sande i Gaular, og eg har alltid hatt ynskje om å bu og jobbe på bygda. For å få til eigen praksis heilt frå botn av er det fleire ting som har vore naudsynte. Ein flott kommune med engasjerte innbyggjarar, ein kommuneadministrasjon som seier ja, ein bank som tør å ta sats, entreprenørar og anna fagfolk som kan sine fag, naboar som er positive, og ikkje minst ein dyktig tannhelsesekretær frå Fortunsdalen. Alle desse tinga kom etter kvart på plass og då var det berre å setje i gang.

Luster tannklinikk er ein allmenpraktiserande tannklinikk, med gode samarbeidspartnarar når det kjem til spesialistbehandling. Førebels har vi nytta startfasen til å verte betre kjend med nytt utstyr, nye lokale, og ikkje minst nye pasientar. Fokuset strekker seg langt fram, og det er laga klart for fleire behandlarar om det skulle bli behov for det.

Mange har eit forhold til tannlegen sin og kjenner seg trygge der dei er vande, enten det er i eller utanfor kommunegrensa. Vi håpar Luster tannklinikk kan bli eit naturleg val den dagen det vert naudsynt eller ynskjeleg å bytte tannlege. Eit overordna mål er å gi tryggleik og stabilitet for innbyggjarane i kommunen. Nokre



uteblir frå tannlegebesøk, av ulike årsaker. Vi skal gjere vårt ytterste for at også desse føler seg ivaretekne om dei vel å kome til oss.

Alle er velkomne, og ta gjerne turen innom klinikken om du er i forbifarten!

Om du lurar på noko meir, kan du ta ein kikk på heimesida lustertannklinikk.no



Juleglede 2018



Samarbeidsgruppa Juleglede 2018. Bak f.v.: Leidulf Kvam, Luster Lions, Linda Goldmann, Luster Røde Kors, Liv Helen Nystuen og Asborg Leirdal Kjærvik, Nasjonalforeningen Gaupne helselag. Framme f.v.: Trine Anita Systad, NAV Luster og Anita Kjørlaus, Luster Frivilligsentral. Sogn Barnevern og helsestasjonen i Luster var ikkje til stades då dette biletet vart teke.

Me er godt i gang med planlegginga av «Juleglede» for 2018.

Jula er ei høgtid som forsterkar kjenslene våre, både gleder og sorger. Det kan av ulike årsaker vere ei vanskeleg tid for mange. Kjøpepress og forventningar kan skape vanskelege tankar for oss foreldre. Tankar om å ikkje strekke til, tankar om å ikkje kunne gje barna det dei ynskjer seg til jul, tankar om at det blir vanskeleg å få økonomien til å strekke til.

Me ynskjer å bidra til at alle skal få oppleve ei god jul!

Julehøgtida handlar i hovudsak ikkje om matrielle ting. Det handlar om å få vere saman med familie, venner og dei ein er glade i. Men me ynskjer at «juleglede» kan vere med å bidra til at ein får litt færre bekymringar, at borna får noko dei ynskjer seg og at jula blir god for alle. Ved å fylle ut eit enkelt skjema kan de som foreldre velje mellom personlege gåver til borna eller ein «opplevelsespakke» for familien. Skjema kan du hente på servicetorget på rådhuset, helsestasjonen, NAV Luster og på frivilligsentralen. Skjemaet er heilt anonymt, men du får ei kvittering som må leverast ved henting av gåver.

Frist for innlevering av skjema er fredag 7. desember på helsestasjonen.

Henting av gåver skal vere på Friskhuset i tilknytning til Luster frivilligsentral den 17. - 19. desember. Den 18. desember er det mogeleg å hente gåver på ettermiddagen fram til kl. 18.00, dei andre dagane vert utleveringa på dagtid.

Vil du bidra?

Me er så heldige å har fått med oss Pyramiden senter som sponsor, men me ynskjer også å nå ut til andre bedrifter og privatpersonar som har lyst å bidra til dette arbeidet. Me har oppretta Vipps til dette formålet gjennom Luster Røde Kors: Både bedrifter og privatpersonar som ynskjer det kan få vere med å bidra:

Vipps: # 159965 – Juleglede (Luster Røde Kors), eller bankkonto nr: 3785.12.25871

Me ynskjer å gjere ei forskjell for dei familiane som opplever julehøgtida vanskeleg. Ver med å bidra til å gjere ei forskjell for nokon som treng det du òg! Ved spørsmål, ta gjerne kontakt med NAV Luster v/ Trine-Anita Systad tlf. 41298302 eller Luster frivilligsentral v/Anita Kjørlaus tlf. 456 65 945.



Aktiv alderdom i Luster kommune

Kva tenkjer du at ein god og aktiv alderdom bør innehalde? Verdstet du sosiale tilstellingar, eller er det å komme seg ut i frisk luft viktig for deg? Eller kanskje begge deler? Dagens pensjonistar har ulike ressursar og ulike behov. Vi meiner at alle «eldre» er viktige for samfunnet. Mange sit med kunnskap og er ein uvurderleg ressurs i kvardagen til sine barn, barnebarn og lokale bygder.

Luster kommune har som mål å leggja til rette for eit lokalsamfunn som sikrar gode levekår i alle delar av befolkninga. «Aktiv alderdom» er eit toåring prosjekt med mål om å redusere einsemd og passivitet blant eldre gjennom lokale møteplassar, aktivitetar og frivillig arbeid.

Aktiv alderdom skal arbeide med

- Å legge til rette for ein god alderdom
- Å ivareta seniorressursen
- Aktivitetar og møteplassar i bygdene
- Ein felles aktivitetsoversikt for Luster
- Nettbasert «Senior informasjon»

Kjenner du nokon som er einsam?

Uavhengig av alder har ikkje folk godt av å sitje heime over lengre tid utan å drive med noko dei opplever som meningsfylt. Einsemd er eit aukande folkehelseproblem hos unge og eldre, men dette gjeld ikkje berre i Noreg. Til dømes i England er det etablert ein eigen einsemdsminister. Pensjonistforbundet i Norge er ein av fleire organisasjonar som oppfordrar nordmenn til å vekke si «indre nabokjerring» - å bry seg om andre.

Alderdommen = ein samfunnsressurs

Eldre har noko dei yngre ikkje har – erfaring. Når eldre deler si tid, kunnskap og kompetanse er dei ein ressurs for samfunnet, og i tillegg er det er god medisin mot einsemd. Arbeidet med Aktiv alderdom skal leggje vekt på «seniorressursen» som bidreg til samarbeid på tvers av generasjonar. Pensjonistar som ønskjer skal ha høve til å bidra på område som dei sjølve meiner er interessante og meningsfulle.



Ny informasjonsmodell i Luster

Kva finst av sosiale, kulturelle og fysiske aktivitetar og arrangement i Luster? Korleis kan eg bidra? Kva tilbod finst til heimebuande? Kva moglegheiter finst det innan transport når vedkomande ikkje har førarkort? Er du pårørende og har behov for informasjon? Dette er nokon av dei spørsmåla den nye informasjonsmodellen på kommunen si heimeside skal bidra til å synleggjere.

Felles aktivitetsoversikt og lokal samarbeid

Det finst per dags dato ikkje ein felles aktivitetsoversikt med alle tilbod og aktivitetar i kommunen. I samarbeid med Luster Frivilligsentral, Frisklivs- sentralen, frivillige lag- og organisasjonar, nærings- liv og kommunale tenester skal det utviklast ein digital lokal aktivitetsoversikt på tvers av generasjonar, bygder og kulturar.

Me ønskjer dine innspel og tilbakemeldingar - kva er viktig for deg?

I samarbeid med lokale bygdslag kan me i byrjinga av 2019 tenkje oss å arrangere dialogmøte for å få innspel kring lokale behov og ønskjer. Har du, ditt lag, arbeidsplass eller organisasjon tankar, idear eller meiningar som kan bidra til å forme tiltaka i «Aktiv alderdom»?

Send gjerne ein e-post til prosjektleiar Benedikte Nergaard benedikte.nergaard@luster.kommune.no

Transporttilbod i Luster kommune 2019

Kommunane får kvart år midlar frå fylkeskommunen til transportteneste for funksjonshemma (TT). Serviceskyss(SS) vert også finansiert av fylkeskommunen, Kringom har ansvaret for tilbodet, og leiger inn Taxi-service til å køyra rutene. Tilboda er først og fremst retta mot eldre og/eller funksjonshemma, men Serviceskyssen kan nyttast av alle som treng transport og vanskeleg kan bruka buss.

Serviceskyss 2019

Det er inga form for godkjenning for å nytta tilbodet. På faste dagar kvar månad og til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Starttidene kan variera noko fordi ein har varierende tal passasjerar, som kan henta heime på tunet. Rutene går sjølvsagt i retur seinare på dagen. Alle passasjerar som ønskjer å nytta Serviceskyssen må bestilla hjå Taxiservice 57 68 16 20 innan kl. 18 dagen før turen. Då avtalar ein også tidspunkt for henting. **Eigenbetaling kr 30 kvar veg.**

Nokre gonger går Serviceskyssen til bygdesentra,



der ein kan finna butikk, post, kafé ol. Kvar eller annakvar månad vil rutene gå til Gaupne frå alle delar av kommunen. Taxiservice informerer om endringar i rutetilbodet.

Du kan bruka ei rute i motsett retning av det som er sett opp. T.d. følgja frå Gaupne til Luster dersom du ønskjer ein tur dit, eller følgja ruta berre ein veg og nytta annan skyss attende.

OBS Rutene vert ikkje køyrde dersom ingen bestiller skyss.

Serviceskyss-ruter i Luster kommune

	Dagar ruta går	Frå startstad ca	Retur til startstad ca
(Kroken - Skjolden – Luster - Gaupne)	2. og 4. torsdag i månaden	11.30	16.00
Lustrabygda rundt	1. og 3. tysdag i månaden	13.30	14.50
Nes - Luster	1. og 3. tysdag i månaden	13.00	15.00
Gaupne rundt	2. og 4. måndag i månaden	12.30	16.00
Jostedal rundt	4. tysdag i månaden	10.30	11.30
Jostedal - Gaupne	08.01, 12.3, 14.05, 09.07, 10.09, 12.11. og 10.12.	10.30	14.00
Indre Hafslo - Gaupne m/Mollandsmarki	2. og 4. onsdag i månaden	12.30	16.00
Hafslo rundt	2. og 4. fredag i månaden	09.30	11.30
Solvorn - Hafslo	2. og 4. fredag i månaden	09.30	11.30
Veitastrond - Hafslo - Gaupne	4. tysdag i månaden	10.00	13.30

Tinging

Alle som skal vere med Serviceskyss-ruta må tinge på førehand.

Tinging skjer på telefon 57 68 16 20 innan kl. 18 dagen før turen.

Eigenandel

Eigenandel for passasjerar er kr 30,- pr tur.

God tur!

Transporttenesta for funksjons- hemma (TT-KORT)

Tilbodet skal vera ein inspirasjon til «å koma seg utom døra», men det er på ingen måte meint å dekkja heile transportbehovet til brukaren. Brukarar av dette tilbodet må ha ei godkjenning. Funksjonshemming i høve transport/utandørs forflytting over større avstandar er bakgrunnen for godkjenninga. Tilbodet skal ikkje tildelast som erstatning for manglande offentleg transport. Søknad om å verta godkjend som brukar av transporttenesta kan sendast inn heile året. Søknadane vert handsama seks gonger årleg.

Ved første gongs tildeling får alle brukarar tilsendt eit magnetkort som dei må passa godt

på, og alltid ha med seg når dei nyttar Transporttenesta.

Ved nyttår vert midlane fordelt mellom brukarane og lagt inn i brukarkortet elektronisk. Brukarane får skriftleg melding om kor stor sum dei har fått tildelt. Eventuelle ekstraløyvingar vert fordelt omkring midtsommar, og lagt til i brukarkortet på same måte. TT-kortet skal ikkje brukast til å betala turar som i stor grad vert betalt av andre instansar, som t.d. tur til lege og fysioterapi.

Søknadsskjema og nærare informasjon kan ein få ved å venda seg til Servicetorget på rådhuset tlf. 57 68 55 00 eller ergoterapitenesta på Helsesenteret tlf. 57 68 56 21.



Eit samarbeid mellom kommune og bygdelaga

PC, nettbrett og telefon blir stadig viktigare for å bruke ulike tenester. Teknologien utviklar seg raskt, men finn du fram?

Luster kommune er med i eit nasjonalt prosjekt i regi av Kommunal og moderniseringsdepartementet og KS der målet

er å etablere lågterskeltilbod innan datahjelp tilpassa lokale forhold. Som del av dette er det etablert eit samarbeid med fleire av bygdelaga i kommunen.

Data kafè - datakurs: Hafslø, Indre Hafslø, Gaupne, Jostedal, Luster og Skjolden. Det blir annonsert etter kvart som bygdelaga startar opp tilbod. Fleire bygder har allereie hatt fyrste samlinga si, med godt oppmøte, humor og engasjement. Sjå berre bileta frå dei ulike bygdene. Har du telefon, nettbrett eller PC og har lyst til å lære meir? Døme på aktivitetar på Data kafè; Lese avis på nett, pasientreiser, laste ned NRK TV, kjøp og sal, grunnleggande kurs, søke etter sydentur og mykje meir!



Ungdomsskuleelevar hjelper flykningar på Vaksenopplæringa.

Foto: Wenche Schanke Eikum.

Data kafè er eit lågterskeltilbod

med sosialt samvær. Dersom det er fleire bygder som ynskjer å starte opp tilbod - ta kontakt med Servicetorget.

Datahjelpa Luster – tilbod som startar opp i haust:

- Datakafé: Hafslo, Indre Hafslo, Jostedal, Gaupne, Luster og Skjolden.
- Elevar på ungdomsskulen i valfaget «innsats for andre» er datahjelparar for flyktningar på Luster Vaksenopplæring kvar fredag.
- Drop in tilbod på rådhuset, meld deg på servicetorget, tysdagar kl. 12:00 – 15:00 (november – april).
- Drop in tilbod – Biblioteket i Gaupne torsdagar 16:00 – 18:00 (november-april).
- IT – lærling på rådhuset tilbyr 1:1 opplæring ved bestilling (servicetorg).

Det er utvikla eigen logo for tiltaket og felles plakat som bygdelaga, kommune etc. kan nytte ved profilering og annonsering av Datakafé og liknande. Dette for å gjere tilbodet lett kjennbart.

Informasjon om tilboda blir kontinuerleg oppdatert på heimesida vår. www.luster.kommune.no



Datakurs på Hafslo.



Datakafé på Indre Hafslo.



Datakafé på Skjolden.



Datakafé i Luster.

Fullt hus på Eikum på eldredagen

Om å leve, og sjølve livet



Fornøgde gjester på Eikum.

Eldrerådet samarbeida i år med Luster folkeakademi om kulturprogrammet på eldredagen. Om

lag 115 personar møtte fram og fekk variert underhaldning, servering og kommunal infor-

masjon. Leiaren i eldrerådet, Johannes Lad leia samkoma. Ordførar Ivar Kvalen møter kvart år på eldredagen. Han er mykje rundt om i kommunen og kjenner godt til kva som engasjerer lustringar i dei ulike grendene våre. Han rosa ulike dugnadsgjengar i kvar grend, mange eldre bidreg stort i frivillig arbeid som betyr mykje for trivselen i si grend. Han oppmoda også dei frammøtte om å ta med seg ein nabo, ein kjenning neste gong dei oppsøker eit arrangement. - Reis gjerne på besøk i nabobygdi, det er veldig interessant og blir sett stor pris på. Denne helsinga frå ordføraren passa godt til allsongen «La oss leve for hverandre». Dei frammøtte nikka og smilte fint, samde i bodskapen.

Ove Eide, pensjonert lektor frå Sandane fortalde om Jan Magnus Bruheim sitt forfattarskap og les tekstar med humor og alvor. Han fortalde om sitt fyrste møte Bruheim gjennom «Hornsmeden og andre barnarim» der diktet «Diameteren» fanga størst interesse, om Bruheim sitt engasjement mot sentralisering, om å



Ove Eide kjenner godt til forfattaren Jan Magnus Bruheim.

sjå enkeltmennesket, like til «Brevet» som han skreiv få veker før han døyde. «Brevet» kjenner me til Sigrid Moldestad sitt tonefølgje, om det enkle ordet kjærleik. Indre Hafslo spelemannslag hadde allsongar og melodiar frå ønsjekonserten. Både karane frå Indre Hafslo og gjestene drøymde seg attende til eit bittelite miniskjørt, lille vakre Anna og gamle Brunen. Rådmann Jarle Skartun fortalde om utvikling og utfordringar i omsorgstenesta. Hans hovudbodskap var den nye Stortingsmelding nr. 15: Leve heile livet, der hovudfokus er å skape eit meir aldersvenleg Noreg.



God mat høyrer med på eldredagen.

Meldinga har 5 hovudpunkt:


- Eit aldersvenleg Noreg
- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Helsehjelp
- Samanheng i tenestene

Kommunen skal i løpet av neste år utarbeide strategiar og tiltak for å nå målsetjingane i denne Stortingsmeldinga. Rådmannen inviterer dei eldre til å kome med sine synspunkt. - Bruk eldrerådet og andre råd til å få fram dykkar syn. Me spelar på same lag, og spelar me alle mot same målet blir det ekstra godt lagspel.



Indre Hafslo spelemannslag er travle herremenn. Ved bordseta drofta dei vidare program for hausten og gler seg stort til julekonsertane i desember.

*Hjarteleg
takke*



Takkar hjarteleg for minne-
gåva me fekk i samband med
gravferda til

Erik Bruheim

Helsing
Gaupne omsorgssenter KA

*Tone Kjærvik Kveane
Einingsleiar*

Takkar hjarteleg for minne-
gåva me fekk i samband med
gravferda til

Oddvar Bjørnetun

Helsing
Luster omsorgssenter

*Liv Hunshamar
Einingsleiar*

Aktiviteter for SENIORAR i Luster kommune

Dag/Tid:	Aktivitet:	Stad - lag/organisasjon:
Måndag		
Kl 13.30	Balansetrim Gaupne omsorgssenter	Gaupne Luster kommune Gaupne helselag
Kl 19.00	Besøkstenesta Hafslo omsorgssenter, Stova eldrecenter, kveldsmat. Ein gang pr. mnd. Oppslag	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Tysdag		
Kl 10.00	Hjertetrim på Luster treningssenter kr. 20,- instruktør (kl. 10 - 12)	Gaupne LHL Luster
Kl 10.30	Besøkstenesta , Hafslo omsorgssenter, arbeidsstova, 1 gang pr. måned	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Kl 10.30	Turopplegg med oppmøte utanfor Coop Prix Gaupne Frå April til November	Gaupne Luster revmatikarforening
Kl 11.00	Seniorsirkel med fysioterapeut (kl. 11-12) Luster treningssenter	Gaupne Luster treningssenter
Kl 13.30	Balansetrim Hafslo omsorgssenter	Hafslo Luster kommune
Kl 13.30	Besøkstenesta Gaupne omsorgssenter, 3 ganger pr. mnd	Gaupne Røde Kors Gaupne Omsorg
Kl 13.30	Balansetrim Luster omsorgssenter	Luster Luster kommune
Kl 17.00	Siste tysdagen i mnd, open kafe Gaupne omsorgssenter (lotteri, kaffi og vafler)	Gaupne Røde Kors Gaupne Omsorg
Onsdag		
Kl 11.00	Seniortrim i Fortun på treningssenteret	Fortun Fortun bygdalag
Kl 12.00	Besøkstenesta - Trimgruppa Hafslo omsorgssenter (sommar) Fysioterapeut	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg

Dag/Tid:	Aktivitet:	Stad - lag/organisasjon:
Onsdag		
Kl 13.00	Eldreaktivitet i Ide`bui på Fossøyane I oddetalsveker kl. 13 - 15.30. Kr. 60,- pr gang inkludert servering og bingo	Jostedal Luster kommune
Kl 16.00	Besøkstenesta Luster omsorgssenter / Luster eldrecenter To ganger på kvar plass pr. måned	Luster Røde Kors Luster Omsorg
Kl 16.00	Open kafe , siste onsdagen i månaden Luster omsorgssenter (lotteri, kaffi og vafler)	Luster Røde Kors Luster Omsorg
Kl 17.00	Besøkstenesta , Gaupne Eldresenter To ganger pr. måned	Gaupne Røde Kors Gaupne Omsorg
Torsdag		
Kl 10.00	Seniortreff Gaupne omsorgssenter, aktivitetsstova Annankvar torsdag kl. 10 - 14 Kr. 100,- inkludert mat.	Gaupne Luster frivilligsentral Luster kommune
Kl 17.00	Torsdagskafe (siste torsdagen i mnd) Hafslo omsorgssenter	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Kl 17.00	Gladgruppa Hafslo omsorgssenter, Kvar torsdag	Hafslo Røde Kors Hafslo Omsorg
Kl 17.00	Bading (med instruktør) kl. 17 - 19 Lustrabadet (ordinær badebilet)	Gaupne LHL Luster
Kl 18.00	Seniordans (kl. 18 - 20) Luster ungdomsskule, kr. 20 pr.gang	Gaupne Luster seniordans
Fredag		
Kl 11.00	Seniorsirkel med fysioterapeut (kl. 11-12) Luster treningssenter	Gaupne Luster treningssenter
Søndag		
Kl 19.00	Trimdans (kl. 19 - 21) Luster treningssenter, Kr. 20,-	Gaupne LHL Luster

Med atterhald om endringar

Eldredagen blir arrangert i løpet av september/oktober. Sjå etter innlegg i Sogn Avis.

Kontaktperson: Anita Kjørlaug, dagleg leiar Luster frivilligsentral.
Tlf: 456 65 954 E-post: post@luster.frivilligsentral.no

Nytt om planar

Situasjonsplan for Grandmo busenter



For tida er det fleire reguleringsplanar under arbeid i kommunen.

Grandmo busenter

I samband med ombygging/nybygging av Grandmo busenter i Gaupne måtte området regulerast på nytt. Gjeldande plan for området er 20 år gamal og i tillegg til bygging vil busenteret også få ny vegtilkomst frå Øyagata. Det er meldt oppstart av planen og framlegg til ny plan skal til 1. gongs handsaming i desembermøtet til plan- og forvaltning. Planframlegget vert så lagt ut på høyring.

Solvorn

Det er også meldt oppstart for reguleringsplan i Solvorn som omfattar badeplassen og kaiområdet. Planframlegg er no under utarbeiding.

Busslomme Neshøgdi

Reguleringsplanen for Neshøgdi er ikkje så gamal, men for å få på plass ei busslomme langs fylkesvegen må det ei omregulering til. Samstundes vert det gjort eit par mindre justeringar av planen. Kommuneplanen – arealdelen er også under revisjon. Fristen for å sende inn merknader til denne planen var 9. november. Planen skal vidare til 2. gongs handsaming og vedtak.

Vedtekne planar


Planar som er eigengodkjende dette året er omregulering av byggefeltet i Lundshaugen, plan for skisenteret på Heggmyrane, plan for motorsportsenter i Leirmoøygarden og plan for Gaupne brannstasjon på Røneidsgrandane. Plan for bustadfeltet Botn er ein privat reguleringsplan og kommunen har også eigengodkjent to mindre private reguleringsplanar for bustadbygging i Gaupne.

Digitale planar

Eit arbeidskrevjande arbeid i året som har gått har vore å få alle reguleringsplanane i kommunen digitale. Planane finn du på www.kommunekart.com og i tillegg til at du kan sjå alle planane for eit område på skjermen, finn du også link til alle plandokumentane for kvar enkelt plan. Framleis er det ein del mindre feil og manglar, men eit oppdatert, digitalt planarkiv vil vera til stor nytte for både innbyggjarar, utbyggjarar, politikarar og sakshandsamarar i kommunen.

Kvart år, i desember, vedtek kommunestyret *Budsjett, økonomiplan og planleggingsprogram* for

Prosess reguleringsplan



Reguleringsplanprosessen.



Tilkomsten til badeplassen i Solvorn.

åra som kjem. Planleggingsprogrammet er ein slags plan over planarbeidet som skal gjerast i kommunal regi i åra framover. Meir om planarbeidet i kommunen og planleggingsprogrammet finn du på kommunen si heimeside. Plansida er no oppdatert og me håpar den er lettare å finne fram i.



Tiltaka som er prioritert i 2019 er ny kyrkjegardsmur, einssidig busslomme og fortau på deler av strekningen.

Opprusting av Dale sentrum

Det er i økonomiplan og budsjett sett av midlar til opprusting av Dale sentrum. Asplanviak har utarbeid byggeplan for området – planen strekker seg frå avkøyrsla til barnehagen til og med krysset til Bringebakkane.

Hovudpunkta i planen er:

- flytting av kyrkjegardsmuren for å gje plass til fortau
- ny einssidig busslomme for turistbussar mellom gravplassen og Lustrabui

- fortau på heile strekningen
- nytt gatelys
- tiltak kring butikken, rabatt og parkeringsplassar
- div. tiltak på vass- og avløpsnettet

Tiltaka som er prioritert i 2019 er ny kyrkjegardsmur, einssidig busslomme og fortau på deler av strekningen.

Tiltak på kommunale vegar i år



Øyagata er asfaltert i år.

Luster kommune har årlege løyvingar til mindre investeringstiltak på kommunale vegar. I år har løyvinga gått til:

- asfaltering av Øyagata i Gaupne inkludert to fartsdemparar
- oppsetting av rekkverk og asfaltering av parkeringsplass i Høyheimsvik
- sikring Vigdalsvegen med montering av nett og sognamurar i tillegg til reinsk av rasløy
- lagt ny lukka stikkrenne over Øvrebømoen i Solvorn

Tiltak som var sett opp i år, bla. murar ved Melheim og Alme måtte utsettast pga. økonomi. Dei vert prioritert neste år.

Nedgravd avfallsløysing



Som fyrste byggjefelt i Luster kommune er det oppretta nedgravde avfallsløysingar for abonnentar i Tandle, Verket 2. Det er eigne punkt for våtorganisk (matavfall), papp- og papir og restavfall. Det vert utlevert 1 brikke pr. abonnement.

Sekkane for plastavfall skal setjast ut ved punktet for nedgravd avfallsløysing på tømmedag for papp/papir. Rute 509, sjekk tømme kalenderen som vert lagt ut på heimesida: www.simas.no

Ved spørsmål om bruk av nedgravd avfallsløysing, ta kontakt med SIMAS IKS på e-post: post@simas.no eller tlf. 57 67 69 94 / 57 67 69 84.

Historisk – fyrste blokka i Luster er ferdig

Nordbohus Sogn starta byggearbeidet for om lag eit år sidan og har no ferdigstilt 9 leilegheiter på Verket i Gaupne.

29. oktober, ein strålande haustdag, var det nøkkeloverlevering og innflytting i 7 av 9 leilegheiter. Unge og eldre har flytta inn, og Tom Idar Teigen frå Nordbohus Sogn gratulerte alle med ny og flott leilegheit. Dei andre som har overteke leilegheit i blokka er: Ingeborg Flaten, Anbjørg og Ansgard Lingjerde, Eldbjørg og Øystein Saur, Lars Kreken og Målfrid Hilleren fortel Heidi Fossnes Helle som står for salet av leilegheitene i Hanaskjeren.



Frode Bergum har vore med og bygd Hanaskjeren og han likte leilegheitene så godt at han like godt kjøpte seg ei som han ville bu i. I tillegg har han tatt på seg å utføre vaktmeistertjenester, noko som dei andre i Hanaskjeren er svært nøgde med.



Utbyggaren Nordbohus Sogn er svært nøgd med leilegheitsprosjektet som dei har kalla Hanaskjeren – sidan det ligg rett ved den naturlege badekulpen i Engjadalselvi.

I kommuneplanen er det krav om fortetting i Gaupne sentrum generelt. For ein del av tomtene på Verket er det i tillegg sett krav til tre etasjar. Nordbohus har tidlegare bygd småblokk i tre på Kaupanger og vidareutvikla denne løysinga til bruk på Hanaskjeren.



Eva og Leiv Fossen har flytta frå einebustad i Fyllingsdalen utanfor Bergen og gler seg til å bu nærare barn og barnebarn. Å bu i ei lettstelt leilegheit med alt på eit plan med heis og flate marki heile vegen til bui, gjer kvardagen mykje enklare. I tillegg slepp dei å ha sut for snømaking og plenklipping. Ein god stad å bu rett og slett, seier ekteparet.

Øyagata er klar også

Då Lustranytt gjekk i trykken kunne Fuhr Bygg melde at dei var i siste innspurt på dei fyrste leilegheitene i Øyagata 24. - Dei vert innflyttingsklare til 1. desember. Dei resterande leilegheitene blir ferdigstilte kontinuerleg utover hausten/vinteren. Det er full aktivitet på byggeplassen, både innvendig og utvendig. Me satsar på kvalitet, både i utsjånad og utføring, og mange legg ned ein stor innsats for å gjere Øyagata 24 til ein god stad å bu, avsluttar Aud Teigen i Fuhr Bygg.



Trainee i Luster kommune

Susanne Støyle Alsaker fortel om korleis det er å vere trainee.

- Kva er ein trainee?
- Opplegget med framtidfylket
- Korleis er det å vere trainee i Luster kommune?

I eitt år er eg tilsett som trainee på planavdelinga i kommunen. Eg jobbar med å utarbeide reguleringsplanar og får innblikk i dei ulike prosessane som følgjer utarbeiding av arealplanar. Akkurat no utarbeidar eg reguleringsplan for Solvorn kaiområde og jobbar med ei omregulering av reguleringsplanen for Neshøgdi bustadfelt.

Traineeprogram er populære blant nyutdanna som skal ta fatt på arbeidslivet og det finst fleire ulike traineeordningar i samband med ein region eller ei bedrift. I Sogn og Fjordane er det Framtidfylket

sitt traineeprogram som er knytta til regionen. Gjennom traineeåret skal vi ha fire felles fagsamlingar på ulike stadar i fylket, éin studietur til Brussels og bidra på karrieremessene til Framtidfylket. Vi har allereie hatt éi samling i Viksdalen i Gaular der eg trefte dei 22 andre traineeane i fylket. Eg synst det er spesielt moro at det er så stor variasjon i fagfelt i gruppa. Ein får ekstra kjennskap til både bedriftene og den offentlege forvaltninga som elles ikkje ville vere mogleg eller tatt lang tid å opparbeide.

Eg starta i kommunen i august og har til no fått vere med på ulike møte, samlingar og fått kjennskap til utfordringar i planyrket. Kollegane mine har tatt meg vel i mot og det er godt å ha nokon å diskutere med. Eg er spent på dette året og gler meg til å bli endå betre kjent med kommunen og yrket som arealplanleggjar.



Bustadområde Botn, Hafslø



Kommunestyret godkjende i juni i år reguleringsplanen for nytt bustadområde i Botn på Hafslø. Botn er namnet på eit område som strekkjer seg frå Stolpen mot Lyngmo på austsida av Hafsløvatnet. Ein del av området har i kommuneplanen vore lagt ut som bustadområde sidan 2008. Ferdig utbygt kan Botn gje plass til 130 bueningar. Dette er det største bustadområdet som fram til no er planlagt utbygt i privat regi i Luster. Reguleringsplanen vart fremja av Hans Nes Bygg

AS. Eit nytt selskap, Botn Eige- dom AS skal stå for utbygging av området.

Dei som ferdast på streknin- ga mellom Stolpen og Hafslø sentrum, vil leggje merke til at det går føre seg store anleggsar- beid på nedsida av vegen. Det er Havnen Anlegg AS som er i gang med anleggsarbeid på hov- udvegen inn i området. I tillegg til tilrettelegging av tomteom- råde, omfattar arbeidet også opparbeiding av anlegg som skal

overtakast av Luster kommune, dette gjeld både nye vegar og anlegg for vatn og avløp. Det er inngått utbyggingsavtale med Luster kommune om dette. M.a. blir gang- og sykkelvegen mellom Stolpen og Lyngmo flytt ned i det nye bustadområdet. Botn Eigedom AS opplyser at an- legget etter planen skal vere klart til overlevering frå entreprenør til utbyggjar i august 2019. Deretter kan utbygging av bustader starte opp.

Byggesak

Vegen til komplett byggesøknad

Bygg utan å søkje

Kor stort kan du bygge?

Kva skal vere med i byggesøknaden?

Byggesaksblankettar

Tidsfristar og prisar

Ferdigattest og mellombels bruksløyve

Bruksendring av rom i bustad

Bruksendring av byggverk

Komplette skjemapakker

Enklare søknadsskjema for mindre byggeprosjekt på bustadeigedom

Kommunen har forbetra heimesider på byggesak og opplever at fleire finn det dei treng for å bli hjelpne i byggesaker. Det gjer og at byggesakshandsamaren vår får frigjort tid til å handsame saker.

Byggesakshandsamar har telefon- og besøkstid, og det er fint om du avtalar på førehand om besøk på kontoret.

Ledige tomter



Utsikt frå bustadfeltet Borhaug i Solvorn.

Luster kommune har ledige einebustadtomter i Fortun, Luster (Bringebakkane og Kvitevollen), Høyheimsvik, Gaupne (Verket 2), Gjerde (Haugåsen), Hafslo (Beheim 2) og i Solvorn.

I tillegg er det ledige område på Beheim 2 og Verket 2 for bygging av terrassehus og blokker.

I Bringebakkane og Haugåsen er tomteprisen kr 100.000. For

dei andre bustadfelta, kontakt servicetorget for informasjon om tomtepris og kart over ledige tomter.



Har du høge buugifter, men låg inntekt?

Du kan ha rett til bustøtte!



Finn ut meir på husbanken.no

KVEN KAN SØKJE?

Bustøtte er for personar og hushald med låg inntekt og høge buugifter. Du må vere fylt 18 år for å få bustøtte.

Bustaden din må vere ein heilårsbustad med eigen inngang, bad og toalett, og med moglegheit for kvile og matlaging. Alle i bustaden må vere registrert på bustadadressa i folkeregisteret.

KORLEIS KAN DU SØKJE?

Det er enkelt og raskt å søkje elektronisk.

Du finn meir informasjon om kven som kan søkje og korleis du søkjer på husbanken.no. Der kan du òg sjekka om du har rett til bustøtte via vår kalkulator.

Har du fleire spørsmål, ta kontakt med kommunen eller bydelen din.

Fristen for å søkje er den 25. i var måned.



Tunellstenging vinteren 2018/19

Røneidtunnelen

Kan bli stengt i periodar på inntil 30 minuttar på grunn av vegarbeid i periodane: Måndag til torsdag frå 08:00 til 18:00. Utrykkingskøyretøy og rutegående trafikk kan passere.

Råumtunnelen

Kan bli stengt i periodar på inntil 30 minuttar på grunn av vegarbeid i periodane: Måndag til torsdag frå 08:00 til 18:00. Utrykkingskøyretøy og rutegående trafikk kan passere.



Ottatunnelen

Kan bli stengt i periodar på inntil 1 time på grunn av vegarbeid i periodane: Måndag til torsdag frå 08:00 til 18:00. Utrykkingskøyretøy og rutegående trafikk kan passere. Trafikk får køyre gjennom ca. kvar heile klokke-time.

Røneidstunnelen.

Arbeidet i alle tunellane skal vere ferdig til sommaren 2019.

Nye anlegg vatn og avlaup i Gaupne



To nye drikkevassbasseng erstatta eldre basseng i Røselekkane. Tiltaket gjer betre vasskapasitet i Gaupne enn det har vore tidlegare.

Det er bygd ein kombinert avlaups- og overvassstasjon i samband med nytt leileghetsbygg i Øyagata/tidlegare Sionbygget.

Offentleg toalett i Gaupne

Eit offentleg toalett i Gaupne sentrum har lenge vore eit sagn. Men no har kommunen gjort avtale med Pyramiden om å nytte eit areal i bygget til føremålet, og toalettet er plassert i hjørna der Posten held til. Toalettet har tilgang berre utanfrå og er tilrettelagt for alle brukarar.



Informasjon frå Simas



Simas fortset med
måndagsope i Gaupne
Opningstider:
Måndag: kl. 09.00 - 14.00
Onsdag: kl. 12.00 - 18.00

Avlingssvikt



Utbetaling før året er omme

Landbrukskontoret opplyser at om lag 50 gardbrukarar i Luster har søkt om avlingssvikt på grunn av den spesielle turre sommaren me hadde i år.

Det er Fylkesmannen i Sogn og Fjordane som handsamar søknadene.

No midt i november, før Lustranytt går i trykken, arbeider ein ut frå at utbetaling vil skje i løpet av desember 2018.



Tidsbrigde i Ormelid

2018 er eit merkeår i Ormelid med omfattande restaureringsarbeid på bygningane. Stabburet har fått retta opp murstabbane, vindauga er restaurerte, taket er tett og torva vert lagt på til våren, og to av veggene har fått vernekledning. På øvstestova er helletaket lagt om att og takrenner er montert. Grunnmur og trappepartiet er murt opp att.

På Nedstestølen er selet demontert og frakta til Lom der det skal restaurerast. Innan 2 år skal både selet og løa vera på plass att. Stiftinga har mykje arbeid framføre seg både med bygningar og kulturlandskapet. Neste prosjekt er truleg vedahuset – eller Nilsastova som det har vorte kalla. Målet at også det skal vera ferdig i løpet av 2019. Dei verkeleg store prosjekta vert steinstova og løa, og stiftinga er i startgropa på dette arbeidet også.

Sommaren 2019 har stiftinga som mål å selja kaffi og vafler i helgane med omvising i tunet.

Flaumskade og erstatning



Frå informasjonsmøtet i Skjolden 23. oktober.

Mange eigedomar vart i midten av oktober råka av flaum rundt om i kommunen. Det vart store skadar både på hus, vegar og landbrukseigedomar.

Villare og våtare klima har det blitt snakka om ei tid no, og hendingar med flaum og styrtregn må me bu oss på. Nokre gonger kan det vere storelva som gjer skader som i oktober, medan andre gonger er det ei tett stikkrenne som gjer at ein veg eller kjellar tek skade. Noko ansvar tek det offentlege og noko ansvar må grunneigar/huseigar ta.

Erstatning og forsikring av eige

hus og eigedom:

Gjennom brannforsikring av eigedom er ein også forsikra mot naturskader på eigedomen (Norsk Naturskadepool). Denne forsikringa gjeld vanlegvis hus, innbu og hageanlegg (inntil 5 daa). T.d. bil blir dekkja av kasko. Anna eigedom som ikkje kan forsikrast gjennom ordinære forsikringsavtalar, kan bli erstatta gjennom den statlege naturskadeordninga. Det kan vere t.d. landbruksareal, veganlegg, bruer, elveforbygging m.m. Ein storflaum som i oktober er ei type hending som kjem inn under naturskade.

Sikring av eige hus og eigedom

På same måte som ein tek vekk lause gjenstandar når stormen kjem, må grunneigar sikre at vatnet har plass til å renna gjennom stikkrenner, grøfter, bekkar og i storelva. Vedlikehald av grøfter og fjerning av vegetasjon som er i ferd med å tette att vassveger er viktige tiltak for å hindre skade på eigedom. Det same gjeld vedlikehald av elveforbygging. NVE tilrår at vegetasjon større enn 10 cm i diameter bør fjernast då rotsystemet kan skade forbygginga.

Kvar enkelt grunneigar er



Skjolden. Foto: Eli H. Moen.



Veitastrand. Foto: John Molland.

ansvarleg for å sikre sin eigedom. Elveforbygginga ligg til grunneigar, og dersom det oppstår skade på elveforbygging i samband med ein flaum som i oktober, må grunneigar melde inn skaden til naturskadeordninga slik at skaden kan rettast opp att. Det offentlege sitt ansvar? NVE (tidlegare kalla vassdragsvesenet) tok tidlegare ansvar for å sikre ulike type areal mot flaum i vassdrag. Fram til 1995 bygde NVE mykje elveforbygging rundt om med ulike formål, både sikring av infrastruktur, busetnad og landbruksareal. I dag skal NVE konsentrere seg om sikring av liv og helse, dvs. busetnad. NVE melder også at behovet er mykje større enn dei økonomiske rammene dei har og dei må derfor prioritere hardt. NVE kan vere med å finansiere nye sikringstiltak eller større reperasjonar av sikringstiltak for busetnad, men overlet eigarskap og vedlikehald til kommune som overlet det vidare til grunneigar. På same måten er plastring av elvekant for å sikre mot skade på veg, vegeigar sitt ansvar. Sidan vegar ofte ligg tett på vassdrag, er dei ofte utsett i flaumar og vegeigar kan få store kostnader.

Kommunen eig også ein del infrastruktur som også kan bli skada i flaum. Då må kommunen ta kostnaden med sikring og reperasjon. Elles er kommunen lokalsamfunnet sitt organ i dialogen med det statlege. Kommunen har teke rolla med å informere og legge til rette for dialog mellom NVE, Naturskadefondet og grunneigarar. Men grunneigar

må ta ansvar både for å melde inn skader i samband med flaum, vedlikehald av sikringstiltak og unngå at tre og gjenstandar reiser med elva i flaumsituasjonar.



Fortun. Foto: Jan Idar Øygard.



Fortun. Foto: Jonny Johnsen.



Fortun. Foto: Tage Skjaak Moen.

Temakveld med viktig budskap:

Kampen mot mobbing

Måndag 29.oktober 2018 inviterte Luster Idrettsråd i samarbeid med Luster kommune ved Oppvekst, til temakveld i auditoriet på Hafslo barne- og ungdomsskule. Tema for kvelden var «Idrettens rolle i kampen mot mobbing», og målgruppa var Idrettsrådet, trenarar og lagleiarar frå alle idrettslaga i kommunen. Om lag 20 viktige bidragsytarar frå idrettslaga møtte, saman med representantar frå kommunen og Idrettsrådet.

Idrettsrådet og kommunen hadde engasjert Guttorm Helgøy som foredragshaldar om den viktige rolla idretten har i kampen mot mobbing. Guttorm Helgøy er rektor ved Gangstø ressurscenter og prosjektleiar for «TRYGG I FJELL», ein modell for å førebyggje og redusere omfanget av mobbing i Fjell kommune. Vidare er Helgøy tilsett i 20 % stilling ved Læringsmiljøsenenteret i Stavanger der han arbeider med innføring av innsatsteam mot mobbing på skule og kommunenivå. Han har hatt foredrag både for idrettslag og fotballkrinsen i Hordaland om anti-mobbearbeid og Fairplay.

Guttorm Helgøy heldt eit engasjerande, interessant og flott



Nokre av deltakarane på temakvelden.

foredrag, der han mellom anna orienterte om modellen dei har i Fjell kommune, mobbinga sin psykologi, vaksne si rolle og refleksjonar om krenking i idrett og fritidsmiljø. Han fekk formidla mange gode tankar og refleksjonar til møtedeltakarane, som dei kan ta med seg tilbake til idrettslaga i det løpande og viktige arbeidet med å førebyggje og unngå mobbing innanfor idretten.

I tillegg til foredraget var det også to korte økter med informasjon om modellen “Samant om barn og unge i Luster” ved Anne Merethe Kvalsøren, leiar Luster idrettsråd, og om “Alle Med”-dugnaden ved Trine Anita Systad og Anita Kjørlaug.

Tilbakemeldingane frå deltakarane på temakvelden har berre

vore positive, og mange har gitt uttrykk for at kvelden skulle ha vore lengre slik at ein fekk gått djupare inn i det viktige temaet som kampen mot mobbing er. Det er også stor grunn til å tru at temakvelden bidreg til at deltakarane tek med seg inspirasjon, tankar og refleksjonar tilbake til idrettslaga, og at fokuset på den viktige rolla idretten har i kampen mot mobbing vert ytterlegare styrka framover.

Idrettsrådet og kommunen skal ha stor takk for initiativet med å arrangere ein slik temakveld for alle idrettslaga i kommunen, der dei lukkast med å sette fokus på eit svært aktuelt og viktig tema innanfor idrettsmiljøet i kommunen vår.

Tekst: Ove Midtbø på vegner av Luster Idrettsråd



Representantar frå Luster Idrettsråd. Frå venstre: Kai Inge Cirotzki, Anne Merete Kvalsøren, Mona Bukve, Bjørn Tore Årøy.



Guttorm Helgøy.

TreffpUNGt – ny møtestad for ungdom



TreffpUNGt starta opp måndag 17.sept. og held til i Grandmo lagshus i Gaupne.

Møtestaden er open kvar måndag kl. 15-19 og vert drifta av NAV Luster, Luster frivilligsentral og frivillige leksehjelpar.

Det er faste vaksenpersonar til stades for ungdomane.

Målsetjinga er å lage eit tilbod for ungdomar i aldersgruppa 13-25 år.

TreffpUNGt er ein sosial møtestad der ungdomane sjølve bestemmer kva som skal skje.

Her får ein tilbod om eit gratis varmt måltid, ulike aktivitetar, sosialt samvær osv.

For mange ungdomar kan dette vere ein fin plass å stikke innom før ein skal vidare på t.d. organisert trening.

Her er det også moglegheit for å få leksehjelp av vaksenpersonar kl. 17-19.

Kontaktpersonar for TreffpUNGt:

Trine Anita Systad, NAV Luster

Dorthe Sørheim Evjestad, NAV Luster

Anita Kjølraug, Luster frivilligsentral



Bokbytebui på Hafslo

Bokbytebui opna i juni og er rett og slett eit minibibliotek. Hafslo bygdelag plasserte ut ei bokhylle med bøker i gamle Sterrisbui, i same lokale som banken. Det var litteratur av ymse slag – krim, skjønnlitteratur, kokebøker, reisebøker, humor, klassikarar, barne- og ungdomsbøker og til og med bøker på ulike språk. Kort og godt – noko for alle.

Konseptet heiter bokbyting – book-crossing på utanlandsk – går ut på at bøker vert plasserte på offentlege stadar, slik at andre kan finna dei og lesa dei. Du tek med deg ei bok du har lese (eller aldri kom gjennom), så legg du denne att i bokhylla, og tek med deg heim ei du har lyst å lesa. Slik får fleire glede av bøkene, og det kostar ikkje ei krone.

Det har vore god sirkulasjon i bøkene på Bokbytebui, og i august vart ho rett og slett utvida med ei hylle til. Me oppmodar folk frå andre stader i Luster også om å nytta seg av tilbodet på Bokbytebui.



ALLEMED – dugnad i Luster



Fattigdom fører til at barn vert ekskludert frå sosiale, kulturelle og idrettslege arenaer, noko som bidreg til ei auka oppleving av å ikkje høyra til.

Dessverre er antal barn og unge som veks opp i låginntektsfamiljar aukande. Derfor er det viktig at vi saman tek eit grep for å sikra at alle barn får tilfredsstillande oppvekstvilkår og jobbar med å gi dei moglegheita til å delta på lik linje som andre barn. I Luster vart det gjennomført ein ALLEMED-dugnad 11.sept.18. Dei som deltok var spesielt inviterte til dugnaden fordi dei av ulike grunnar arbeider tett på barn, unge og familiane deira. Her var representantar frå blant anna Røde Kors, psykisk helse-

team, politi, næringsliv, rektor, musikkorps, bygdelag og politikarar.

Kristin Kaldestad Urrang frå NDFU (Nasjonal dugnad mot barnefattigdom og utanforskap for barn og unge) leia oss gjennom dugnaden ved hjelp av eit samtaleverktøy utarbeida av «ALLEMED». Deltakarane jobba i grupper på tvers av ulike instansar, lag og organisasjonar. I fellesskap diskuterte me løysingar og fann gode tiltak for å sikre at alle barn og unge kan få delta på aktivitetar på lik linje med andre. I etterkant av dugnaden har det blitt arbeida vidare med desse tiltaka. I denne samanheng kan det nemnast at det blir jobba

med å få på plass ein felles kommunal byttedag av ulikt utstyr knytta opp til idrett- og fritidsaktivitetar.

Det er viktig at alle barn kan ha ein fristad saman med andre der ein slepp bekymringar og vonde tankar. Neste ALLEMED-dugnad er planlagt i mars 2019.

Samarbeidsgruppa:

Prosjektleder i barnefattigdomsprosjekt, Trine Anita Systad, NAV Luster
Prosjektleder i «Saman om barn og unge i Luster», Marte Krogstadmo, Luster kommune
Dagleg leiar Luster frivilligsentral, Anita Kjørlaug

Luster frivilligsentral er på flyttefot!

Luster frivilligsentral har dei siste åra halde til i Grandmo lagshus i Gaupne. Friskhuset i Gaupne sentrum er no på plass og klar for å ta i mot nye leigetakarar. Dagleg leiar Anita Kjørlaug ser fram til dette. I andre etasje skal Luster frivilligsentral halde til i nye flotte lokale. Her blir sentralen lettare tilgjengeleg for innbyggjarane i kommunen og samarbeidspartnarar. Det blir også lettare å drifte brukbutikken som

ligg vegg i vegg med Friskhuset. Anita Kjørlaug ynskjer gamle og nye samarbeidspartnarar velkomen innom!



CWD prøvar på hjort

I august vart det arrangert kurs i prøvetaking av CWD på hjort. Heile 200 personar møtte opp på rådhuset. Der vart det halde eit informasjonsmøte om kva CWD er og korleis ein tek ein slik prøve. Jegerane har under hjortejakta hausten 2018 gjort ein stor dugnadsinnsats ved å samla CWDprøvar. Per 6.november er det blitt analysert 140 prøvar av vaksne hjortedyr i Luster kommune. Ingen av desse prøvane er positive.

Me vil også minne om at det er viktig at det melder ifrå til fjelloppsynet om det skulle dukke opp fallvilt av hjort i haust/vinter. Då ynskjer kommunen å ta prøver av desse.



Frå skogforvaltninga

Gode prisar på skogvirke

Som mange har fått med seg er det gode prisar på skogvirke for tida, og det er difor grunn til å vente ei auke i hogsten framover. Det er to aktørar som er interessert i å kjøpe tømmer i vårt distrikt og det er Vestskog og Nortømmer. Det er viktig at ein ikkje hogg skog for tidleg fordi ein då taper store inntekter. Mykje av dimensjonsveksten skjer på slutten av omløpet fram mot 70 år alder når det gjeld gran på god og middels mark. Det er difor ein god regel å kontakte ein nøytral aktør t.d. kommunal skogforvaltning for å få vurdert om skogen du eig er hogstmoden. Mange eigedomar i Luster har dessutan skogbruksplanar der ein kan finne informasjon og opplysningar. Det er tre typar hogst som er aktuelle. I tillegg til eigenhogst med vidare sal av tømmeret kan ein gjennom dei ovanneemde tømmerkjøparane få teke ut skogen med hogstmaskin og lassberar eller taubanedrift der terrenget er bratt. Det er egne tilskot til eigenhogst og taubanedrift. Mange stader er ein avhengig av veg for å kunne kome til skogen. Ein må då søke om å bygge veg etter landbruksvegforskrifta. Det er to typar vegar, traktorveg som er ein driftsveg og skogsbilveg som vert bygd slik at tømmerbil kan koma så tett opp mot drifta som mogeleg. Ved store og dyre vegar må ein lage plan for tiltaket. Det vil kommunal skogforvaltning kunne hjelpe til med.



Skogdag på Ølnes i Sogndal i haust der og lustringar var med - hogstmoden granskog planta i 1943.

Grunnsteinnedlegging på Tungestølen



- I deg er startskotet for eit etterlengta, spennande og unikt prosjekt som vil løfte Sogn som reisemål endå høgare. Det vil løfte Luster kommune høgare som reiselivs og fjell-kommune, men ikkje minst vil det bli eit fantastisk løft for denne vakre bygdi Veitastrond, sa ordførar Ivar Kvalen då han var med å legge ned grunnsteinen for den Nye Tungestølshytta 24. august, og måtte nesten klype seg i armen for å tru at det var sant.

Stormen Dagmar

- 2. juledag i 2011 kl 07.30 om morgonen banka det på døra heime hjå meg. På trappa stod beredskapsvakta til teknisk drift i kommunen. Krisestaben i kommunen måtte samlast, og han vart sendt for å henta meg då telefon låg nede. Som fersk ordførar fekk eg ein av dei verste stormane som har herja her i kommunen dei siste 100 åra i fanget. Dagmar hadde slått ut det meste av infrastruktur, alle vegar var stengde, straumen var borte i heile kommunen. Mange bygningar rundt om var skada. Skogane våre så ut som ei slagmark.

Etter eit par dagar kom beskjeden om at Tungestølshytta var knust til pinneved. Den var rett og slett blåst vekk. Berre grunnmuren stod att. Eit naturleg reisemål og stoppestad vart vekke over natta. Men det gjekk ikkje lenge før eldsjeler her på Veitastrondi, personar i DNT med sterk kjærleik til Tungestølen tok kontakt med meg og kommunen med det me må kalla 1000 kroners spørsmålet: «Korleis skal me få oppatt ei ny Tungestølshytte». Det har vore mange møte frå 2012 og fram til 2017. Og sakte, men sikkert byrja konturane av eit prosjekt å veksa fram. Men sant skal seiast, det gjekk tregt i byrjinga. Men heile vegen har Anne Kari i DNT og andre halde trykket oppe. I 2015 kom det lokale turlaget meir med i planane. Stein Bugge Næss, Arne Fossøy, Anne Kari Herlovsen Nes og Jimmy Hilleren tok lokalt eigarskap til prosjektet og det var heilt klart eit viktig vendepunkt i framdrifta. I tillegg kom den nye turlagsleiararen med, Ole Schanke Eikum, og har lagt ned ein utruleg innsats.



Høgtid når Lystringen kler seg i bunad og dansar runddans på stølsvollen. På trekkspel Oddbjørn Ramstad.



Mange møtte fram på Tungestølen. Etter seremonien på Tungestølen var det rommegraut og spekemat i samfunnssalen.

Eit nytt vendepunkt i prosjektet kom då Oddstein Haugen og Luster Sparebank rett og slett klemde til med tre millionar friske kroner inn i kassa. Kommunen kunne ikkje vera dårlegare. Og då Sparebanken Vest la ein million i prosjektet, hadde ein 7 millionar, og ein vesentleg del av det økonomiske fundamentet var på plass.

Tungestølshytta vil bli ein svært viktig del av heilskapen i turist og naturkommunen Luster, og Tungestølen er ein flott inngangsport til Jostedalbreen nasjonalpark, med Langedalen og Austerdalen som begge endar her på hyttetrappa. Den nye Tungestølshytta vil skapa positive ringverknader og aktivitet både her på Veitastrond og i kommunen elles, sa ordføraren til slutt før han gratulerte Luster Turlag, DNT og bygda Veitastrond: - Dette er ein stor dag for oss alle og ein viktig milepæl for ei lys og positiv framtid.

Nye reglar for tilskot til kulturføremål

Søknadsfrist 1. mars

Kommunestyret har i haust vedteke nye reglar som blir gjeldande frå 2019. Ein politisk komité leia av Morten Vigdal har arbeidd med saka, hatt møte med lag og organisasjonar og gjennomført høyring før endeleg vedtak i kommunestyret.

Tips til frivillige organisasjonar før årsmøte

Ein frivillig organisasjon må ha minimum 15 betalande medlemmer for å få tilskot etter reglementet. Innbetalt medlemskontingent skal vere minst kr 200 for alle, eller familiekontingent på kr 600. Rekneskap og årsmelding skal dokumentere tal på betalande medlemmer og kva aktivitet organisasjonen har. Det er også eit vilkår at dei som får kulturstøtte må godta følgjekort.

Forenkla søknadsprosess

Det vil bli forsøkt å få til eitt skjema for kvar ordning. Organisasjonar vil bli inviterte til orienteringsmøte i januar 2019 med opplæring før neste søknadsrunde. Vidare har komiteen lagt opp til at handsaminga skal krevje mindre bruk av administrative ressursar enn tidlegare. Fristar blir absolutte.

Prioritere barn og unge

Kommunestyret har vedteke at det innan kulturfeltet skal vere eit overordna prinsipp at satsing på barn og unge skal skjermast i arbeidet med å tilpasse seg ei lågare budsjetttramme. Grunnstønad er auka frå 200 til 250 kroner pr. betalande medlem under 20 år til organisasjonar som dokumenterer aktivitet for barn og ungdom under 20 år.

Det er eigen støtteordning for søndagsskular og barnelag som før.

Arrangement vert støtta med underskotsgaranti

Grunnstønad er prioritert føre spesielle tiltak. Tilskot til spesielle tiltak, slik dei har vore, fell bort. Tilskot til arrangement og samarbeidsprosjekt kan støttast med underskotsgaranti.

Refusjon for drift av anlegg til kulturføremål

Her er det størst endringar i reglementet. Eit vilkår for å få tilskot er at søkjar er frivillig organisasjon med minimum 15 betalande medlemmer. Dette er overordna prinsipp for å få tilskot etter reglementet, og vil då også gjelde punktet for refusjon av utgifter til forsamlingshus og anlegg. Anlegget må vere registrert i anleggsregisteret i



kommunal plan. Småbåthamner får ikkje tilskot. Anlegget må ha tilgang for rørslehemma i forsamlingslokale, garderobar og handikaptoalett. Ei overgangsordning er vedteken. Søkjar må dokumentere aktivitet for barn og unge i anlegget.

Anlegget kan ikkje nyttast til næringsverksemd (aksjeselskap).

Dugnadstimar skal ikkje inngå i søknadsgrunnlaget.

Kurs, instrumentkjøp

Det blir ikkje gjeve kulturstøtte til kurs og utdanning. Organisasjonar kan søkje opplæringsmidlar via sine studieforbund.

Instrumentkjøp vil framleis bli støtta. Inntil 50% av kostnadsoverslag.

Andre ordningar: Underskotsgaranti, friluftslivstiltak, kulturminnevern og kulturvern.

Både frivillige organisasjonar og andre kan søkje på desse ordningane.

Framleis gratis bruk av kommunale bygg

Luster kommune vidarefører gratisprinsippet for utleige av kommunale bygg. Frivillige lag og organisasjonar heimehøyrande i Luster får nytte kommunale bygningar vederlagsfritt, så langt bruken ikkje påfører kommunen ekstra utgifter til reinhald og tilsyn.

Regelverket er tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

Friskhuset snart klart til bruk

I desse dagar er Friskhuset i ferd med å ferdigstillast, og lustringane skal få eit aktivitetshus som er ganske unikt. Med Lustrabadet, klatrepark, skule og nytt idrettsanlegg som næraste nabo -alt midt i Gaupne sentrum- ligg tilhøva godt til rette for å skape eit aktivt sentrum med varierte tilbod for alle aldersgrupper.

Og kanskje mest av alt: vera ein sentral møteplass!

Det gamle yrkesskulebygget er totalt forandra, og skal huse nye Luster Trening, Frisklivssentralen Sogn, Luster Frivilligsentral og fleire fysioterapeutar. Alle med eit grunnleggjande syn på at aktivitet og deltaking er avgjerande for betre helse og livskvalitet.

Luster Trening

Luster Trening har forkorta namnet sitt frå Luster Trenings-senter. Mykje anna blir også nytt. Me har lagt stor innsats i å gjere lokala innbydande og motiverande, me har investert i nytt og moderne treningsutstyr, me vil ha nye treningstilbod på timeplanen og nye ansikt i lokala. Det som fungerer frå før, tek me med oss vidare og skal prøve gjere det endå betre. Eigarorganisasjonane i Luster Trenings-senter AS er Luster LHL, IL Bjørn, Luster Revmatikerforening, Luster Helselag og Luster kommune –



Gamle yrkesskulen, midtbygget og øvste delen mot Øyagata, er bygd om til Friskhuset og skal huse Luster Trening, Frisklivssentralen Sogn, Luster Frivilligsentral og fleire fysioterapeutar.



Sykkelsalen er klar til innflytting. Med amfiløysing får alle god sikt til instruktøren.

og eigarane har ein ideell tanke om at eit eventuelt overskot kjem brukarane til gode.

Bruk lokale tenester

Utfordringane er større for å lukkast på små plassar enn i område med fleire innbyggjarar. Luster Trening vil også kjenne på dette, på lik linje med Lustrabadet, butikkar, frisørar, blomsterbutikkar etc. i Gaupne, på Hafslø eller i Skjolden. Ynskjer me eit levande sentrum og lokale tenester, anten det er for oss sjølve, ungane eller foreldra våre, må ein gjere bevisste val og faktisk bruke dei! Luster Trening er ikkje berre ein arena for fysisk utfolding og trening; det er også ein møteplass, ein arbeidsplass, ei bedrift som gir elevar og studentar sommarjob-

bar, praksis og arbeidserfaring, gjer turnuskandidatar klare for arbeidslivet og er med og sponsar idrettslag- lokallag og frivillige organisasjonar. Og det er med stoltheit at Friskhuset no står fram som eit nytt, friskt pust i Luster kommune; der alt frå byggherre, snekkarar, målarar, elektriskar, ventilasjon, fotograf, reinhaldarar og bank er frå Luster. Me vil gjere vårt ytterste for å få Luster Trening og Friskhuset til å bli ein viktig samfunnsaktør og ein hyggeleg samlingsstad – og som ekstra bonus vil du som brukar få betre helse, meir overskot, kjekke treningsøktar og rettleiing av kompetente instruktørar og trenarar.

Næringslivet støttar opp

Satsinga inn i Friskhuset har blitt lettare for Luster Trening ved at det lokale næringslivet og bedrifter som Luster Sparebank, Luster kommune, Digital Etikett, Fuhr Bygg, Spar, Statkraft og Øvrebø Fargehandel har sponsa oss på ulikt vis. Det betyr mykje for oss at dei ser gevinsten i vår kompetanse og tenester, og at dei støttar opp om eit aktivitetstilbod for innbyggjarane- og ikkje minst sine tilsette. Me håpar at fleire bedrifter tenkjer på same vis, ser ringverknadane i samfun-

net og folkehelsegevinsten, og ynskjer vera med i dette «spleiselaget».

Aktivitet som medisin – under same tak

Etter kvart har me blitt godt opplyste om at fysisk aktivitet fungerer som (og ofte betre enn) medisin mot dei fleste livsstilssjukdomar, fysiske- og psykiske utfordringar. Det er mykje ein kan gjere sjølv, fri for biverknader, og som er vel verdt investeringane du gjer i kroner og tid. For nokon er det vanskeleg å kome i gang, andre blir «tvungne» i gang i påvente av operasjon. Samfunnet har eit ansvar for å legge til rette for fysisk aktivitet, men du som person har også eit ansvar for di eiga helse. Dei positive effektane av aktivitet og trening er så godt dokumenterte, at kravet om eigeninnsats i forkant eller i staden for tiltak frå legar, ortopedar og anna helsepersonell, er meir aktuelt enn nokon gong. «Den som ikke setter av tid til trening, må før eller siden sette av tid til sykdom» (Oslo Universitetssykehus)

Det unike med Friskhuset er at i tillegg til tilbodet på Luster Trening, er det brei kompetanse og ulike aktørar som fremjar helse; alt under same tak!

Erfarne fysioterapeutar nyttar øvelsar og trening som ein del av fleire tiltak i førebygging og behandling. Frisklivs-sentralen Sogn har ulike tilnærmingar for deg som ynskjer hjelp til endring av levevanar og meistring av helseutfordringar, og tilbyr individuell rettleiing og gruppebaserte tilbod, i tillegg til ulike kurs. Luster Frivilligsentral kan bidra med det meste, og har ulike prosjekt og aktivitetar gjennom heile året. Eksempel på dette er FriMoro som er aktivitetstilbod til barn i skuleferien, seniortreff for eldre som bur heime, utlån av utstyr og anna, som kan gjere kvardagen til dei som treng det litt meir meningsfull og lettare.

Felles for alle desse tilboda er at det er noko for alle, du treng ikkje tilvising frå lege for å nytte noko av tenestene, men kan sjølv ta kontakt.

Og det er det me håpar du gjer: ta kontakt, spør om du lurar på noko og bruk oss!!

Me gler oss til eit Friskhus med full aktivitet og mange menneske i 2019!

Velkommen!



Babysymjing i Lustrabadet

I snart 6 år har me kunna tilby babysymjing på Lustrabadet. Det er ein fantastisk flott aktivitet for babyar og foreldre.

Babysymjing bidreg til å utvikle barnet motorisk og sosialt, og er ein fin aktivitet med masse kos og sang. Me lærer babyane å bli trygge i vatnet, vanntilvenning, ulike grep på korleis ein held babyen i vatnet, flyte på rygg, dykking og masse lek.

Dette er ein aktivitet der både mor og far kan vere med. Me har nok vore borti fedrar som kvir seg for å vere med, fordi dei trur at dette er berre for mødrer og babyar. Men me på Lustrabadet har hatt fleire kurs der fedrane har vore i overtal.

Minimumsalder på kursstart hjå oss er 3 månader, men ein kan fint byrja å bade med babyane når dei er 6 veker viss dei då er over 4 kilo og grodd navle - treng litt feitt på kroppen for å ikkje bli kalde. Når ein badar med slike små, må ein vere i varmebassenget.

Ein bør avgrense badinga til 20 til 30 minuttar i starten.

Me har små badarar frå nesten heile indre Sogn, blant anna Sogndal, Leikanger, Kaupanger, Årdal, Lærdal, Vangsnes, Førde og sjølvsgt Luster kommune.

På nyåret håpar me å og kunna tilby kurs i småbarnssymjing.

Instruktør på kurset er Janne Sætherbø frå Luster. Ho er utdanna gjennom Norges Svømmeforbund, og er både baby- og småbornsinstruktør.

Ho har med seg assistent Linda Goldmann som er utdanna livredningsinstruktør.

Håpar å sjå både nye og gamle bade glade i 2019.





Servicebygget på Bergset, Jostedal er eit av fleire anlegg som har fått finansiering gjennom spelemiddel-ordninga.

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Gjeldande plan har ein prioritert handlingsplan som går ut i 2019. Noko som m.a. betyr at kommunen må gjennomføre ein planprosess som også tek høgde for å utarbeide ein ny handlingsplan gjeldande frå 2020 og i fire år framover. Denne nye planen vil omhandle både viktige arrangement og aktivitetstilbod i tillegg til konkrete anlegg. Eksisterande plan finn du på kommunen si heimeside under: Kultur, vel deretter Idrett og friluftsliv og klikk deg så inn på Planar.

Med ein kraftig vekst i søknadsmengde over heile landet er det nødvendig å vera godt førebudd til ein slik planprosess.

Søkaren sin interne prosess kan delast i fylgjande hovudpkt.:

1. Barn og unge sine interesser for tiltaket skal leggjast særleg vekt på saman med ei universell utforming av aktivitetsflata i eit anlegg
2. Avklare areal og kartfesting. Avtalar om plassering skal vera drøfta med utg. pkt. i 20 år for nærmiljøanlegg og 30 år for ordinære anlegg.
3. Avklare eigenfinansiering i form av årsmøtevedtak på bruk av eigenkapital og dugnad.
4. Utarbeide ein driftsplan, og avklare organisering og finansiering av drift.
5. Dersom utbygginga er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire partar bør dette avtafestast, samtidig som dette også er med på å styrke behovet for utbygginga.
6. Avklare byggeperiode, oppdeling i ev. byggetrinn og val av ein person til å koordinere framdrifta.

Korleis kjem nye anlegg inn i den komande planen?

Innspel til neste planperiode bør arbeidast med no og fram til førstkomande årsmøte i februar 2019. Kommunen vil annonsere oppstart av planarbeidet med innspelfrist i mai 2019. Ut på hausten vil dette materialet bli politisk handsama og dei nye prosjekta får si prioritering i handlingsplanen for 2020 – 2023. For nærmiljøanlegg kan desse rullerast inn i handlingsprogrammet i løpet av planperioden, men for ordinære anlegg vil «toget» ha gått for fire nye år...

For alle prosjekt gjeld «tre-trinns-strategien»:

1. Fokuser på å lage ein plan for anleggsarbeidet (jf. ovanfor pkt. 1-6)
2. Sørg for å få prosjektet prioritert i den kommunale handlingsplanen, og
3. Søk om idrettsfunksjonell godkjenning i kommunen før de mottek den første fakturaen.

Då er løpet lagt for å utarbeide ein søknad om spelemidler som kan godkjennast. Men om det framleis er noko de ynskjer å få meir informasjon om, så ta kontakt med Erling Bjørnetun.

Austerriksk

Arbeidet med attendeføringa av Wittgensteinhuset går som planlagt. Det lokale firmaet Metre AS i Skjolden har stått for arbeidet og dei har gjort ein framifrå jobb so langt. Løyvinga på 1 millionar kroner i 2017 frå Luster Sparebank var utløysande for oppstarten av prosjektet. No jobbar stiftinga hardt med finansiering av slutføringa, spesielt for å få midlar til utbetring av tilkomsten og til den handsveivopererte kabelbana for vassforsyning frå Eidsvatnet opp til huset. Lunsjmøte hos den austerrikske ambassadøren i Oslo Stiftinga tok allereie i 2014 kontakt med den austerrikske ambassaden i Oslo for etablering av samarbeid. Men det var først då Wiliam M. Donko vart ambassadør at det kom respons frå austerriksk hald. På møte i ambassaden 9. november vart interessa bekrefta, Austerrrike vil gjerne aktivt syne ansikt i prosjektet. Ambassaden i seg sjølv rår ikkje over prosjektmidlar av betydning, men kan ha rolle som kontaktfordelar til potensielle aktørar i heimlandet eller til austerrikske firma i Noreg. «Østerrrike» i Luster Luster er vidstrakt, det veit me, kommunen rommar til og med «Østerrrike». Dette var namnet skjoldingane sette på buplassen til den eksentriske austerrikkaren som fann fram til Skjolden for å få arbeidsro i 2013 og bygde hus på fjellhylla over Eidsvatnet i 2014. Etter 100 år kan no namnet reknast for «offisielt» etter at det vart trykt på turkartet som vart

medverknad i «Østerrike»?

distribuert til alle husstandane i Luster for få år sidan.

Ambassadøren var svært interessert. Ambassadøren og kultursekretæren hans, Miriam Henning, hadde gode kunnskarar om prosjektet og Skjolden, m.a. etter studiar av Harald Vatne si bok «Wittgenstein og skjoldingane». Ambassadøren hadde inntrykk av at Wittgenstein sitt namn var godt kjent i Noreg, eit teikn på at nordmenn er godt skulerte, meinte han. Han var dessverre ikkje alt for optimistisk med moglege bidrag frå austerrisk hald, men me håpar og trur at austerrikarane no vil mobilisera for å få til eit godt «Østerrike i Luster».

Status:

Haugst 2017: Huset demontert i Skjolden.

Vinter 2018: Huset rekonstruert innomhus.

Sommar 2018: Huset transportert til opprinneleg byggjeplass og gjenoppført.

Haugst 2018: Murarbeid og delvis innreising.

Våren 2019: Ferdigstilling og terrengarbeid.

20. juni 2019: Innviingsarrangement.

21. juni 2019: Miniseminar og presentasjon av utkast til 8 kunstinstallasjonar i Skjolden.



Wittgenstein-stiftinga i ambassaden til Austerrike.

Fredag 9. november var Stiftinga Wittgenstein i Skjolden invitert til ambassaden til Austerrike i Oslo for å presentere planane for det vidare arbeidet til stiftinga. På bildet ser me bak f.v. Trygve Martinussen og Jon Bolstad. Fremst ambassadør Wilhelm M. Donko (Republic of Austria) og ordførar Ivar Kvalen.



Wittgenstein-monumentet avduka

Kunstnarane Siri Hjorth, Marianne Bredesen og Sebastian Makonnen Kjølås markerte eit fire års langt prosjekt-arbeid med å avduke den sju meter lange og tre meter høge «munnhand»-skulpturen laga av utvalt furumaterialar frå Nordmøre. Wittgenstein-monumentet, som er tittelen på skulpturen, er plassert på Vassbakken i Fortun. Symbolikken i skulpturen er, den kunstnariske tanken, er knytta til Wittgenstein sin person. Han kom frå ein av dei rikaste familiane i Europa og ga bort arven sin samtidig som han var i Noreg. På mange måtar levde han «frå hand til munn». Dette kan me som kunstnarar forholde oss til, framhevar Sebastian M Kjølås. Symbolikken er såleis handa som handlar og munnen som snakkar.

Stor satsing ved NTP

Hjørnesteinsverksemda Avery Dennison NTP har i 2018 sett inn eit nytt gir og satsar for fullt på vidare vekst i 2019 og framover. Store kontraktar er sikra og fleire større investeringar er gjort. Dei siste maskinene i det store utviklingsprosjektet blir installert i desember og då har NTP gjennomført tidenes største løft når det gjeld teknologi og kapasitet. Til saman vert det investert for over 30 millionar kroner i 2018 berre i maskiner. I tillegg til det, fleire millionar i innovasjon og utvikling.

Dagleg leiar, Tom Dyrdal, fortel om satsinga til NTP:

Ny teknologi er nødvendig for å vera konkurransedyktig i både Noreg og Europa. Teknologi som gjer at arbeidsoppgåvene til våre tilsette går frå å vera analoge og repetitive til digitale og fleksible, har stor effekt. Me kan produsere meir med same bemanning og arbeidsmiljøet blir betre. Luster kommune sitt tilskot i 2018 for å bidra til opplæring og digital transformasjon har vore kritisk viktig for vår suksess.

Ny storkontrakt - Premier League

Dei store investeringane er eit resultat av at NTP har hatt suksess i både heimemarknad og i Europa. Me har gjort oss fortent til å få nye maskiner gjennom stor vekst på både topplinje og botnlinje. Den største kontrakten vart offentleggjort i november (15.11) i år, og det er no klart at Avery Dennison skal produsere tal og bokstavar til alle Premier League klubbane frå neste sesong. Dette er den største avtalen i fotballverda, og NTP skal produsere ein vesentleg del av dette volumet.

«NTP er ei produksjonsbedrift med mange fotballinteresserte medarbeidarar, og det faktum at



NTP har gjennomført store investeringar i maskiner, innovasjon og utvikling.

me vann slike kontraktar gjer at arbeidsdagen blir litt artigare», seier HR leiar Monica Brugrand.

Fleire tilsette i 2019

I løpet av eit år produserer me mange millionar merke, men i 2019 vil alle tidlegare rekordar stå for fall. Det krev også at me tilset fleire flinke folk. Fabrikksjef Lasse Norheim estimerer at me skal auke totalt med 10 tilsette i 2019, for å ta unna ekstra volum både i produksjon, sal- og kundeservice og andre støttefunksjonar. Det vil auke totalt tal tilsette i Gaupne frå 130 personar til 140. Fabrikken i Gaupne vil i 2019 ha døgnkontinuerleg drift måndag til laurdag i store deler av året, for å ta unna dei store voluma som er venta neste år.

Tredobla omsetjing

NTP har hatt eventyrleg vekst dei siste fem åra, og nærmar seg ei omsetning på 200 millionar kroner. Då eg byrja på NTP i 2008 var omsetninga omlag 70 millionar. Det vil seie at me har



Business Unit Director Tom Dyrdal.

nær tre-dobla omsetninga på 10 år. Nye maskiner, ny teknologi og ny kjemi har bidrege - men det har alltid vore den store kompetansen og engasjementet du finn hjå dei mange tilsette på NTP som er fundamentet for vekst og suksess. I 2019 er eg glad for at me skal arbeide vidare og styrke dette fundamentet med å tilsetje fleire talent og halde fram og vidareutvikle oss. Frå seinhausten 2018 skal eg styre ei eining Avery Dennison har i England, i tillegg til å vere leiar av NTP i Gaupne, og ser fram til å finne synergjar mellom dei to bedriftene framover.

Digitalt printnettverk

Dei to lustrabedriftene Avery Dennison NTP og Digital Etikett har sammen med Printfarm.no i Årdal fått støtte til nettverkssamarbeid frå Innovasjon Norge. Prosjektperioden er inntil tre år.

- Nålauga for å komme inn i Innovasjon Norge sitt nettverkssprogram er trangt, så vi er glad for at dei har valt å støtte prosjektet vårt, seier Øyvind Aga i Printfarm.no.

Marknaden for grafiske produkt er i vekst, og segmentet som veks raskast er digitalt produsert uavhengig om det er merke, etiketter, forpakning eller publikasjoner. Bakgrunnen for marknadsvæksten er samansett, men ein viktig grunn er at sel-skapa sine produkt er sentrale i eksponeringssamanheng, auka breidde i produktutval, individualisering og aukande tal mindre einingar.

Dei tre bedriftene som står bak oppstarten av bedriftsnettverket er alle langt framme innan digital produksjon, og ikkje minst digitalisert arbeidsflyt frå ordre til sending. Dette har gitt alle bedriftene vekst både nasjonalt og internasjonalt. NTP produserer som kjent transfers, Printfarm.no trykte produkt og Digital Etikett produserer etikettar.

- Bedriftene er i same bransje, men i ulike segment. Vi ser imidlertid at det er mange felles utfordringar om ein produserer etikettar, transfermerke eller trykte produkt. Mange felles utfordringar, same ambisjonar om vekst og tankesett er eit godt utgangspunkt for eit vellukka bedriftsnettverk, seier Tom Dyrdal i NTP.

Digital Etikett, NTP og Print-



Frå Avery Dennison sin fabrikk rett utanfor Ancona, frå ein studietur til Italia for ikkje lenge sidan. Ev. Tom Dyrdal, NTP, Øyvind Aga, Printfarm.no og Kjetil Hovland, Digital etikett. Dette er no komme inn i eit treårig program delfinansiert av Innovasjon Norge, der målsetjinga er å bli betre saman. Ikkje berre betre, men Nordens beste på digital produksjon av grafiske produkt.

farm.no er grunnlaget for nettverket, men det vil og bli drege vekslar på Visutech og ACG Accent i Sverige, samt Lerum og Sogndal Fotball knytta til deira kunnskap om marknad og produksjon. Atle Stalheim som er partner i konsulentselskapet GCC, skal vere prosjektleiar.

- Eit vellukka bedriftsnettverk vil bidra til at bedriftene raskare når sine respektive mål. Ein tydeleg

digital strategi har vore viktig for vår del, seier Kjetil Hovland i Digital Etikett. - Vi har nyleg investert vel 20 millionar i nytt produksjonsutstyr, og er klare for nye steg, seier Hovland vidare. Digital Etikett vil elles vere ansvarleg for printnettverket.

Dei tre bedriftene har også i dag eit samarbeid med utgangspunkt i industrinettverket til Sognefjorden Næringshage.

Litt frå haustaktiviteten i biblioteket

Sommarlesfesten

437.917 lesne boksider i Sommarles 2018 i Luster!

Sommarlesarane gjorde ein fabelaktig innsats i årets lesekampanje. Vel 60% av alle skuleelevarane melde seg på, litt fleire gutar enn jenter. Med nesten ein halv million lesne sider blei resultatet gjennomsnittleg 1610 sider på kvar deltakar! Det betyr 2.plass i Sogn og Fjordane, etter Solund der 10 lesarar var registrert med vel 1800 sider kvar!

Den fenomenale innsatsen blei feira med morosam teaterframvisning med Askeladden Friteater, sponsa av Folkeakademiet Luster. Også i år blei det servert eple frå Eikjastrond i kaffi- og bruspausen. I år var dei ekstra

store og søte. Premietrekkinga varte lenge med heile 26 store og små premiar i høve suksess og leseiver. Dess fleire lesne sider, dess fleire lodd til premiepotten. Mange foreldre kommenterte at digital registrering av bøkene hadde ført til større litteraturenthusiasme enn nokon gong i deira hus. Mange fleire gutar har vore med denne runden og mange fleire 6. og 7.klassingar har vore med enn tidlegare. Hovudgevinsten, gåvekort kr 1000, gjekk til Ellisiv Sjøthun, 2.klasse Indre Hafslo oppvekst-



senter. Det passa bra, sidan ho var ein av dei svært få som nådde høgste level på lesestigen.



Treboka : Bokbad med Sigrí Sandberg

22.september var første gong Luster bibliotek hadde eit bokbad på arrangementskalenderen. «Bokbad» har blitt eit etablert omgrep i norsk kulturliv; Eit litterært arrangement i samtaleform kor ein forfattar blir intervjuet om sin forfatterskap, ofte om ei nyttgjeving. I forfattarstolen sat Sigrí Sandberg, eventyrar, forfattar og journalist. Med seg hadde ho den kritikarroste «Treboka», ei bok som også omtalar edeltreskog i Luster. Når Sigrí ikkje er ein stad i naturen, på jobb eller i fritid, kan det hende ho er å trefte i ein av heimane sine; Den eine ligg i hovudstaden, den andre er ein veglaus eplegard på Eikjastrondi. Sigrí har alltid eit prosjekt på gang, for å undersøke korleis natur og menneskje rører kvarandre, og Luster er mellom anna godt representert med folk og natur i boka hennar «Frykt og jubel i Jotunheimen».

Vinje

– 200 år jubileumsarrangement

Tekst og tonar ved Kåre Øvregard, John Halveg og Oddlaug Molland. Det blei ståande applaus ifrå ein fullsett sal til eit einestående program da trioen Kåre Øvregard, John Halveg & Oddlaug Molland káserte, deklamerte og spelte ein septemberlaurdag. Programmet var innsiktsfullt, vakkert og rørande; ein stor mann som Aasmund Olavsson Vinje verdig.





1968: Året da kjærligheten blomstret og verden sto i brann

17.oktober inviterte biblioteket i samarbeid med Folkeakademiet Luster til forfattarmøte med Eva Bratholm og Joar Hoel Larsen; Begge to kjende namn og fjes frå NRK. Det blei ein god time med engasjerande formidling. Salen var full av godt vaksne folk som tykte det var kjekt å høyre om eit av dei viktigaste åra i moderne tid og tida da dei var unge.

For dei yngste

Latteren sat laust da 3 og 4-åringar frå barnehagane Indre Hafslo, Jostedal og Gaupne såg Barnehageteateret si framsyning “Lille Lukas hemmelighet”. Luster bibliotek abonnerer på framsyningane til dette vetle tomannsteateret. Neste haust er det populære “Karius og Baktus” som kjem på plakaten.

I biblioteket sitt aktivitetsrom står «Barnetimen» fast på programmet annakvar onsdag i partalsveker. Denne hausten er det Dag Tore Dysvik som har stått for nynorsk formidling av gode biletbøker. «Barnetimen» er ein del av prosjektet «Språkkommunen Luster 2017-2018».

Lesebingen ein ynnda stad for dei fleste når lesing og bokprat står på programmet. Her er 1. og 3.klasse frå Jostedal oppvekstsenter på besøk i slutten av oktober.

Språkkafé

I samarbeid med vaksenopplæringa i Luster er det språkkafé i biblioteket annakvar måndag i partalsveker. Dette opplegget er også muleg å delta på for andre enn elevane på vaksenopplæringa. Aktivitetar på språkkaféane har mellom anna vore språktrening ved å trekke ord frå ulike ordklassar og lage setningar av dei. Denne hausten har vi snakka om norsk litteratur- og kulturhistorie. Vi har sett filmar og lest frå bøker om Askeladden og andre eventyr. Ein klassikar som til dømes Karius og Baktus har vore populært innslag. Elles er det ofte både musikk og nyhende på programmet, der deltakarane formidlar frå «sine land».



Historisk time

Steinar Velle fortalte frå boka si «Tusen år i Sogn» i laurdagsforedraget 10. november. I Sogn voks Harald Hårfagre opp, han som samla landet. På Gulatinget vart det norske folkestyret fødd. Og i Sogn bygde dei kyrkjer som enno er kulturminne i verdsklasse, med Urnes stavkyrkje som den fremste. Tilhøyrarane blei presentert for eit rikt biletmateriale. Mange av dei store nasjonalromantiske målarane drog nettopp til Luster for å oppdage og skildre det norske landskapet.





Kjenner du Besøks-tenestene i Luster?

At Røde kors driv med hjelpekorpsarbeid er vel kjent og blir ofte omtala i media m.a. i samband med leiteaksjonar, øvingar og andre aktivitetar. Luster Røde Kors har 2 hjelpekorps, både Hafslø og Luster, og begge desse har mange medlemmar og stor aktivitet.

Mindre kjent er kanskje det som heiter Røde Kors Omsorg. Under denne paraplyen finst det mange ulike aktivitetar som t.d. besøkssteneste, leksehjelp, flyktningeven, ferie for alle, besøksvenn med hund. Aktivitetane kan vere retta mot ein til ein, eller mot grupper. Felles for alle aktivitetar er at dei er baserte på Røde Kors sine humanitære verdiar og menneske sine behov for tryggleik og tilhøyrighet.

Lokallaget Luster Røde Kors har også to lokalråd innan omsorg, det er Besøksstenesta Luster og Besøksstenesta Hafslø. I tillegg har vi nokre få godkjende besøksvenner med hund, tre som er godkjende for institusjon og ein for individuelt besøk.

Informasjon og rekruttering

Besøksstenestene i Luster og Hafslø ønskjer gjennom «Lustranytt» å auke kunnskapen om kva vi står for og arbeider med, slik at fleire kan nytte seg av dei tenestene vi tilbyr. Vidare er det viktig å rekruttere nye medlemmer til besøksstenesta, slik at vi fortsatt kan drive med dei aktivitetane vi ønskjer å tilby, og eventuelt utvide tilbudet med nye tenester. Så om du kan tenkje deg å bli med i ei av besøksstenestene våre, er det berre å ta kontakt med ein i styret der du vil vera med. Du kan gjerne vera med på nokre av aktivitetane våre for å sjå om

du trivs i besøksstenesta, før du eventuelt melder deg inn. Nye medlemmar får tilbod om grunnopplæringskurs, og for alle medlemmar er det rikeleg med tilbod om «påfyll» gjennom lokale kurs, kurs på distriktsnivå, den årlege fylkessamlinga i Røde Kors Sogn og Fjordane, KVEIK, og på fylkesårsmøtet. Sjølv om mange av aktivitetane i Luster og Hafslø besøkssteneste liknar på kvarandre, vil vi likevel presenter oss kvar for oss i dette innlegget.

Hafslø Besøkssteneste

Besøksstenesta i Hafslø har ca. 60 aktive medlemmar. Medlemmane er delt i grupper med ein eigen gruppeleiar, og aktivitetane vert fordelt på gruppene der dei tek sjølvstendig ansvar. Aktivitetane har til no vore retta stort sett mot

gruppa eldre i institusjon, men vi ønskjer også å kunne tilby besøk til heimebuande. Vi har vidare to ekvipasjar som er godkjende som besøksvenn med hund. Nye medlemmar vil gjerne kunne komme med nye innspel til kva tilbod vi vil ha. Vi vil her gje ein kort omtale av dei viktigaste aktivitetane våre.

Torsdagskafé:

Frå august til april er det open kafé siste torsdagen i månaden, på arbeidsstova ved Hafslø omsorgssenter. Det er servering av kaffi og mykje gode kaker, litt underhaldning og ikkje minst eit par rundar med åresal. Kaféen er open for alle, ikkje berre eldre, og sjølv om frammøte er bra er det god plass til fleire. Besøksstenesta tilbyr skyss til dei som ønskjer.

Song- og trimgruppa:

Kvar torsdag er song- og trim-



Styret i Hafslø besøkssteneste. Bak frå venstre: Odd Solvi, kasserar, Else Moen, sekretær, Brita Hillestad, styremedlem, Bjørg Marit Solheim, nestleiar. Framme f.v.: Liv Orrestad, vara, Per Jørgen Loen, leiar, Inger Dyrud Hess, vara.

gruppa på omsorgssenteret og syng gode, gamle songar med bebuarane. I tillegg til å syngje, er det lagt inn litt lett trim. Det er eit flott og populært tiltak som dei fantastiske damene i denne gruppa står for.

Besøk på arbeidsstova:

Ein gong i månaden besøker vi arbeidsstova på omsorgssenteret på føremiddag. Då serverar vi kaffi med noko attåt, og så spelar vi bingo med brukarane.

Tilbod på eldresenteret:

Ein måndag i månaden kjem «kveldsgruppa» i besøkstenesta og serverar kveldsmat på eldresenteret. Vidare har vi ein onsdag i månaden ettermiddagskaffi med påfylgjande bingo.

Aktivitetar på Veitastrond:

Medlemmane på Veitastrond har vanlegvis ansvar for to arrangement i året på Veitastrond. Det er ein søndagskaffi om hausten og så «årets begivenheit», Feitetydsdag! Der samlast ung og gammal, frå barnehage til dei «grå hår», til god, gammaldags feitetydsdagsmeny med ertesuppe, saltakjøt, pølse, raspeballar, dessert og kaffi. Mange medlemmar frå Hafslo tek turen til Veitastrond når det er arrangement der.

Fellesmøte med Leikanger, Sogndal, Luster og Hafslo:

I september vert det kvart år arrangert eit fellesmøte for besøkstenestene, og ansvaret for arrangementet går på omgang mellom dei ulike besøkstenestene. På desse samlingane er det gjerne eit tema, det er underhaldning, erfaringsutveksling, god servering og sosialt samvær.

Pensjonisttur:

I mange år har besøkstenesta arrangert ein tur som er open for alle pensjonistar i vårt område. Turane har vore på 3-4 dagar, dei siste åra med 2 overnattingar.



Anne-Ma med besøkshunden.

Desse turane har vore svært populære, og dei vert sponsa noko av besøkstenesta. Av reisemål i det siste kan nemnast Stavanger («Flor og fjære»), Ålesund og Røros med det historiske spelet «Elden».

Ivaretaking av medlemmane:

Vi er ei stor gruppe med aktive og positive medlemmar i Hafslo besøksteneste. Alle legg ned eit stort friviljug arbeid i tenesta, det er ikkje nei i nokon sin munn. Det er derfor viktig å ta vare på



Kaffien er klar til servering.

medlemmane også, og ikkje berre ha fokus på brukarane. Vi har 3-4 medlemsmøte i året, med orienteringar, ulike tema og sosialt samvær med enkel servering. Vidare har vi ein medlemstur (dags-tur) på våren, og julemiddagen, som er open for alle pensjonistar i området, er alltid populær også for medlemmane.



Det er viktig at vi i besøkstenesta har det triveleg saman.

Røde Kors Luster Omsorg

har besøkstenester både på Gaupne og Luster eldre- og omsorgssenter. Kvar tredje veke besøker vi avdelingane med song og musikk, og god prat. Då møtest vi rundt kaffibordet i ei av stovene, har gode samtalar om smått og stort, frå gamle dagar, tradisjonar og tema som er kjekt å samtale om. Vi har som oftast trekkspelmusikk til songane. Dei likar godt å synge saman med oss, gamle songar som dei hugsar frå før. Kaffi og litt å bite i er det alltid.

Det siste året har vi fått 2 besøksvener med hund – ein er med på besøka både i eldre- og omsorgsentra, den andre som kombinert besøk- og turkamerat. Det er populært å få klappe på hundane og høyre om kva dei kan finne på i kvardagen.

Besøksvenene møtest ein gang i månaden. Der har vi hyggelege samtalar om arbeidet vi utfører, deler opplevingar, diskuterer utfordringar på gruppene og får høyre nytt frå RK lokalforening. Kaffi og kaker vert alltid servert, det arbeidet går på rundgang. Julemiddagen i desember er ei hyggeleg samkome, der vi berre kosar oss med god mat og god prat.

Open kafe

Siste tysdagen i månaden i Gaupne og siste onsdagen i Luster, arrangerer vi Open Kafe på omsorgssentra. Pensjonistar som bur heime og pårørende blir også invitert. Vi serverer nysteikte vaflar med tilbehør – nokre gonger har vi underholdning, elles er det alltid song og musikk. Trekkspel er populært – det blir trampa takten til Jularbo og andre gamle melodiar. Lotteriet er ein spennande avslutning på kafeen.



Frå pensjonistturen til Roros 2018.

Kveldsmat med påsmurt og mølsa

Det er ekstra hyggeleg på desse kveldane. Då kosar alle seg med god mat og sosialt samvær. Musikk og song er det alltid.

Julekos

Der serverer vi lefsekling og blautkaker. Denne kvelden har vi underholdning, med jule- og adventsprogram.

Dagstur

Kvar vår vert det arrangert dagstur for pensjonistar frå både eldresentra og heimebuande. Turen

sist sommar gjekk over Filefjell til Tyin og om Årdal. Då var det med guide som fortalde historie langs ruta. Det er alltid god middag, dessert og kaffi på desse turane. Hyggelege turar, som det vert sett stor pris på. Det er flott å inspirerande å bruke tida i Røde kors omsorg. Og eit stort pluss er KVEIK-kurser kvar haust, der vi får fagleg påfyll, får møte andre som er med i Sogn og Fjordane Røde Kors, utveksle erfaringar og få nye idear.



Styret i Luster besøksteneste. Bak f.v.: Grete Elida Nyløy, leiar, Ragnbild Sviggum, sekretær. Framme f.v.: Henny Neset, styremedlem, Agnar Kveane, nestleiar, Leiv Bollingberg, kasserar, Aslaug Skjæret, styremedlem, Alfred Sandvik, styremedlem.



Dei fleste hjortefarmane rundt om i landet sel hjorteslakta sine på hausten, vanlegvis ferdig parterte heile/halve dyr, eller for eks. 10-kilospakningar med diverse stykk-delar. Sidan me bur i Sogn, og dermed i hjorten sitt heimfylke, er det naturleg at marknaden vår er tyngre lokalt. Mange private her har tilgang til hjortekjøtt gjennom jakt. At Sognefjellet er stengt halve året, gjer det heller ikkje akkurat lett å selja hjortekjøtt frå Skjolden i den tida. Derfor satsa me på å selja produkta våre i sommarhalvåret. Me ønskte å vidareforedla produkta våre, og få verdiskaping på

garden. I 2014 bygde me slakteri og vidareforedlingsanlegget vårt. Etter 4 års drift i anlegget såg me eit stort behov for å auka frysekapasiteten. Årsproduksjonen vår ligger mellom 4,5-5 tonn reint kjøtt og kjøttprodukt. Dette må me lagre gjennom heile vinteren til langt ut på vårparten før salet tek av. Me produserer også m.a. hjorteburger, og disse singelfrys me. Ein produksjon består som oftast av 2000 burgerar, og desse krev plass.

I løpet av sommaren har me utvida slakteri- og vidareforedlingsanlegget vårt med 35 m².

Nybygget inneheld frys og nytt inngangsparti. Frysekapasiteten er dobla, og no har me fått oss eit velfungerande anlegg.

Ikkje berre kortreist, men ureist ...

Dei første åra kørde me nesten alt me produserte til Oslo – nær 90 %. No er det svært gledeleg

for oss at dei lokale reiselivsaktørane og mattilbydarane bruker meir og meir av våre produkt. For sesongen 2018 har dei lokale kjøpt over 70 %. Me ønsker med dette å rette ei stor takk til alle som har satt oss på menyen, og serverer hjorten vår. Det gir oss ei stor glede at det me produserer blir servert lokalt. Salet frå garden aukar også for kvart år, og me viser gjerne fram både anlegg og hjort samtidig! Kjøttet vårt er ikkje berre kortreist, men ureist...

Samarbeidspartnaren gjennom alle år, ElleVilt, har endeleg teke steget heilt ut og opna butikk i Sogndal. Der finn du produkta våre saman med all den gode heimelaga maten dei lagar. Sidan sommaren er tida for bryllaup, runde dagar, konfirmasjonar osv. er det mange som ønsker å ha Vestlandets storvilt på menyen.

Luster kommune er ein god og positiv kommune å drive næring og næringsutvikling i. Me takker så mykje for støtta me fekk til utbygginga.

Me har akkurat ferda ein spekepølseproduksjon, og hjortepølse med blåbær har blitt vår nye favoritt. Håpar den er å finne på mange frukostbord i julehøgtida. Hjortekjøtt er både sunt og magert, og passar fint inn i romjula innimellom all den kraftige maten.



Merete Aasen

Lustranytt gratulerer Merete Aasen, dagleg leiar i Aasen Språk & Sprell. Ho har feira eitt år med eiga verksemd, og har hatt 40 omsetjingsoppdrag i mange ulike sjangrar. Merete har kontor i industribygget på Gjerde. Ho fortel soga om å vere sjølvstendig næringsdrivande i JSA, Jostedal skule og bygdeavis.

Masterplan for reiselivet i Sogn



Visit Sognefjord er i gong med utarbeiding av ein masterplan for reiselivet i Sogn. Sogn regionråd har overordna eigarskap for prosjektet og arbeidet er finansiert av Innovasjon Norge med bidrag frå Sogn regionråd. Styret i Visit Sognefjord utgjer styringsgruppa saman med representantar frå Sogn regionråd, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Innovasjon Norge. Synnøve Aabrekk er engasjert som prosjektleiar saman med Joakim Systaddal og Helene Maristuen. Visit Sognefjord ved Ståle Brandshaug er prosjektansvarleg.

Sidan hausten 2017 har Visit Sognefjord gjennomført forprosjektet med kartlegging av no-situasjonen for reiselivet i Sogn, inklusiv intervju med samarbeidspartnarar som t.d. Norled, NSB, Fjord Tours, Flåm AS, nasjonalparkane og verneområda i Sogn, Fjord Norge, Visit Nordfjord og Visit Voss. Vidare har Menon analysert verdiskapinga i reiselivet med følgjande hovudfunn:

- **Sogn har stor del internasjonal trafikk frå heile verda (60% mot 33% for Norge)**
Internasjonale besøkande har høgast verdiskaping per døgn (snitt NOK 2.000 mot NOK 1.500 for nordmenn)
- **Sogn har flest registrerte gjestedøgn frå hytte- og camping**
- **Det er 3700 fritidsbustader i Sogn**
1707 med eigarar utanfrå som gir NOK 33 mill. i verdiskaping
Oppføring av nye hytter gir lokal verdiskaping på gjennomsnittleg NOK 750.000 per hytte
- **Sogn/Flåm er ein av landets viktigaste cruisedestinasjonar med 160-180 anløp årleg**
- **Reiselivet omset for NOK 1,3 mrd. med meir enn 1 mill. gjestedøgn (inkl. cruise)**
NOK 0,75 mrd. i lokal verdiskaping (8% av samla lokal verdiskaping)
1775 årsverk (16% av samla tal årsverk)
Næringa har hatt 80% vekst frå 2004 – 2016
- **Reiselivet er 5. største næring og 4. største arbeidsgivar i Sogn**
Største verdiskaping: Prosessindustri, Kraftbransjen, Bygg og anlegg, Handel, Reiseliv
Største arbeidsgivar: Prosessindustri, Kraftbransjen, Bygg og anlegg, Reiseliv
- **Reiselivet har større næringsvekst, tilsettevekst og verdiskapingsutvikling enn dei andre næringane i Sogn**
Reiselivet i Sogn/Sognefjorden har større og raskare vekst enn dei andre fjordane

Alle kommunane i Sogn og heile reiselivsnæringa vert involvert vidare i hovudprosjektet frå oktober 2018 til oktober 2019. I hovudprosjektet skal det lagast mål, strategiar og handlingsområde for korleis reiselivet skal utvikle seg dei nærast åra på kort, mellomlang og lang sikt. Masterplanen gjeld for Sogn som samla reisemål med tilpassing til utvelde tema, satsingsområde og einskildkommunar. Følgjande hovudproblemstillingar er sett opp til utredning i hovudprosjektet:

- Berekraftig reiselivsutvikling (økonomi, lokalsamfunn, miljø og fellesgodefinansiering)
- Produkt- og næringsutvikling (kompetanseheving, transport/reiseruter og konseptutvikling)
- Vertskap og informasjonsløysingar (turistinformasjon og digitale løysingar)
- Marknadsføring og turoperatørsamarbeid (profilutvikling, digital kompetanse og nye marknader)
- Samhandling (ekstern aktørutvikling, destinasjonssamarbeid, nasjonalparkane/verneområda, offentleg sektor og transport/samferdsle)
- Utvikling av Visit Sognefjord (rolle, arbeidsområde og forretningsplan)

Samtidig med masterplanarbeidet skal Sogn kvalifiserast for merket som berekraftig reisemål i samarbeid med Innovasjon Norge, og alle kommunane har gjort politisk vedtak om å bidra til å oppnå merket og å inkludere berekraftig reisemålsutvikling i kommunale planar og strategiar. Merket som berekraftig reisemål omfattar mellom anna at flest mogleg reiselivsbedrifter vert miljømerka.

Frå hausten 2019 går hovudprosjektet over i “frå ord til handling”-fasen med oppfølging og vidareutvikling av strategiane og tiltaksområda. Masterplanen skal tilsluttast av kommunane og koplast til planar for besøksforvaltning i nasjonalparkane og verneområda og andre relevante planar. Visit Sognefjord har mellom anna engasjert selskapet InFuture til å gjere ei strategisk kartlegging av moglegheitsområda for Sogn der det vert invitert til brei deltaking frå næringa og kommunane til strategiske arbeidsøker 15., 16. og 17. januar 2019 i Flåm, Sogndal og Balestrand.

Sogn er eit av dei største reisemåla i Norge med årleg vekst i talet på besøkande, og er eit naturbasert reisemål med fleire nasjonalparkar, verneområde og UNESCO verdsarv. Dette gjer det naudsynt med ein overordna plan for vidare reiselivsutvikling. Visit Sognefjord ser fram til å få på plass eit felles styringssystem for ein langsiktig, berekraftig utvikling av reiselivet i Sogn.



Styret i kulturminnefondet, frå venstre: Jon Birger Østby, Per Kyrre Reymert, styreleiar Helen Bjørnøy, ordførar Ivar Kvalen, Kjetil Reinskou.

Styret for Kulturminnefondet vitja Luster

I juni var styret for Kulturminnefondet på besøk i Luster. Etter besøket la direktør i Kulturminnefondet, Simen Bjørgen, ut dette biletet med denne teksten på sida si på Facebook:

- Ordførar Ivar Kvalen har synt fram kvalitane i Solvorn og Luster frå si beste side. Styret i Kulturminnefondet er imponert etter synfaring. Luster vart tidleg valt som senter for både nasjonal og internasjonal aktivitet. Heilt attende til 1300-talet er Luster omtala som sete for kongen sitt private sendebod til Island. I fleire hundreår vart Luster eit senter for gjestar og besøkjande. I dag har kommunen ein rik kulturarv og dyktige politikarar og næringsdrivande som ser desse kvalitetane, og tek dei med inn i framtida.

Dødsulukka ved Nigardsbreen



Dagen etter dødsulukka.

Nesten 4 år på dagen sidan førre dødsulukke ved Nigardsbreen i Jostedalen skjer det igjen - nok ei dødsulukke!

Store isras og overfløyningar

I sommar var det varm vêt, noko som førte til stor smelting av breen, med mykje vatn i breelva og mange isras. Utover sommaren opplever ein at breefronten endrar seg slik at det meste av isen som rasa gjekk i elva. Søndag ettermiddag 5. august losna det eit stort istårn som rasa i elva og gjorde til at elva flauma opp og utover elvekanten og la igjen isklumpar utanfor elveleie. Personen som forulukka vart teken av elva og frakta heile vegen ned i Nigardsbrevatnet. Ein annan person datt i eit sideløp av elva og vart redda opp att på land, og ein tredjeperson fekk

hovudskader av fall eller vart slått av is som vart kasta på land.

Spørsmålet i etterkant av ulukka var om informasjons- og tryggingstiltaka var gode nok, og om dei kan verta betre? Og kven har ansvaret for slik informasjon?

Informasjon og tryggingstiltak

Sidan førre ulukke for fire år sidan har forvaltninga endra utforming på skilt, og samarbeid på tvers av forvaltning og reiseliv har gjennomført ei tilsynsordning med både skilt og sperringar. Som alle veit gjeld allemannsretten i utmark i Noreg, og lovverket legg ansvaret på kvar einskild om å ta vare på seg sjølv i norsk natur - også i farlege område. Sjølv om Nigardsbreen er eit naturreservat, så legg ikkje forskrifta noko avgrensing på ferdsla. Likevel tek fleire eit ansvar for å unngå at folk kjem til

skade ved Nigardsbreen. Kvart år, før turistsesongen startar, er det ei felles synfaring der ein drøftar ulike informasjonstiltak. Her deltek Jostedal Breførarlag, Brevegen, Breheimsenteret, politiet, kommunen og Statens naturoppsyn. Nokre gongar er også andre reiselivsaktørar, Fylkesmannen og NVE med.

Utprøving av informasjons- og vaktordning

Sjølv med tydelege skilt og gjerde kryssar turistane over og går inn mot breen. Så med kunnskap om at det ville kome nye store isras og overfløyningar utover seinsommaren, og for å redusere sjansen for fleire ulukker, så bestemte kommunen å prøve ut ei informasjons- og vaktordning ut august månad. Resultata frå dette var gode: Nesten ingen kryssa over sperregjerdet då det var ein person i refleksvest til

stades ved breen. I tillegg fekk turistane mykje god informasjon, og kommunen fekk mykje innspel tilbake frå turistane.

Nigardsbreen - forsvinn du?

NVE har sidan 1899 hatt målingar ved og på Nigardsbreen for å fylgje utvikling. I 2018 viser målingane ein tilbakegang på 81 m i fronten, samanlikna med 2017. Frå og med 2000 til 2018 har Nigardsbreen gått heile 498 meter tilbake, og 2013-18 heile 296 meter. Målingane tyder på

at brearmen vil fortsetja å gå tilbake, kor fort er uvisst, men klimaendringane vil truleg ha stor påverknad. Ut frå kunnskapen ein sit med i dag forstår ein at det vert lengre og lengre opp til brefronten for alle besøkjande, og spørsmålet forvaltninga og reiselivet arbeidar aktivt med, er korleis ein kan ta høgde for klimaendringane, reiselivsproduktet, helse og sikkerheit til brukarane og miljøkvalitetane som området har å by på.



SNO informerer om faren ved brefronten til ei gruppe turistar.



Miljødirektoratet var på besøk for å sjå på naturreservatet og utfordringane. Informasjonspersonell var då ved brefronten. (Alle foto: Anne Rudsengen).



Lustra- marknaden 2019, blir, blir ikkje?

Mona Jacobsen og Anita Kjørhaug vil invitera til idédugnad! 15. januar 2019 kl. 19:00 på rådhuset i Gaupne.

I 2018 var marknaden ein suksess! Eit supert tivoli, mange utstillarar, ein magisk konsert med Odd Nordstoga. Men kva gjer me i 2019? Og vidare?

Skal det fortsatt vera Lustramarknaden? Eller er det Gaupnedagane? Er tivoliet viktig å ha eller skal me ha noko anna? Er marknadsavis utdatert? Skal ein ha konsert på dagtid?

Lustramarknaden tilhøyrer heile Luster, me håpar difor så mange som kan stillar opp, seier si meining og blir med oss å utvikla marknaden.

NYE LUSTRINGAR

Cathrin Ljosne Næss

Fortel litt om deg sjølv:

Hei, hei. Eg heiter Cathrin Ljosne Næss og eg er 40 år. Eg flytta til Høyheimsvik i fjor etter å ha budd 19 år i Bergen. Eg er opprinneleg frå Sogndal, men morsslekti mi er frå Høyheimsvik, så eg har vakse opp med denne staden og eg er veldig glad i denne vetle bygda. Eg er interiørkonsulent av yrke og dreiv for meg sjølv i Bergen. Eg håpar jo sjølvsagt at eg kan jobbe med det her i Luster óg. Det hadde vore so fint å kunne skapt ein liten arbeidsplass med base her i Høyheimsvik. Så viss det er nokon som treng hjelp i heimen eller andre stader, er det berre å ta kontakt.

Kvifor kom du til Luster?

Det var litt ulike ting som gjorde at eg enda opp med å flytta hit, men eg har eigentleg lengta lenge etter å bu nær naturen og vakne opp til den kvar dag. Det er ein eigen ro her på bygda, med fjorden, fjedli og skogen so nærme. Det er eit anna liv enn i byen.

Å få oppleve dyrelivet frå skog og gardar rundt her på nært hald og alle dei ulike skifta i vêr og natur gjennom året er noko eg set stor pris på. I byn er det mykje asfalt, endå meir bilar og mykje støy frå fly, helikopter og byen generelt. Tempoet er óg høgare der, og folk har dårlegare tid. Her i Luster kjenner bussjåføren og folk på bui deg att, folk har bedre tid og er rolegare, det er ikkje kø og bilar overalt og naturen tek størst plass. Lustringar er veldig fine folk - positive og veldig støttande overfor kvarandre, her tek ein vare på kvarandre.



Kva er det beste med å bu i Luster?

Det beste med å bu i Luster har eg kanskje allereie svart litt på. På meg og den vetle tida eg har vore her, virka det som det er ein veldreven kommune. Naturen er jo veldig viktig, at den er so nær. Og alle dei små bygdene med skular, butikkar, folk som satsar og gjer ting for å halde liv - det betyr mykje. At ein kan reise litt på eventyrferd her fordi det er so stor kommune i areal og alle dei små krokane det bur folk, gjer at Luster blir spennande å både leva i og besøka. Treningssenteret og at kommunen satsar på det er óg viktig, ilag med Lustrabadet.

Kva kan Luster bli betre på?

Eg skulle ynskje at fleire nytta bussen, slik at me fekk eit reelt kollektivtilbod med fleire avgangar. Det hadde óg vore heilt fantastisk med ein gang- og sykkelveg frå Nes til Gaupne. Eg drøymmer om ein veg heilt nede ved fjorden, der ein på varme sommardagar kunne ta seg ein dukkert undervegs. Tenk so fint det hadde vore! Og so skulle eg gjerne fått tak i endå meir økologisk dyrka mat, gjerne rett frå bonden.

Dagfinn Hovland

Fortel litt om dykk sjølv.

Eg heiter Dagfinn Hovland, er 45 år og vaks opp på Øyri i Luster. Etter vidaregåande skule og hybelliv i Sogndal var eg student i Sogndal, Lillehammer og Hamar, før eg enda opp som lærar i Oslo. Der har eg vore lærar i fyrste til fjerdeklasse sidan 1997, utanom eit par år på Hamar, også som lærar. Dei siste to åra i Oslo jobba eg i Utdanningsetaten som veileidar for andre lærarar. Eg er gift med Bjørn Sverre på tiande året no, og me pendlar mellom Luster og småbruket me har på Slåstad i Odalen. No deler eg tida mi mellom å vere lærar i Skjolden og å få igang drift i prestegarden i Luster.

Kvifor kom de til Luster

Etter nær 20 år i Oslo hadde eg lyst til å prøve noko anna. Eg pleier ofte å seie at eg aldri har gått på folkehøgskule, hatt pappapermisjon eller vore på jordomsegling, så då er det å flytte til Luster min måte å teste ut ein annan måte å leve dette livet på. I tillegg viste det seg jo at Prestegarden i Luster var nyoppussa og at Opplysningsvesenets fond, som eig alle prestegardane i Norge, var på utkikk etter leigetakarar. Etter å ha konferert med både ordførar, næringssjef, bygdelag og familie, bestemte eg meg i april for å realisere tanken om å skape prestegarden om til eit selskapslokale og minikulturhus. Det er eit fantastisk hus, der stovene ligg på rad. Med møblane eg har fått tak i er bygget den perfekte ramma rundt feiringar, møte, konsertar og foredrag.

Kva er det beste med å bu i Luster

Sidan dette blir skrive i novem-



ber kan eg seie at det er roleg og stille, ingen køar, god plass og korte avstandar. Folk kjenner kvarandre på godt og vondt, ein blir sett og det er alltid nokon å snakke med på butikken eller ute på vegen. I tillegg er det veldig fint å flytte nærmare mor og far og resten av familien min som bur her. Når det kjem til vår og sommar er det moro å invitere venner og kjente til Luster og vise fram alt me er stolte av innan natur og kultur, både kyrkjer, nasjonalromantikk, fjell og fjord.

Kva kan Luster bli betre på
Verda ville vore ein enda betre plass om folk snakka meir saman og var meir interesserte i kvarandre. Det gjeld i Oslo så vel som i Luster. Det betyr å bli flinkare til å invitere ein nabo inn på frukost eller middag, gå fleire turar saman og stoppe opp når ein møter folk. Og ein kan gjerne utvide samtalen til å handle om litt meir enn veret, nedbøren og om det var kaldere i går eller dagen før.

Silje Vigdal og Kristian Elde Walaker



Fortel litt om dykk sjølve

Vi er to personer som har bodd 2 år sammen på Leikanger, men som nå ville flytte på oss. Kristian Elde Walaker (23) fra Leikanger og Silje Vigdal (21) fra Vigdalen. Begge to jobber i Sogndal, Kristian som rørlegger og Silje i butikk. Vi er to personer som er glade i naturen og liker å gå i fjellet. I midten av desember blir vi en familie på 3.

Kvifor kom de til Luster

Vi ville flytte til Luster for å komme nærmere familie og fordi vi fant en leilighet vi kunne tenke oss å bo i.

Kva er det beste med å bu i Luster

Det beste med å bo i Luster må være naturen, fjella og fjorden i nærområdet. Og selvsagt for Silje sin del Vigdalen som er barndomsplassen.

Kva kan Luster bli bedre på

Det vi synes Luster mangler er en lang åpen bensinstasjon i Gaupne, der det hadde vært mulighet for å handle seg mat og andre tjenester som å få i gang vaskehallen igjen.

NYE LUSTRINGAR



Ketil Raaum

Fortel litt om deg sjølv?

Ketil Raaum 54år, har vokst opp på Skedsmokorset. Etter det 25 år på Toten.

Kvifor kom du til Luster?

Jeg flyttet til Mollandsmarki for å ta vare på og utvikle slektsgården.

Har 4 voksne barn og 3 barnebarn.

Hus, heim, natur og veteranbiler mm er mine interesser.

Pendler nå til Østlandet hvor jeg jobber som daglig leder i et varmpumpefirma som heter Keli AS.

Vil på sikt satse på å redusere pendlingen og engasjere meg i turisme og varmpumper i Luster.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Det beste med å bo i Luster er mange hyggelige innbyggere og en fantastisk natur.

Kva kan Luster bli bedre på?

Vil oppfordre Luster kommune til å være opptatt av innovasjon og nytenkning, samtidig som man tar vare på det tradisjonelle. At man unngår nedbygging av dyrka mark og tar vare på enkeltmenneskene.

Familien Støa/Rindal



Vi er ein familie på fire: Eirik (45 år), Bente (37 år), Elisa (11 år) og Sigrid (7 år), som flytta frå Røyken kommune til Nes i august i år saman med våre to hundar Lucky og Prins. Vi er glade i natur, hage, dyr og det enkle friluftslivet og både Eirik og Bente har utdanning og jobb innan naturvitskap.

Bente arbeidar no som forvaltar for Jostedalbreen nasjonalpark, med kontor plass på rådhuset i Gaupne, Eirik er tilsett ved naturhistorisk museum i Oslo og har heimekontor på Nes i eit år, medan Elisa og Sigrid går i høvesvis sjette og andre klasse på Gaupne skule.

Vi kom til Luster fordi Bente fekk tilbod om eit engasjement for eit år, som forvaltar i Jostedalbreen nasjonalpark. Heile familien var einige om at eit år i Luster ville bli spanande, både med tanke på jobben til Bente, alle naturopplevingane ein kan få i området og nye vener og

opplevingar for barna.

Det beste med å bu i Luster er utan tvil naturen. Det er utruleg mange flotte turmoglegheiter i området der ein kan velje mellom turar i fjellet, på bre, i skog og på fjorden.

Vi er også godt fornøgd med skulen og tykkjer det er flott med symjeundervisning for alle og gratis tilbod om leksehjelp.

Barna tykkjer det er kjempeflott med så mange husdyr i nabolaget. På Nes er det både sauer, griser, kyr og hestar.

Dessutan er lustringane generelt koselege folk!

Kva kan Luster bli betre på?

Vi saknar betre tilrettelegging for sykkel, slik at også barna kan komme seg trygt rundt på sykkel. Frå Nes kjem vi oss ingen stader med sykkel då det ikkje er gang- og sykkelveg korkje ut eller inn fjorden.

Det hadde også vore fint med ein hundepark i nærleiken, då det er bandtvang store deler av året.



Landsstyret i USS og sekretariatet framfor Nigardsbreen.

USS samla i Luster

Landsstyret i Utmarkskommunenes Sammenslutning (USS) hadde høstsamling i Luster 29.-31.august 2018. Det ble uforglemmelige dager med en fantastisk ramme av flott vær, storslått natur og det enestående vertskapet vi møtte både på Walaker Hotell og andre steder vi besøkte! Leiaren i USS, Hanne Alstrup Velure, fortel begeistra om USS og samlinga i Luster.

USS er en partipolitisk nøytral interesseorganisasjon med 91 medlemskommuner fra 15 fylker, og omfatter i areal ca. 40% av Norges fastland. Organisasjonen ble stiftet i 1996 og har gjennom mer enn 20 års virke jobbet for å ivareta utmarkskommunenes interesser og styrking av rett til å råde over lokale naturressurser. Landsstyret består av en representant fra hvert av de 15 fylker som har medlemskommuner samt leder som velges av landsmøtet. I inneværende valgperiode er ordfører i Luster, Ivar Kvalen, landsstyrerepresentant for Sogn og Fjordane. Advokatfirmaet Lund & Co. i Oslo er sekretariat.

USS tar ikke standpunkt for eller imot vern – men arbeider for å trygge og styrke kommunenes råderett og rett til å skape verdier basert på lokale naturressurser. Den lokaldemokratiske dimensjon innbefatter nettopp at ulike lokale behov respekteres og at forvaltningen skal skje nærmest berørte lokalsamfunn, naturligvis innenfor ansvarlige rammer.

På landsstyremøtet i USS var aktuelle saker behandlet – blant annet innen rovdyrforvaltning, ny handlingsplan for friluftslivet i lys av kommunenes interesser og regionale planer for hytteutbygging, lokal forvaltning av motorisert ferdsel i utmark og NOU-en Ny fjellov.



Arbeidsplassen



Ny stillingsannonse

Legg inn en stillingsannonse som vil vises på nav.no



Søk etter kandidater

Søk etter kandidater til jobben og lag dine kandidatister

LOGG INN

«Arbeidsplassen» – startside for arbeidsgjevarar

Startsida for ny stillingsregistrering og kandidatsøk har fått namnet “Arbeidsplassen”. Arbeidstenester til arbeidsgjevarar vil samlast under dette namnet. Du kan koma til Arbeidsplassen gjennom menyvalet på nav.no, eller gjennom denne nettadressa: <https://arbeidsplassen.nav.no/>. Vegvisar for inkludering: <https://tjenester.nav.no/veiviserarbeidsgiver/samleside>

NAV-kontora inviterer til jobbmesse

Nav-kontora i Indre Sogn inviterer til jobbmesse 16. Januar 2019 på Villakssenteret i Lærdal.

Alle bedrifter på jakt etter arbeidskraft eller som har eit venta rekrutteringsbehov er velkomne

Om du allereie no ønskjer å melde deg på, eller har spørsmål kring rekruttering, ta kontakt med din lokale marknadskontakt;

Nav Luster:

May Iren Lund og Alf Ove Reime. (95901504)

Nav.luster@nav.no

NAV Luster takkar alle arbeidsgjevarar for godt samarbeid i samband med rekruttering og praksisplassar i 2018. Vonar me kan halda fram slik.



NAV tilbyr gratis nettkurs

No kan alle som vil delta på gratis nettkurs, såkalte webinar, innen arbeidsmiljø, sjukefråvær, livsfasepolitikk og rekruttering. NAV tilbyr mange ulike webinar til leiarar, tillitsvalde, verneombod og tilsette. Ulike tema for webinarane er arbeidsmiljø, førebyggje og redusere sjukefråvær, rekruttere og inkludere og senior og livsfasearbeid. Webinar er nettbaserte kurs, opne for deltaking frå heile landet. Føregår på bestemte oppsette tidspunkt. Du deltek via datamaskin, nettbrett eller smarttelefon. Ein rådgjevar held ein presentasjon som tek inntil 30 minutt. Det er mogeleg å stille spørsmål undervegs via chat-funksjon og e-post. Du melder deg på webinar via www.nav.no/kurswebinar. I forkant av webinar får du ein e-post med informasjon om korleis du loggar deg på. Kople deg på i god tid før webinar startar, slik at du får sjekke at det tekniske fungerer. Brannmur hjå verksemda di kan føre til at du ikkje får kople deg opp frå datamaskin. Som regel kan du delta på webinar om du har tilgang til Youtube.

Her er fem grunnar til at du/de bør prøve ut webinar.

1. De får mykje kunnskap enkelt og effektivt
 2. De sparar tid og ressursar
 3. Fleire i organisasjonen kan delta
 4. De kan få meir ut av rådgjevaren
 5. Det kan bli bedre arbeidsmiljø og ei bedre verksemd
- Kjelde: www.idebanken.org

Vaksenopplæringa til Mol



Hakima på skogsstien i starten av turløypa.

Tysdag 4. september var elevar og lærarar ved Luster Vaksenopplæring på tur til Molden. Formålet med turen var å bli betre kjend med kvarandre, vise elevane ein tilgjengeleg tur og ha det moro saman. Naturen, skodda og etter kvart utsikta fanga raskt merksemda til elevane, og samtlege fekk seg ei kjempefin oppleving denne dagen. Her er utdrag frå nokre av elevane si oppleving:

Tammam

Eg tykkjer at Molden er eit majestetisk fjell på grunn av den flotte utsikta og den fine naturen.

Molden er 1116 meter høgt. Skuleadministrasjonen hadde bestemt at vi skulle til fjells, til Molden, den fjerde september 2018. Lærarane ga oss beskjed om å ta med mat, vatn og varme klede. Dei som organiserte alt var Linda, som er sjefen vår på skulen, og Rune og Aashild som er lærarane våre. Eg henta med meg høgtalarane mine for å høyre på høg musikk til å oppmuntre oss for å gå til topps. Først tok vi bussen kl. 9, og den køyrde oss til Indre Hafslo. Bussen sleppte oss av på Krossen. Deretter gjekk vi på stien som fører til topps. Under fjellturen såg vi herlege



Tammam er godt fornøgd. - Eigentleg var det veldig godt for psykisk og fysisk helse.

den



Letu gjekk sin fyrste fjelltur nokon sinne. Imponerande.

utsikter, kjempemange tre, gras, blomster, soppar og den grønne fargen var overalt. Eigentleg var det veldig godt for psykisk og fysisk helse. Etterpå trong vi å ta ein pause på ein plass som heiter Svarthiller. Der slappa vi av, drakk vatn, åt noko mat og tok nokre bilete av oss. Så heldt vi fram til topps. Då vi var på toppen av Molden kjente eg meg at eg er i Paradiset. På toppen sat vi og slappa av, åt mykje mat og vi tok mange fine bilde av oss og naturen. Faktisk var dette den beste utsikta som vi hadde sett i heile vårt liv.

Letu

I september 4, 2018 gjekk me til Molden fjell tur saman med alle elevane og 3 lærarar frå vakse-
nopplæringa. Først tok me ein drosje frå skulen til Krossen på Indre Hafslo. Ein av turgruppene gjekk fort med Linda.

Me gjekk på ein liten sti til venstre i skogen med ein av våre lærarar som heiter Rune. Rune var veldig snill på vegen og han venta på oss og gjekk med oss. På vegen til Molden i skogen



Gjengen på toppen: - Faktisk var dette den beste utsikta som vi hadde sett i heile vårt liv.

plukket og åt me søte blåbær. Også tok me nokre bilde og nokre videoar av turgruppene og den fine naturen, skogen, skodda og fjellet.

Etterpå gjekk me opp på Molden, noen stadar er veldig bratt og noen steder er litt bratt. For meg var det min førstedag på fjell tur og eg hadde ikkje på meg turklede. Så det var litt vanskelig å gå fort, også eg følte meg nede da me kom tilbake. På vegen til Molden møtte me nokre turistar som gjekk tilbake frå fjelltur. Halvveges tok me en pause i 10 minutt. Redwan og Nawar song ein irakisk song på vegen til fjellet.

Til slutt gjekk me på toppen av Molden. Me tok mange gruppebilde saman med alle elevar og lærarar. Så sat og åt me lunsj på fjell toppen. Det var veldig fin utsikt frå toppen. Fjorden var fantastisk.

Det tok ca. 6 timar tur retur og me var heime omtrent klokka 15.00. Det var ein kjempefin tur.

Selam og Hakima

To lærarar og sjefen for norskop-

plæring gjekk på tur til Molden. Først tok vi buss frå Gaupne til Krossen på Indre Hafslo. Så gjekk me omtrent 2 timar. Men nokre av oss gjekk fort og nokre av oss gjekk sakte. Nokon kunne også ikkje gå fordi dei hadde vondt. Nokre var slitne og trøytte, men me hjalp kvarandre. Me åt mykje blåbær på vegen, og me tok mange flotte bilete. Etter ein halv time tok me pause ca. ti minutt. I ti minuttar åt og drakk vi litt, så gjekk vi saman til toppen. På toppen var det veldig bra luft og kjempefin utsikt. Vi tok mange bilete saman. Vi såg mange turistar på veien og dei helste på oss. Til slutt sat vi på toppen og drakk og åt. Me snakka om turen, natur og utsikt med kvarandre. Etter ein halv time gjekk me ned att til Krossen. Nokre av oss tok buss, men nokre av oss køyrte bil til Hafslo og Solvorn. Det var ein veldig hyggelig dag.

Tusen takk for denne fantastiske dagen alle saman.

Status Luster Idrettspark

Etter ein lang planleggingssperiode vart det i sommar endeleg oppstart av byggearbeidet på Luster Idrettspark i Gaupne. Den planlagde utbygginga omfattar kunstgrasbane med undervarme og flomlys, løpebaner og hoppanlegg i kunststoff, treningsanlegg fotball, trearbane fotball og kasteanlegg.

Byggherre er IL Bjørn, som her informerer om status. Totalleverandør er Unisport Saltex. For å ivareta byggherre sine interesser er Norconsult innleigd som byggherreombod. Prosjektleiaren for IL Bjørn er Bjørn Tore Årøy.

Anlegget er rekna å koste om lag 19 millionar. Av dette er det rekna 4,6 millionar i spelemidlar og 5,2 millionar i tilskot frå Luster kommune. Idrettslaget må difor stilla opp med minst 8,2 millionar i eigenkapital. Det er eit stort løft for eit idrettslag som IL Bjørn med sine knappe 800 medlemmar og 3 millionar i årleg omsetnad.

Men takka vere ein framoverlent kommune og Luster Sparebank som veit å bidra til lokalmiljøet, fekk idrettslaget på plass finansiering og endelege idrettsfunksjonelle godkjenningar slik at byggearbeidet kunne setjast i gang i 2018.

Byggestart var i kontrakten avtala til 2. mai. Men rett før spaden vart sett i jorda fekk idrettslaget førespurnad frå kommunen om å utsetja byggearbeidet og gjera ei ny vurdering på plasseringa av kasteanlegget. Planen var å plassere denne på Bruflat treningsfelt.

Det vart gjort fleire vurderingar av ny plassering av kasteanlegget saman med Unisport og kommunen. Til slutt vart det avgjort at den beste og rimelegaste løysinga var å fylla opp og leggja til rette området mellom tribunevollen og elva like ved stadion. Dette medfører at idrettsanlegget no vert samla på eitt område. Arbeidet med utgreiing av kasteanlegget gjorde at byggearbeidet måtte utsetjast nesten to månader til slutten av juni rett før fellesferien.



Biletet syner området som er under utbygging. Området bak bana mellom tribuna og elva skal jamnast til og brukast til kasteanlegg.

Sjølve anleggsarbeidet vart fullført i byrjinga av september, men diverre var vêret og temperaturane lite eigna til å leggja varmekablane og kunstgraset, samt dekket til løpebana. Støypinga av løpedekket krev tørt vêr og jamt over 13 grader. Kunstgras kan leggst dersom temperaturane er over fem grader, men det er ikkje ynskjeleg å leggja graset før løpebana er støypt/sprøytt.

Etter ei samla vurdering av Unisport og deira underleverandørar valde dei difor å utsetja ferdigstillinga av løpedekket og kunstgraset til våren. Alt materiell og utstyr som trengs er lagra på staden og er no klargjort til vinterlagring.



Frå anleggsperioden. Halvsirkelen i midten av biletet får kunstgras og blir dedikert som treningsfelt for fotball.



Platecover. Foto og design Ole Martin Volle.

Folk Flest har gitt ut plate

I februar 2018 var gruppa Folk Flest i studio i Lærdal for å spele inn plate med Peter Lundell og Tom Karlsrud som teknikarar.

Konsertar med plateslepp

I oktober vart plata lansert under konsertane i Øvre Årdal, Skjolden og Sogndal kulturhus. Det var fulle

hus under konsertane og dei fleste av billettane var utselde lenge på førehand. Både plata og konsertane vart godt mottekne og bandet har fått svært mange flotte tilbakemeldingar i etterkant.

Julegåvetips!

Cd plata kan kjøpast lokalt hjå:


Coop-Skjolden, Joker-Luster, Bestaos Beste-Gaupne, Yx-Hafslo og Mix-kiosken i Sogndal. Den kan og kjøpast/bestillast hjå: Platekompaniet, CDON m.fl.

Folk Flest ynskjer å takke det lokale næringslivet for støtte i høve plateinnspelinga og konsertane!



God stemning på premierekonsert i Årdal i oktober.

Returadresse:
Luster kommune,
Rådhusvegen 1
N-6868 Gaupne
Noreg/Norway



Kan me nå deg med varsling?

Du er sjølv ansvarleg for å vere registrert med rett kontaktinformasjon for å motta melding om hendingar. Dette gjeld t.d. viss du har eigedom, men ikkje sjølv bur der det blir varsla om hending.

Når blir systemet brukt?

Luster kommune nyttar varslingssystemet Varsling24 for å melde om vasstenging, stengte vegar, evakuering og andre hendingar som krev rask informasjon.

Kan me nå deg?

Det finst to ulike register du kan velje å registrere deg i for at me skal nå deg. (Her kan du òg kontrollere om du allereie er registrert). www.norge.no/oppdater-kontaktinformasjon I dette felles nasjonale kontaktregisteret rår me deg til å leggje inn både mobiltelefon og e-postadresse då mange førespurnader frå det offentlege vil skje her i framtida. Dette på lik linje med sjølvmelding/skattemelding som du kjenner frå tidlegare.

www.varslemeg.no som er eit tilleggsregister nyttar du om du ønskjer å motta varsel for ei adresse som du ikkje er registrert med bustadadresse på.

Bedrifter

Bedrifter må registrere nøkkelpersonar ved å gå inn på www.varslemeg.no Du kan registrere så mange nummer du vil per adresse.



LUSTRAnytt

Nr. 2 - 2018

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen avslutta 15. november 2018.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget
v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.
Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse: Luster kommune, Lustranytt, Rådhusvegen 1, 6868 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidedfoto: *Ordførar Ivar Kvalen overrekker Kongens fortjenestemedalje til Bjørg Hovland i Dale kyrkje 25. juli i år. Foto: Heidi Fossnes/Magasinet BUNAD.*

Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 48 10 21 20
(Veg/vatn/kloakk).
NAV Luster Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110
Vakthavande brannbefal Mob.: 41 65 94 40
Politi/Lensmann Tlf. 112
Ambulanse Tlf. 113

